



UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

AORG350
MASTEROPPGÅVE

VÅR 2020

**Korleis innramma FrP og SV temaet
innvandring?**

Ei kvalitativt og kvantitativt retta studie av innramming i
partiprogram, Stortinget og i media

Hanna Handeland

Samandrag

Denne oppgåva tek sikte på å kasta lys over korleis FrP og SV innramma temaet innvandring. Problemstillinga for oppgåva er: *Korleis innramma FrP og SV temaet innvandring?* I tillegg til den overordna problemstillinga, skal oppgåva forsøkjja å svara på seks forskingsspørsmål: Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring med bakgrunn i partiprogramma frå tidsperioden 2009 – 2013, 2013 – 2017 og 2017 - 2021? Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i Stortinget i tidsperioden frå 2009 - 2019? Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i media i tidsperioden frå 2009 - 2019? Kva er skilnadar og likskapar i korleis desse to partia nyttar innramming i media og Stortinget, samanlikna med deira partiprogram? Kva er skilnadane og likskapane generelt mellom FrP og SV? Korleis kan me forklara desse skilnadane og likskapane? Oppgåva skal ved hjelp av teori kring innramming, teori om kommunikativ og koordinerande diskurs, teori om skiljelinjer, samt teori om ansvarleggjering forsøkjja å svara på problemstillinga saman med ei kvalitativ og ei kvantitativ tilnærming. Datagrunnlaget til oppgåva er partiprogramma til FrP og SV frå 2009 – 2021, stortingsreferat frå 2009 – 2019, samt mediefråsegn frå 2009 – 2019. Analysen syner at det er skilnadar i korleis FrP og SV innramma temaet i dei tre ulike kanalane partiprogram, Stortinget og i media, og at FrP og SV legg vekt på ulike aspekt når dei innramma temaet innvandring.

Føreord

Å skulle skriva ei masteroppgåva har vore både lærerikt, interessant, litt skummelt og vanskeleg. Det har vore ein tidskrevjande prosess med mykje arbeid. Fyrst og fremst vil eg takka Martina Vukasovic for å ha vore ein enormt god rettleiar i tiden før mammapermisjon, samt ein god støttespelar gjennom heile prosessen. Eg er deg evig takksam for alt du har gjort frå eg byrja med faget kunnskap, politikk og organisering, til eg for alvor byrja med masteroppgåva. Eg vil også takka Svein Michelsen, som har vore min rettleiar store delar av masteroppgåva, for dei mange gode samtalanane og diskusjonane me har hatt.

Takk til gjengen på Sofie Lindstrøms hus for eit godt studiemiljø, og ikkje minst takk til alle som har vore ein del av forskargruppa KPO ved instituttet for dei mange gode tilbakemeldingar gjennom prosessen. Ein ekstra stor takk til Kjetil Børhaug som også har vore ein god støttespelar gjennom prosessen, samt min gode medstudent Silje Risa Helgesen for gode samtalar på lesesalen og korrekturlesing.

Eg vonar lesaren får ei kjekk oppleving med å lesa denne oppgåva, og finn temaet like interessant som meg.

Innholdsliste

1. Innleiing	7
1.1. Norsk innvandringshistorie.....	7 - 8
1.2. Historiske linjer for FrP og SV.....	8 - 10
1.3. Problemstilling.....	10 - 12
2. Forskningsfelt	12
2.1. Tidlegare forskning på området.....	13 - 15
2.2. Kva mi forskning kan bidra med.....	15 - 16
3. Teori	16 - 17
3.1. Rammeverket innramming.....	17 - 18
3.1.1. Effektar ved innramming.....	18 - 20
3.2. Kommunikativ og koordinerande diskurs.....	20 - 22
3.3. Teori om skiljelinjer.....	22 - 25
3.4. Teori om ansvarleggjering.....	25 - 26
3.5. Oppsummering.....	26 - 27
4. Forskningsdesign	27 - 30
4.1. Val av data.....	30 - 32
4.1.1. Datagrunnlag 1: Partiprogram.....	32 - 33
4.1.2. Datagrunnlag 2: Stortingsreferat	33 - 35
4.1.3. Datagrunnlag 3: Media.....	35 - 38
4.2. Val av metode.....	38 - 39
4.2.1. Innhaldsanalyse.....	39 - 41
4.2.2. Kvalitativ innhaldsanalyse.....	41 - 42
4.2.3. Kvantitativ innhaldsanalyse.....	42 - 46

4.3. Bruken av teori saman med det metodologiske.....	46 - 47
4.4. Reliabilitet og validitet.....	47 - 51
5. Empiriske funn.....	51
5.1. Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i partiprogramma i tidsperioden 2009 – 2021?.....	51 - 56
5.2. Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i Stortinget i tidsperioden 2009 – 2019?.....	56 - 67
5.3. Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i media i tidsperioden 2009 – 2019?.....	67 - 73
6. Drøfting av funn.....	73
6.1. Innramming i partiprogram.....	73 - 76
6.2. Innramming i Stortinget.....	76 - 79
6.3. Innramming i media.....	79 - 81
6.4. Kva er skilnadar og likskapar i korleis desse to partia nyttar innramming i media og Stortinget samanlikna med deira partiprogram?.....	81 - 85
6.5. Kva er skilnadar og likskapar generelt mellom FrP og SV?.....	85 - 87
6.6. Korleis kan me forklara desse skilnadane og likskapane?.....	87 - 93
6.7. Oppsummering.....	93 - 96
7. Avslutning.....	96 - 97
8. Litteraturlista.....	98 - 108
9. Vedlegg.....	109
9.1. Ordbok.....	109 - 110

Liste over tabellar

Tabell 1: Tal på stortingsreferat for FrP og SV.....	34
Tabell 2: Datamateriale, media FrP.....	36
Tabell 3: Datamateriale, media SV.....	37
Tabell 4: Resultat analyse, FrP 2009 – 2019, tal i prosent.....	68
Tabell 5: Resultat analyse, SV 2009 – 2019, tal i prosent.....	68
Tabell 6: Resultat analyse, FrP og SV 2009 – 2019, tal i prosent.....	69
Tabell 7: Rangering av kategoriane for FrP og SV, 2009 – 2019.....	70
Tabell 8: Resultat analyse, mest vektlagde aspekt for FrP og SV i 2009 – 2019, tal i prosent.....	71
Tabell 9: Tal på ord i datamaterialet nytta i analyse, FrP og SV.....	72

Korleis innramma FrP og SV temaet innvandring?

1. Innleiing

Norsk innvandringspolitikk er eit stort stridstema blant dei politiske partia på Stortinget, og då kanskje særleg mellom ytterpunktta på den politiske skalaen. Denne masteroppgåva tek sikte på å få innsikt i korleis to politiske parti, Framstegspartiet (FrP) og Sosialistisk Venstreparti (SV), innramma temaet om innvandring. Oppgåva er delt opp i ulike delar, der det fyrst vert presentert eit historisk bakteppe for politikkområdet, for dei to partia FrP og SV, og ei presentasjon av problemstillinga for oppgåva. I kapitel to tek oppgåva føre seg tidlegare forskning kring innvandring opp mot FrP og SV, før det teoretiske rammeverket som oppgåva kviler på vert presentert i kapitel tre. Her vert det presentert fire ulike teoriar som alle skal vera til hjelp for å kunna svara på problemstillinga og dei underliggjande forskingsspørsmåla. Kapittel fire går over på kva som er forskingsdesignet til oppgåva, og kva metodiske val som er gjort for å kunna svara på problemstillinga. Kapittel fem syner kva empiriske funn som er gjort i partiprogramma, stortingsreferata og i media, medan kapittel seks koplar desse funna opp mot teori for å slik kunna svara på problemstillinga og dei ulike forskingsspørsmåla. Avslutningsvis vil oppgåva forsøkjå å løfta fram dei viktigaste funna som er gjort i denne studien.

1.1. Norsk innvandringshistorie

Norsk innvandringspolitikk etter andre verdskrig vert gjerne delt inn i fire ulike fasar. Frå 1960 til 1975 var Noreg avhengig av utanlandsk arbeidskraft, då ein sjølv ikkje klarde å dekkja behovet internt. Det blei difor i denne perioden ført ein liberal innvandringspolitikk (Bø, 2004, s. 24). Frå 1975 til 1985 var det framleis mange søknadar om arbeids- og opphaldstillating, men i 1975 vart det lagt fram eit forslag i Stortinget om innvandringsstopp. Vedtaket skjedde då Noreg framleis hadde eit stort behov for utanlandsk arbeidskraft, og vedtaket om innvandringsstopp vart sett på som ei utestenging av arbeidstakarar frå den tredje verda, medan arbeidstakarar frå vestlege land i liten grad vart råka av dette vedtaket (Bø, 2004, s. 27 – 28). I perioden 1985 til 1995 skjedde det ei markant auking i talet på asylsøkjjarar (Bø, 2004, s. 36), og i år 2000 vart det registrert 10 000 nye asylsøkjjarar i Noreg (Bø, 2004, s. 38). Den siste fasen omhandlar europeiseringa av visum og asylopolitikken, og

opprettinga av Schengen (Bø, 2004, s. 38). I 1970 var det om lag 60 000 personar med innvandringsbakgrunn i Noreg, der 6 prosent av dei hadde sin bakgrunn frå ikkje vestlege land. I 1997 auka talet for personar med innvandrarbakgrunn til over 230 000, der 50 prosent var av ikkje vestleg bakgrunn (Thorud, 1998, s. 221).

Det var altså på 1970 talet at den norske innvandrings situasjonen byrja å endra seg, og at innvandring vart sett på dagsorden i norsk politikk. Noreg var komen i utakt med fleire land i Europa som hadde hatt omfattande arbeidsinnvandring i ein lenger periode, men som byrja å stramma inn på 70-talet. Norsk økonomi gjekk godt, og behovet for arbeidskraft var aukande grunna oljeverksemda. Eit argument for innstramming gjekk difor på at fleire ikkje ynskja å leggja seg på ei anna politisk linje enn resten av Europa. Eit anna argument for innstramming kom frå venstresida, som hevda at dei sosiale forholda for arbeidarar som kom utanfrå var dårlege, til og med i Noreg. Det vart difor foreslått ein stopp i tilgangen til arbeidsløyva som ei løysing på problemet, eit forslag som fekk brei politisk oppslutnad. Det kom difor ei forskrift om førebels innvandringsstopp i 1975 (Thorud, 1998, s. 225). I dag er talet på innvandrarar, som inkludera born som er født her og har to innvandrarforeldre, rundt 17 prosent av den totale befolkninga. Dei siste åra har det vore ein tendens til at innvandringa har gått ned, men den ligg framleis på eit høgt nivå. I fylgje SSB vil truleg innvandring utgjera om lag 1/3 av befolkninga i Noreg i år 2060 (Statistisk Sentral Byrå, 2019). I 2015 opplevde Europa ei stor flyktningkrise, der det kom nærare ein million flyktningar og migrantar til Europa, og over 30 000 personar søkte om asyl i Noreg (Vaksdal, 2015).

1.2. Historiske linjer for FrP og SV

FrP vart skipa i 1973 som Anders Langes Parti til sterk nedsetting av skattar, avgifter og offentlege inngrep. I 1977 skifta partiet namn til Framstegspartiet, og Carl I. Hagen tok over som partileiar. Etter stortingsvalet i 1981 har FrP alltid vore representert på Stortinget. FrP markerte tidleg at innvandring var ei kjernesak for partiet, då Hagen under valkampen for kommune- og fylkestingsvalet i 1987 tok opp Mustafa – brevet, eit brev som greia ut om korleis muslimar i Noreg skulle forandra Noreg til ein muslimsk stat. Brevet skal ha vorte sendt til Hagen av ein innvandrar av muslimsk opphav, og Hagen tok i bruk dette for å understreka kor store manglar og kor stort problem det er med norsk innvandringspolitikk. Brevet synte seg derimot å ikkje vera ekte, noko som førte til at Hagen og FrP fekk stor

kritikk i media for korleis dei hadde omtalt saka. Likevel reagerte veljarane til FrP positivt på Mustafa – brevet, noko som førte til at FrP fekk auka oppslutnad ved valet. (Norsk senter for forskningsdata, u.å).

Mellom 1990 – og 2000 – talet var FrP prega av indre strid, og ved skifte av partileiar til Siv Jensen, har uroa som har prega innsida av FrP stilna i auka grad. Partiet har gått frå å vera eit nyetablert parti, til eit parti som har etablert seg som eit av dei største politiske partia i Noreg. Politisk skil FrP seg frå parti som SV ved at dei er eit parti som har eit ynskje om å redusera staten sin funksjon i samfunnet, og at den minst mogleg skal blanda seg i samfunnslivet og heller gje plass til private ordningar. Som det opphavlege partinamnet stadfestar er det eit parti som ynskjer seg reduisering av skattar og avgifter, samt minimalt med innblanding frå staten. FrP har vorte skildra som å dels vera inspirert av den økonomiske liberalismen, og dels til å vera eit populistisk parti (Norsk senter for forskningsdata, u.å).

SV på si side stammar frå Sosialistisk Folkeparti som vart skipa i 1961. Sosialistisk Folkeparti vart skipa som ei utbrytargruppe frå Arbeidarpartiet, fordi dei ikkje var samde i utanriks- og forsvarspolitikken, og då særleg i spørsmålet kring NATO og atomvåpen. Etter folkerøystinga om EF i 1972 gjekk Sosialistisk Folkeparti og Noregs Kommunistiske Parti til val som Sosialistisk Valforbund, som i 1975 vart til Sosialistisk Venstreparti. Delar av Noregs Kommunistiske Parti ynskja å gå vidare som eige parti, medan Sosialistisk Folkeparti vart lagt ned til fordel for SV (Norsk senter for forskningsdata, u.å).

SV er eit parti som arbeidar for å gjera Noreg til eit sosialistisk samfunn. På 1979 talet var hovudsakene til partiet klassekamp og tradisjonell sosialisme, medan utover 1980 – og 1990 – talet kom stadig fleire saker på dagsorden for partiet. Saker som likestilling, miljø, skule og utdanning var saker som SV engasjerte seg sterkt i og adopterte som sine hjertesaker. Korleis dei har gjort det valmessigt har variert i stor grad. Partiet fekk eit historisk gjennombrot i 2001 då dei fekk sitt beste valresultat nokon sinne på 12.5 prosent. Etter valet i 2005 gjekk partiet i regjering saman med Arbeidarpartiet og Senterpartiet, som førte til at partiet for fyrste gong var med i ei regjering. Regjeringa med AP, SP og SV varde heilt fram til 2013, og regjeringsdeltakinga til SV kan seiast å vera eit symbol på korleis partiet gjekk frå å vera eit

revolusjonært og radikalt parti til å bli eit meir etablert sosialistparti (Norsk senter for forskningsdata, u.å).

Innvandring kan seiast å vera eit omstridt tema, som vert debattert sterkt på begge sider av norsk politikk. På bakgrunn av at FrP er eit liberalistisk parti med fotfeste på høgresida av norsk politikk, og at SV er eit sosialistisk parti med feste på venstresida, er det grunnlag for å tru at desse to partia vil vera lite samde om korleis norsk innvandringspolitikk bør vera. Slik kan FrP og SV syna seg å vera to parti som er interessante å sjå på, nettopp fordi dei ligg på kvar si side av norsk politikk, og slik vert ideologisk ulike. Eit medieoppslag frå 2018 syner også at det var nettopp desse to partia som posta mest kring temaet innvandring og integrering på Facebook i perioden mellom august 2015 til august 2016 (Skjeseth, 2018).

Det at FrP og SV er dei to partia som postar mest om innvandring under flyktningkrisa, samt at dei ligg på kvar si ytterfløy av norsk politikk, syner kvifor desse to partia er interessante å sjå på. Medieoppslaget frå 2018 er med på å gje eit bilete av at dette saksområdet kan syna seg å vera særleg viktig for desse to partia, noko som gjev grunnlag for å tru at dei rettar mykje av si merksemd til dette området. Det er også eit grunnlag for å velja nettopp FrP og SV fordi dei er stifta på same tidsperiode og slik har eksistert like lenge i det politiske landskapet. Sjølv om SV har synt seg å ha opphav i SF, er det likevel eit nytt parti med innslag frå andre parti som vart stifta. FrP er også det partiet som har flest veljarar som er skeptiske til innvandrarar, medan SV har flest som er positive. Om lag 70 prosent av FrP sine veljarar er skeptiske, medan om lag 70 prosent av SV sine veljarar er positive (Institutt for samfunnsforskning, 2018). Av FrP sin veljarmasse, har også 70 prosent hevda at innvandring er den saken som er mest viktig for dei, medan hjå SV sin veljarmasse er det berre 19 prosent som hevdar at innvandring er den viktigaste saken (Strand, 2017). Såleis er dette med på å framheva at innvandring er eit viktig saksfelt for begge partia sine veljarar, og det kan difor vera interessant og viktig å sjå på korleis akkurat desse to partia innramma temaet.

1.3. Problemstilling

Temaet innvandring er valt fordi det er eit høgst dagsaktuelt og mykje debattert område på tvers av partiskalaen. Ei overordna problemstilling for oppgåva vert såleis korleis politiske

parti innramma komplekse og høgt debatterte politiske problem, som i dette høve vert innvandring. Eg er interessert i å sjå på innramming, fordi dette kan sei mykje om korleis eit parti legg fram sine meiningar kring eit problem. Med feste i den overordna problemstillinga, er det naudsynt å gå meir i djupna og gjera ei operasjonalisering for å finna ut meir eksplisitt kva områder av temaet eg er interessert i å studera, noko oppgåva vil koma attende til i kapitel fire om forskingsdesign. Då eg er interessert i å sjå på innramming opp mot politiske parti og innvandring, vert temaet slik avgrensa til å omhandla innramming, FrP og SV. Kapittel 1.2. har synt kvifor akkurat FrP og SV kan vera tenlege parti til denne studien, og hovudproblemstillinga for studien vert difor:

Korleis innramma FrP og SV temaet innvandring?

På bakgrunn av denne problemstillinga har oppgåva laga seg nokre forskingsspørsmål for å kunna svara på problemstillinga:

- 1) Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring med bakgrunn i partiprogramma frå tidsperioden 2009 – 2013, 2013 – 2017 og 2017 - 2021?
- 2) Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i Stortinget i tidsperioden frå 2009 - 2019?
- 3) Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i media i tidsperioden frå 2009 - 2019?
- 4) Kva er skilnadar og likskapar i korleis desse to partia nyttar innramming i media og Stortinget, samanlikna med deira partiprogram?
- 5) Kva er skilnadane og likskapane generelt mellom FrP og SV?
- 6) Korleis kan me forklara desse skilnadane og likskapane?

Det er utarbeida seks forskingsspørsmål for å kunna svara på oppgåva si overordna problemstilling. Forskingsspørsmål er spørsmål som er utvikla for å tilnærma og rettleia designet til studien (White, 2017, s. 55). White har på bakgrunn av De Vaus skissert at det finst to kategoriar for forskingsspørsmål, skildrande og forklarande forskingsspørsmål. Dei skildrande spørsmåla er «kva» spørsmål, medan forklarande spørsmål er «kvifor» spørsmål (White, 2017, s. 57). Det er viktig å ta omsyn til formålet til spørsmåla, samt forholdet

mellom dei ulike forskingsspørsmåla. I fylgje Denscombe, skissert av White, kan ein dela spørsmål inn i seks typar etter kva føremål dei har. Dei kan då delast inn i å enten føresjå eit utfall eller laga føreseiingar, forklara ein årsak eller ein konsekvens, kritisera eller evaluera, å styrka eller utvikla god praksis, eller å skildra (White, 2017, s. 59). Forskingsspørsmåla som er utarbeida i denne studien er både skildrande og forklarande. Dei fyrste fem forskningsspørsmåla er skildrande, medan det siste tek sikte på å forklara. Forskingsspørsmåla i dette designet samsvara med Denscombe sine typar som går på skildring, evaluering og forklaring. Forskingsspørsmål ein til fem skal skildra korleis aspekt ved innvandring FrP og SV framhev, og om det er nokon skilnadar og likskapar mellom desse to partia. Det siste forskningsspørsmålet rommar både evaluering og forklaring, dette fordi at ein må ha med seg svara på dei fem fyrste forskningsspørsmåla for å kunna svara på det, men det rommar også forklaring, då det nyttar teori for å kunna forklara kva som er eventuelle skilnadar og likskapar mellom desse to partia.

2. Forskingfelt

I denne delen av oppgåva vert tidlegare forskning på området presentert, og kva mi forskning kan bidra med til feltet. Innvandring er eit komplekst og høgt debattert tema som rommar mykje. Det er difor naturleg at fleire samfunnsforskarar har forska på dette temaet, og sett på dei ulike aspekta som finst ved det. Eit søk på scholar.google.com, syner at det er 594 resultat på søkeordet «innvandring frp og sv», 9100 resultat på søkeordet «innvandring», 1180 resultat på søkeordet «frp og innvandring», og 1970 resultat på søkeordet «sv og innvandring». Søkeordet «framing av norsk innvandringspolitikk» har 234 resultat, medan «framing innvandring» har 1410 resultat. Det som er mest nærliggande å sjå på er FrP og innvandring, SV og innvandring, samt innramming av innvandring. Forskinga kring innvandring veks, noko som gjer at det som vert relevant for denne oppgåva er innramming knytt til innvandring. Det er difor ikkje lagt vekt på alt av forskning som omhandlar innvandring generelt, men særleg forskning der innvandring er knytt opp til FrP eller SV, noko som gjer at nokre oppgåver vert meir relevante å sjå på enn andre. I det vidare vert det skissert ein litteraturgjennomgang av oppgåver som er av relevans for denne studien.

2.1. Tidlegare forskning på området

Gunnar Bergseth har blant anna skrive ei oppgåva om endringar i norsk innvandringsdebatt mellom 2011 og 2013 i lys av normativ teori. Studien går ikkje i djupna på korleis dei ulike partia snakkar om innvandring, men forfattaren diskutera «tilgangsspørsmålet». Studien til Bergseth har kvilt på liberalistiske/universalistiske teoriar og kommunitaristiske/partikularistiske teoriar. Studien har i likskap med min studie samanlikna partiprogram, men har teke føre seg alle partia, og knyt det opp mot dei ulike teoriene (Bergseth, 2014, s. 85 – 86).

Eline Baalsrud Lundh har også teke føre seg innvandringsdebatten, og gjort ei kvantitativ innhaldsanalyse av innvandringsdebatten på tv i 2003 og i 2013. Ho undersøker i si oppgåve om norske parti nyttar seg av ein populistisk kommunikasjonsstil i innvandringsdebatten. Lundh har gjort ei kvantitativ innhaldsanalyse der ho har sett på politikarfråsegn i NRK, Dagsrevyen og TV2 nyhendene i 2003 og 2013, der ho har funne at det berre er Framstegspartiet som utøv det ho kallar for «tjukk populisme», men at dei syner ein tendens til å bli mindre populistiske i 2013 (Lundh, 2014, s. 3). Farid Latifi har også skrive ei masteroppgåve der han har forsøkt å dokumentera eventuelle samanhengar mellom partipreferansar og haldningar til innvandring og innvandrarak. Farid hevdar på bakgrunn av dette at partipreferansar har ei signifikant effekt på haldningar til innvandring og innvandrarak. Studien synar også at respondentane som har partitilhøyrse hjå Sosialistisk Venstreparti og Venstre er dei som er minst skeptiske til innvandring og innvandrarak, medan Framstegspartiet sine veljarar er dei som er mest skeptiske mot innvandring og innvandrarak (Latifi, 2018, s 3).

Ei oppgåve av Runar Strand Thorbjørnsen har teke føre seg innramming opp mot politiske aktørar. Thorbjørnsen si masteroppgåve tek føre seg korleis norske politiske aktørar kommunisera om innvandring på Facebook. Oppgåva har sett på korleis kommunikasjonsrammer som førar til høgast grad av interaksjon, og om kommunikasjonsrammene endrar seg over tid, særleg med omsyn til flyktningkrisa. Studien har gått breiare til verks enn det min studie har gjort, og har teke føre seg partia SV, AP, Høgre og FrP. Thorbjørnsen konkludera med at FrP sine negative vinklingar utløyser høgast grad av interaksjon, samt at FrP dominera heile diskursen på Facebook, medan Høgre og AP

synar meir likskap enn skilnad (Thorbjørnsen, 2018, s. 3). Thorbjørnsen sitt bidrag har nytta seg av ei metodetriangulering, der han nytta ei kvalitativ tilnærming fyrst for å koda Facebook innlegg og laga ei kodebok, for så å nytta kodeboka til ei kvantitativ analyse av desse Facebook innlegga (Thorbjørnsen, 2018, s. 25).

Også innafor psykologi har Kelly Førland skrive ei masteroppgåva som omhandlar norske media, innrammingseffektar og haldningar mot innvandrara. Studien til Førland ser på om det er ein mogleg samanheng mellom negativ representasjon av innvandrara i norske media og haldningar til innvandrara. Ho undersøker også om det er potensiale for negative innramma overskrifter som kan teikna ei negativ haldning til innvandrara (Førland, 2017, s. 4). Førland har nytta seg av ei kvantitativ tilnærming for studien, for å undersøka priming og innramming, og kva rolle dei spelar i å påverka ei meir negativ haldning mot innvandrara (Førland, 2017, s. 41).

Marte Gjerde har også nytta teori om innramming i si oppgåve, der ho analysera høyringsnotat, høyringsfråsegn og partia sine svar på høyringane frå regjeringane i Noreg og Sverige. Oppgåva tek føre seg problemstillinga om kvifor Noreg og Sverige innførte lovendring i rett til familieföreining, og den har forsøkt å svara på korleis aktørane argumenterte i sine fråsegn om kvifor dei var for eller mot lovendringsforslaga. For å svara på oppgåva nyttar Gjerde innramming som teoretisk perspektiv, samt politisk strategi for å analysera lovendringsprosessane i Noreg og Sverige (Gjerde, 2018, s. 5). Metodisk nyttar Gjerde ei kvalitativt retta casestudie, der ho analysera eit lite tal av einingar (Gjerde, 2018, s. 13), samt ei argumentasjonsanalyse av høyringsnotata, høyringsfråsegna og partia sine fråsegn (Gjerde, 2018, s. 18).

Til slutt har Jørgen Mehammer gjort eit forskingsarbeid der han analysera bruken av innramming i norske papiraviser si dekning av innvandring under den europeiske migrasjonskrisa i 2015. Mehammer nyttar då ei innhaldsanalyse av artiklar som omhandlar innvandring i tre norske aviser, i to periodar som går over fire veker. Mehammer har funne ut at media i stor grad har presentert innvandring som ein politisk konflikt mellom partia, men at partia på si side har føretrekt å presentera sin politikk kring innvandring som det ansvarlege

alternativet (Mehammer, 2018, s. 3). Mehammer nyttar seg av ei kvantitativ form for innhaldsanalyse av Aftenposten, Dagsavisen og VG (Mehammer, 2018, s. 14).

2.2. Kva mi forskning kan bidra med

Gjennomgangen av tidlegare forskning på området har synt at innvandring er eit stort forskingsområde, særleg knytt opp mot ulike politiske parti og kva dei meiner om temaet. Forskinga verkar til å ofte omhandla haldningar til innvandring, eller kor vidt debatten har endra seg, og i så fall i kva retning den har endra seg. Min studie vil vera eit bidrag som kan syna seg å samsvara med bidraga som er skissert i kapittel 2.1. Studien vil samsvara med Førland, Gjerde og Mehammer sine bidrag, der alle nyttar teori om innramming som grunnlag, samt at Gjerde sitt bidrag har analysert høyringar og høyringsfråsegn, og Mehammer har analysert artiklar i media. Det er som synt fleire som har valt å nytta teori om innramming, analyse av partiprogram, analyse av innvandringsdebatten på tv og i media, på sosiale media, samt i Stortinget. Desse oppgåvene har derimot ikkje samanlikna partiprogram, media og Storting i ei og same oppgåve, heller ei valt berre to parti, og tidsperioden har synt seg å vera når det har skjedd noko som til dømes migrasjonskrisa. Her vil studien min skilja seg ut og vera eit bidrag.

Hovudbidraget til denne oppgåva vil vera å skildra og å analysera innramminga kring innvandring mellom FrP og SV. Fleire studiar har allereie fokusert på innramming og innvandring opp mot partia som synt i kapittel 2, men få studiar har gjeve merksemd berre til to ytterkantparti. Denne studia skil seg slik frå desse studiane ved at den har valt å avgrensa seg til berre to parti, FrP og SV, samt at den nyttar fleire former for data ved å sjå på både Stortinget, media og partiprogram. Føremålet med studien er å sjå kva ulike aspekt ved innvandringspolitikken som desse to partia framhev og ikkje framhev. Studien kan med hjelp av rammeverket innramming vera eit bidrag til å sjå kva aspekt SV og FrP framhev når det gjeld innvandring. Eit større spørsmål for oppgåva kan liggja i korleis politiske parti snakkar om eit slikt komplekst politisk tema generelt. Dette er noko av det som gjer innvandring til eit interessant tema å sjå på, det er eit politisk heitt stridstema, men også eit komplekst område men få klare svar. Hovudbidraget til studien vert difor å skildra korleis FrP og SV innramma temaet innvandring i sine partiprogram, i stortingsdebattar og i media gjennom tidsperioden 2009 – 2019, samt å forklara eventuelle skilnader og likskapar som eksistera i innramminga til

desse to. Dette kan vera viktig å forska på nettopp fordi innvandring er eit kompleks tema, og fordi korleis ein innramma spørsmålet kring innvandring kan ha mykje å sei for korleis veljarar vel å sjå på partiet. Dette kan vera viktig å forska på fordi det kan vera interessant å sjå om det er slik at dei to politiske partia snakkar ulikt i dei tre ulike kanalane, partiprogram, media og Storting, som vil vera med på synleggjera om det er skilnader eller likskapar mellom partia i dei ulike arenaene.

3. Teori

For å kunna svara på forskingsspørsmåla, må det utviklast indikatorarar og skildrast eit teoretisk rammeverk. Oppgåva vil på grunnlag av problemstillinga kvila i hovudsak på innrammingsteori, og då med feste i bidrag frå Chong & Druckman (2007) og Entman (2006). Viven Schmidt (2008) skildrar også noko som vert kalla for kommunikativ og koordinerande diskurs, som kan vera med på å forklara korleis aktørar FrP og SV er i form av kven dei søker å snakka til. Teori om skillelinje og ansvarleggjering kan vera med på å svara på og forklara funna som er gjort i oppgåva. Det teoretiske grunnlaget vert nytta for å kopla datamaterialet saman. I denne teoridelen vert det gjort eit skilje mellom diskursen innramming, koordinerande og kommunikativ diskurs, samt teori om ansvarleggjering og teori om skillelinje. Innramming og koordinerande og kommunikativ diskurs vert i denne oppgåva sett på som er ei form for rammeverk. I fylgje Schlager spelar rammeverk ei kritisk rolle i å samla kunnskap, og den knyt spørsmål og rettar merksemda for analysen til kritiske eigenskapar ved det sosiale og fysiske landskapet. Rammeverk organisera spørsmål, men dei kan ikkje åleine gje forklaringar eller føreseiingar om åtferd og utfall, då forklaringar og føreseiingar kviler på teoriar eller modellar (Schlager, 2007, s. 293). Rammeverk må spesifisera kven som motivera handling eller endring, medan teoriar fortel historier om kvifor aktørar handlar og kva effekt desse handlingane kan ha (Schlager, 2007, s. 312).

Rammeverket innramming og den koordinerande og kommunikative diskursen vil vera med på å skildra, og kan vera med på å svara på kva som skjer, men ikkje kvifor det skjer. Difor er det naudsynt med teorien om ansvarleggjering og skillelinjeteorien, som vil vera med på å kunna forklara det siste forskingsspørsmålet, korleis me kan forklara eventuelle skilnader og likskapar. Såleis vert forskingsspørsmål ein til fem skildrande spørsmål, medan forskingsspørsmål seks vert eit forklarande spørsmål. Teorien om innramming vil slik kunna nyttast for å svara på forskingsspørsmål ein til fem, medan Schmidt sine diskursar kan vera

særleg tenlege for forskingsspørsmål ein til fire. Teori om skiljelinjer og ansvarleggjering vil kunna nyttast for å svara på forskingsspørsmål seks.

3.1. Rammeverket innramming

Det engelske omgrepet framing referera til ein prosess der ein framhev visse aspekt ved eit problem, samtidig som ein ikkje framhev andre. Eg har i denne oppgåva valt å nytta det norske omgrepet innramming heller enn det engelske omgrepet framing. Denne oppgåva har valt å nytta definisjonen til Chong og Druckman (2007), samt framheva Entman (2006) sine fire element innanfor innramming. Oppgåva har valt innramming som eit forklaringsperspektiv, då det kan vera med på å avdekka ulike aspekt ved innvandringspolitikken. Innrammingsperspektivet kan vera med på syna kva aspekt ved innvandring som vert løfta fram av FrP og SV, og kva aspekt som ikkje vert løfta fram. Entman sine fire funksjonar ved innramming kan vera tenlege for å sjå om dei vert framheva i fråsegnene til FrP og SV.

Innramming kviler på at eit problem vert sett frå ulike perspektiv, samt at det kan tolkast som å ha ein innverknad for ulike omsyn eller verdjar. Individua i samfunnet kan ofte ha mindre førestillingar kring fleire områder for politikk, og har difor ofte ikkje utvikla seg ei vurdering som vert kalla for åtferd. Chong og Druckman har innanfor innramming skissert ein forventningsverdimodell for individ sin åtferd mot eit objekt. Modellen går ut på kva som er det ideelle konseptet for åtferd, og er eit samandrag av meiningar eit individ kan ha kring eit tema (Chong & Druckman, 2007, s. 104 – 105). I fylgje Entman kan innramming også definerast som ein prosess der få element frå ei truverdig røynd vert valt ut, slik at ein kan setja i saman ei historie. Denne historia skal syna ein samanheng, slik at individ kan gjera ei tolking (Entman, 2006, s. 164).

I bidraget til Chong og Druckman vert det også gjort eit skilje mellom innramming og det engelske omgrepet «priming». Iyengar og Kinder definera *priming* som dei endringane som skjer i standardar som innbyggjarane nyttar for å kunna gjera evalueringar politisk. Til dømes kan me som innbyggjarar bli utsett for fleire ulike og fleire nye historier når det gjeld innvandringspolitikken, og våre overordna evalueringar vil då tuftast på korleis dei ulike

partia har handtert problemet (Chong & Druckman, 2007, s. 114 – 115). Også Entman skil mellom innramming og *priming*, og hevdar at gjennom *priming* kan ei innramming enten endra eller skapa innbyggjarane sine preferansar og tolkingar. Dersom det som er viktig ved visse idear vert introdusert, vil det i fylgje Entman oppmoda innbyggjarane til å kjenna etter, tenkja og avgjera eit problem på ein bestemt måte (Entman, 2006, s. 164). Til slutt skissera Chong og Druckman skiljet som Nelson og Oxley gjer mellom innramming og overtyding. Ei overtyding kan skje dersom ein klarar å modifisera eit individ sine haldningar til eit tema gjennom kommunikasjon (Chong & Druckman, 2007, s. 115).

I fylgje Entman vil også fult utvikla innrammingar typisk få fire ulike funksjonar. Desse kan enten vera å definera eit problem, gjera ein årsaksanalyse eller ei moralsk vurdering, eller å gje forslag til ei løysing (Entman, 2006, s. 164). Omgrepet strategisk innramming vert løfta fram som noko som skjer i agendasettingsfasen, der problemet fyrst må definerast, og det må definerast slik at det er vert merksemda til både regjeringa og det offentlege. Agendasetting kan sjåast på som å suksessfullt utføra den fyrste funksjonen til innramming, altså å definera problem som fangar merksemda. Deretter vert det naudsynt å syna kva årsaka til problemet kan vera, for så å oppmoda til moralsk dømmekraft og promotera favorisert politikk. Desse tre former for krav hevdar Entman er hovudoppgåva til strategisk innramming. På bakgrunn av dette vert difor *priming* den ynskja effekten og målet til strategiske aktørar sine innrammingsaktivitetar (Entman, 2006, 2. 164 – 165). Entman sine funksjonar skal vera til hjelp for kunna sjå om FrP og SV nyttar desse funksjonane likt, eller om dei legg vekt på ulike funksjonar. Til dømes kan funksjonane til Entman kartleggja om det eine partiet nyttar meir moralske vurderingar i si framheving av innvandring, medan det andre nyttar problemdefinerings og forslag til løysing. Vil innhaldet syna seg å vera det same? Desse fire funksjonane kan vera med på å kasta lys over kor vidt FrP og SV definerer problemet på same måte.

3.1.1. Effektar ved innramming

Innanfor innramming finst det også noko som vert kalla for innrammingseffektar. Slike effektar kan skje når endringar i presentasjonen av eit problem eller ei hending kan produsera endringar i oppfatning. Endringane i presentasjonen kan ofte vera små, medan endringane i oppfatninga ofte kan vera store (Chong & Druckman, 2007, s. 104). Ein tenkjemåte kan ha ei

stor innverknad på generell oppfatning, og difor ynskjer ofte politikarar å henta veljarar til sitt parti. Dette forsøker dei å få til ved å oppmoda veljarane til å tenkja på eit politikkområde langs bestemte linjer. Dei politiske partia kan oppnå dette ved å syna bestemte eigenskapar ved deira politikk, som til dømes trulege effektar ved politikken eller forhold til verdiar (Chong & Druckman, 2007, s. 106).

Andre former for innrammingseffekt er når media, politikarar, eller anna form for elite, kommunisera slik at det har ei innverknad på haldningane innbyggjarane har til eit politikkområde (Chong & Druckman, 2007, s. 109). Med feste i Sniderman og Theriault har Chong og Druckman skissert at innbyggjarane kan bli utsett for fleire ulike former for konkurrerande innrammingar, altså dei vert ikkje utsett for berre ei form for innramming av eit problem. Det vert då hevda at dersom innbyggjarane mottek ulike syn på eit problem, kjem dei til å velja det som vil samsvara mest deira prinsipp og verdiar. Chong og Druckman har slik skissert at alle sider av politikken kan ved kreativ bruk av innramming få til alternative heimeposisjonar for veljarane. Både venstre og høgresida kan få veljarar frå motsett side ved at dei nyttar ei form for innramming som appellera til veljarane på den sida. Fleire veljarar har ideologi og ei sterk partitilhøyrse, og vil difor ikkje skifta side uansett kva type innramming dei vert utsett for, men dei aller fleste vert utsett for konkurrerande former for innramming (Chong & Druckman, 2007, s. 112 – 114). Druckman gjer også eit skilje mellom probleminnrammingseffektar og likeverdsinnrammingseffektar. Probleminnramming vert skissert som ei innramming av eit problem, medan likeverdseffektar vil skje når logisk like, men ulike, frasar vert årsaka til at eit individ vel å endra sin preferanse. Dette skjer ofte ved at dei ulike sidene legg fram same informasjon, men i eit positivt eller negativt lys. I fylgje Druckman kjem dette til å enda med at innbyggjarane vil fokusera på eit spesifikt forhold (Chong & Druckman, 2007, s. 114).

I fylgje de Vreese ligg potensialet til innrammingskonseptet i fokuset på kommunikasjons prosessen, der kommunikasjon ikkje er statisk, men ein dynamisk prosess som inneheld korleis innramming kjem til syne (frame-building) og samspelet mellom media rammer (frames) og publikum sine tendensar (frame-setting). Entman har skissert at innramming har fleire komponentar, som inkludera den som kommunisera, teksten i seg sjølv, mottakaren og til slutt kulturen. Desse komponentane er heilskaplege ved ein innrammingsprosess som

inneheld ulike stadium, altså rammebygging (frame-building), rammeomgjevnadar (frame-setting), samt individuelle og samfunnsmessige nivå av konsekvensar for innramming (de Vreese, 2005, s. 51 – 52). Denne oppgåva vil ikkje gå meir inn på de Vreese si skildring av framing, då *frame-building* omhandlar aspekt ved journalistar og korleis dei rammar inn eit problem. Denne oppgåva har valt å sjå på korleis dei to aktørane FrP og SV rammar inn temaet, og har difor valt å ikkje gå nærare inn på media som aktør.

Teorien om innramming vil vera til hjelp for å svara på oppgåva sine fem fyrste forskingsspørsmål. Innrammingsteorien vil i denne oppgåva særleg vera til hjelp med å sjå kva aspekt som FrP og SV legg vekt på når dei snakkar om innvandring. Det vil vera særleg interessant i analysen å sjå kor vidt Entman sine fire funksjonar vert framheva. Som nemnt kan desse funksjonane nyttast for å finna ut kor vidt dei gjer moralske vurderingar når det er snakk om innvandring, eller om dei heller nyttar problemdefinering og forslag til løysingar. Forskingsspørsmåla legg avgrensingar på oppgåva, og det vert difor ikkje høve til å sjå på, dersom partia innramma spørsmålet ulikt, kva effektar dette eventuelt kan ha. Men effektar kan vera ei mogleg forklaring på kvifor dei ynskjer å gjera ei form for innramming i det heile.

3.2. Kommunikativ og koordinerande diskurs

Eit anna forklaringsperspektiv som kan vera tenleg for oppgåva, er skiljet Schmidt (2008) gjer mellom den kommunikative og den koordinerande diskursen. For å kunna forklara kva type aktør FrP og SV er, kan desse to diskursane vera nyttige.

Vivien Schmidt har skissert ein diskurs som ein interaktiv prosess der idear vert overført, og idear er det materielle innhaldet i diskursen. Det er ein prosess som enten er ein kommunikativ diskurs mellom det offentlege og politiske aktørar, eller ein koordinerande diskurs mellom politiske aktørar (Schmidt, 2008, s. 303). I fylgje Schmidt har politikk, politiske program og filosofiar ein tendens til å innehalda to typar idear, idear som noko kognitivt og idear som noko normativt. Kognitive idear kastar lys over spørsmål om kva som er og kva ein bør gjera (what is and what to do), medan normative idear indikera kva som er rett eller gale, og kva ein må gjera i lys av dette (what one ought to do). Kognitive idear kan også kallast for årsaksidear, og gjev retningslinjer for utforming av politikk. Desse

årsaksideane kan fungera som å legitimera politikk og politikkprogram ved å snakka om kva som er naudsynt, samt deira interessebaserte logikk. Kognitive idear rettar seg mot korleis politikk gjev løysingar til problem, korleis programma definerer problemet som skal løysast og identifiserer korleis ein skal løysa dei. Normative idear vil kunna legitimera handling med referanse til kor naudsynte desse ideane er, samt gjennom deira moralske aspekt. Normative idear på si side knyt verdiar opp til politiske handlingar, og ynskjer å fungera som legitimerande ovanfor politikken i eit program gjennom referanse til deira relevans. Normative idear rettar seg mot korleis politikk møter ynskjer og ideal hjå innbyggjarane og korleis program så vel som politikk speglar ei djupare kjerne av prinsipp og normer for det offentlege liv (Schmidt, 2008, s. 306 - 307). Skiljet som Schmidt gjer mellom kognitive og normative idear kan vera med på synleggjera kor vidt politiske argument som kjem fram i debatten mellom FrP og SV byggjer på kva som er naudsynt å gjera, eller om dei byggjer på moralske verdiar og standpunkt.

Ein diskurs går ikkje berre ut på kva som vert sagt, men inneheld også kvifor ein seier det, korleis ein seier det, til kven ein seier det til, og kvar i prosessen av utforming av politikk det skjer, samt politisk kommunikasjon i den offentlege sfære. Den kommunikative diskursen inneheld grupper og individ som involverer seg i drøfting, presentasjon og legitimering av dei politiske ideane i den offentlege sfæren. Den koordinerande diskursen på si side inneheld grupper og individ i sentrum av politisk utforming i den politiske sfæren. Desse er involvert i å oppretta, utbreia og grunngje programidear og politikk. Desse vert då dei politiske aktørane, og dei prøver å koordinera semje mellom kvarandre på bakgrunn av dei politiske ideane (Schmidt, 2008, s. 310). Den kommunikative skil seg frå den koordinerande ved at dei politiske ideane i den koordinerande ikkje kjem ut til det offentlege, men held seg til nære debattar som ikkje er ope for offentleg innsyn. Dette kan vera fordi dei til dømes ikkje er godkjende, som progressive innvandringsreformer (Schmidt, 2008, s. 311). Ein diskurs er også tenleg for å utveksla idear gjennom ein prosess som er interaktiv. Her koordinera ein mellom programutforming og politikk, samt den kommunikasjonen som skjer mellom det offentlege og politiske aktørar i presentasjon, legitimering og drøfting av ideane (Schmidt, 2008, s. 321 – 322). Schmidt har slik gjeve oss verktøy for analyse, og då dei er verktøy, vil det truleg vera slik at ingen arenaer passar fullstendig inn, men kan henta element frå begge diskursane. Oppgåva vil difor forsøkja å sjå ut i frå indikatorane partiprogram, Storting og media, kvar partia vill plassera seg langs den koordinerande og kommunikative diskursen.

Diskursane kan hjelpe til med å syna om FrP og SV søker å snakka til det offentlege, altså om dei handlar i samsvar med den kommunikative diskursen, eller om dei søker å snakka med kvarandre og slik handlar etter den koordinerande diskursen. Her vil også ulike data kunna hjelpe, ved at data som oppgåva finn, kan syna kva type diskurs partia handlar etter. Til dømes vil data frå partiprogramma kunna samsvara med den koordinerande diskursen fordi det der kan vera ein debatt mellom ulike politikarar i partiet om kva som skal stå i partiprogramma, der dette ikkje er opent for innsyn for det offentlege før partiprogrammet vert publisert. På den andre sida kan data som omhandlar media fråsegn, syna seg å samsvara med den kommunikative diskursen, då partia i hovudsak via fråsegn i media ynskjer at det offentlege skal få greia på kva partia står for. Schmidt sin diskurs vil vera tenleg for å vera med å svara på forskingsspørsmål ein til fire.

3.3. Teori om skiljelinjer

Innanfor det statsvitskaplege feltet vert omgrepet politiske skiljelinjer nytta for å forklara variasjonar i oppslutnad kring enkelte parti, der ein blant anna har nytta ulike termar som konfliktlinje, skiljelinje og kløft, samt «cleavage» på engelsk (Aardal, 1994, s. 218). Denne oppgåva har valt å nytta seg av omgrepet skiljelinjer. Skiljelinjetilnærminga er tufta på ideen om at visse sosioøkonomiske problem eksistera i eit samfunn, og at det har ei innverknad på politiske val ved å skapa varige divisjonar mellom sosiale grupper, noko som skapar ulike oppfatningar kring desse problema og korleis ein skal løysa dei. Ei slik skiljelinjetilnærming vert ofte kalla for sosiale skiljelinjer, og er viktige for politiske val i eit land, då dei vert teken opp av politiske parti som kjem med politiske forslag etter kva problem som dei ser på som mest viktig. Knill og Tosun har på bakgrunn av Lipset og Rokkan skissert at det eksistera fire hovudskiljelinjer innanfor sosiale skiljelinjer. Knill og Tosun har også skissert på bakgrunn av Caramani at det finst to moderne skiljelinjer, noko som tyder at det i dag er seks sosiale skiljelinjer. Desse seks skiljelinjene er sentrum – periferi, stat – kyrkja, landleg – urban, arbeidrarar – tilsette, materialistar – post-materialistar, og open – lukka samfunn (Knill & Tosun, 2012, s. 73 – 74). Noko av hovudpoenget med å etablere slike skiljelinjer er at desse skal fungera som eit verktøy for å kunna forstå politisk åtferd og preferanse over tid, altså varige konflikter. Skiljelinjene er viktige for at ein skal kunna klara å skilja mellom kortvarige og situasjonstinga konfliktspørsmål på den eine sida, og ideologiske motsetningar som er meir

permanente på den andre sida. Dei ideologiske motsetningane vert då skiljelinjer (Aardal, 1994, s. 229 – 230).

Aardal har på bakgrunn av Bartolini og Mair skissert at omgrepet skiljelinje omfattar tre ulike element, som er eit normativt, eit organisatorisk og eit empirisk element. Desse elementa utgjer ulike konstituerande aspekt ved kvar skiljelinje. Det normative elementet framhev at ei politisk skiljelinje føreset at det er ein kollektiv identitet med oppfatningar og verdiar som syner at det er ei tilhøyrse innanfor gruppa. Det organisatoriske aspektet vert også kalla for eit åtferdsmessig aspekt, og ser føre seg at det er eit sosioøkonomisk grunnlag for ei skiljelinja i seg sjølv som ikkje treng noko form for organisering. Interessene som ligg til grunn for skiljelinja får då eit institusjonelt uttrykk når parti eller organisasjonar vert etablert. Det organisatoriske aspektet ved skiljelinjene er viktig fordi skiljelinjene vil over tid utvikla eit autonomt forhold til det kulturelle, politiske og økonomiske liv, noko som vil sei at det vil vera vanskelegare for nye skiljelinjer og parti å etablere seg på eit seinare tidspunkt fordi dei må konkurrere med allereie etablerte parti som frå før strukturera veljarane sine oppfatningar om kva som er politisk rett og viktig. Institusjonelle rammevilkår kan syna seg å ha ei avgjerande tyding for om ei ny skiljelinje vil få gjennomslag. Det siste elementet, det empiriske, ser på det sosio-økonomiske som eit grunnlag for ei skiljelinja (Aardal, 1994, s. 223 – 224).

I fylgje Aardal vil det også på bakgrunn av Rokkan og Valen sine analysar av norsk politikk syna seg som meir hensiktsmessig å gje kollektiv identitet i form av politisk bevisstgjerung og mobilisering ei større plass som grunnlaget for ei politisk skiljelinja, heller enn at skiljelinja naudsynt må koplast opp mot det sosioøkonomiske. Aardal presisera at det er utviklinga av ein kollektiv identitet, altså ei «me» mot «dei» kjensle, som vil vera ein avgjerande føresetnad for om slike interessemotsetningar kan bli til ein politisk konflikt, og at politiske standpunkt truleg ikkje vil vera stabile over tid dersom det ikkje eksistera eit klårt bilete av kven som er «vener» og kven som er «fiendar». Eit spørsmål vert difor om veljarane i større grad går vekk frå partia til fordel for nye sosiale rørsler og interessegrupper, eller om det veks fram nye skiljelinjer som erstattar dei gamle (Aardal, 1994, s. 227 - 228). På bakgrunn av Caramani kan det hevdast at det har vakse fram nye skiljelinjer, då Caramani har skildra open-lukka samfunnsskiljelinja som globaliseringsskiljelinja, der økonomisk globalisering har laga eit

skilje mellom sektorar som tener på at det er uklåre nasjonale grenser og sektorar som ikkje tener på konkurranse frå nye marknader og billeg arbeidskraft. Den økonomiske forsvars åtferda til «taparane» av globalisering og integrering vert gjerne kjenneteikna av kulturelle, innvandrings og framandfiendtlege fordommar. Dei framhev gjerne religiøse og nasjonale verdiar mot multinasjonale og opne samfunn (Caramani, 2014, s. 221). Før 1970 – åra var dei fleste konfliktane knytt til dei eksisterande skiljelinjene, og det har skjedd ei utvikling som har ført til at det i større grad kjem konfliktsspørsmål som går på tvers av skiljelinjene (Aardal, 1994, s. 228). Dette samsvara med til dømes innvandring, som ikkje var eit konfliktema i det norske samfunnet før 1970 – talet.

Van der Brug og Van Spanje har også, på bakgrunn av Kriesi m.fl., sett på om det er høve for ei utvikling av ei ny skiljelinje i vest-europeiske land, der dei hevdar at den nye skiljelinja kjem frå den strukturelle konflikten mellom vinnarar og taparar av globaliseringa. Som eit resultat frå globalisering vert det ei auke i økonomisk konkurranse grunna opne marknader, og ei auke i kulturell konkurranse grunna innvandring. Taparane vil her vera dei som ser økonomien og verdiane sine truga av sik globalisering, og vil truleg framheva proteksjonistiske tiltak for å verna om nasjonal økonomi og innvandring (Van der Brug & Van Spanje, 2009, s. 309). Fleire studiar har synt at fleire europeiske partisystem har vorte strukturert i stor grad av den tradisjonelle venstre-høgre dimensjonen, som fram til 1990 var den dominante ideologiske dimensjonen i fleire land. I Vest-Europa har venstre-høgre dimensjonen tilpassa seg nye politiske problem slik at partia sine venstre-høgre posisjonar kan oppsummera deira haldningar til eit stort tal av konkrete problem i fleire Europeiske land. Til dømes har fleire miljøaktivistar gradvis vorte assosiert med det politiske venstre (Van der Brug & Van Spanje, 2009, s. 312). Slik kan også innvandring fangast opp hjå den tradisjonelle venstre-høgre dimensjonen, dersom politiske parti tilpassar seg nye politiske problem ut i frå sin venstre-høgre posisjon. Van der Brug og Van Spanje har hevda at dersom ein i hovudsak er oppteken av økonomiske forhold, vil ein røysta for eit venstre-side parti, medan dersom ein er mest oppteken av innvandring, vil ein røysta på eit høgre-side parti. Slik vil veljarane kunna gå frå ei side av det politiske spektrum til den andre, avhengig av plasseringa til ulike typar problem (Van der Brug & Van Spanje, 2009, s. 329). Dette kan samsvara med det Aardal har skissert, då det under Stortingsvalet i 2013 var nettopp SV og FrP som utgjorde motpolane langs innvandringsdimensjonen (Aardal & Bergh, 2015, s. 79).

Skiljelinjetilnærminga vert difor eit viktig bidrag for å kunna forstå korleis ulike partifamiliar har vorte utforma. Dei ulike politiske partia adressera ulike sosiale problem ved å foreslå spesifikke løysingar til dei, som til slutt vert til offentleg politikk. Etersom nasjonale grenser har vorte meir og meir gjennomtrengande, har skiljelinjene open-lukka samfunn vakse fram, som omhandlar om ein er for eller i mot aspekt som globalisering. Nasjonalistiske parti og høgrepopulistiske parti vil vera å finna langs denne skiljelinja (Knill & Tosun, 2012, s. 75). I tillegg til den tradisjonelle venstre-høgre dimensjonen, vil innvandring også mest truleg vera å finna langs open – lukka samfunnsskiljelinja, då nokre vil vera for strengare grenser og streng innvandring, medan andre vil vera meir for opne grenser og meir liberal innvandring. På bakgrunn av Aardal kan det setjast spørsmålsteikn til om innvandring vil vera å finna langs ei skiljelinje, eller om det er eit kortvarig og situasjonstinga konfliktsspørsmål. På bakgrunn av at det er ei ideologisk motsetning mellom partia på området, og at det eksistera eit klårt bilete mellom kven som er «vener» og kven som er «fiendar», vil truleg innvandring vera å finna langs ei skiljelinje. Skiljelinjeteorien kan slik vera med på å svara på det siste forskingsspørsmålet, for å kunna forklara eventuelle skilnader og likskapar som har kome fram i analysen av Frp og SV. Kva argument dei nyttar kan avhenga av kva skiljelinje dei plassera seg innafor. Til dømes vil truleg parti som er for meir opne samfunn løfta fram andre aspekt ved innvandring, enn parti som er for meir lukka samfunn.

3.4. Teori om ansvarleggjering

Ansvarleggjering byggjer på at i eit demokratisk land skal tenestemenn stå ansvarlege ovanfor sine innbyggjarar når det gjeld utvikling og bruk av offentlege fasilitetar og naturlege ressursar (Ostrom, 2007, s. 34). Przeworski, Stokes og Manin skil mellom «accountability» og «responsibility», som på norsk kan bli oversett til ansvarleggjering. *Accountability* vil sei at val vil halda regjeringar ansvarlege for sine tidlegare handlingar og resultat. Politikarane vil sjå føre seg vurderinga til veljarane, og vil slik bli overtalt til å velja politikk som i fylgje deira dømmekraft vil bli positivt evaluert av veljarane ved neste val (Przeworski, Stokes & Manin, 1999, s. 29). Ansvarleggjering vil heilt grunnleggjande sei at ein er ansvarleg for sine handlingar eller åtferd. Ansvarleggjering fokusera på forpliktinga som det offentlege har til folket, for slik å kunna legitimera og forklara deira bruk av offentlege midlar, samt delegering av makt som er gjeve til styresmaktene gjennom den konstitusjonelle prosessen. Ein ansvarleggjeringsplan inneheld fleire forpliktingar frå ein tenestemann til ein annan, og til slutt til folket. Ansvarleggjeringsplanen skal definera kven det er ein må svara til, og planen

kan variera mellom demokrati, men vanlegvis krev den at dei folkevalde må gje folket ei forklaring på kvifor dei ynskjer å regjera (Przeworski mfl., 1999, s.298).

Responsibility referera til makta som vert delegert til regjeringa. Det er makt som vert tildelt og tilrettelagt frå prinsipal til offentlege agentar, slik at dei kan gjera det som dei har kapasitet til å ta styring over, handla på, eller forsyna. Definisjonen av denne forma for ansvarleggjering inneheld ofte mynde og utøving av skjønn. Ein prinsipal kan stola på og lata agenten vera ansvarleg, og prinsipalen har dermed forventingar til at agenten handlar «ansvarleg» ved å syna fram politikk og administrativt initiativ, men også å akseptera *accountability* når initiativet ikkje fungera bra eller vert offentleg mistenkt (Przeworski mfl., 1999, s.299). Samla sett skal *responsibility* foreslå å gje mynde til agentar frå prinsipalar gjennom tildeling av autoritet, ei aksept av ansvaret av autoritet frå agentar, og skjønn til å handla ut i frå denne autoriteten. Det er eit krav at agentane er ansvarlege (*accountable*) ovanfor prinsipalen, og korleis dei handlar ut i frå sitt ansvar (*responsibility*). Å utføra autoritet og plikter indikera samanhengen mellom *accountability* og *responsibility*. Ansvarleggjering har som mål å sikra at agentar tek deira ansvar seriøst, og handlar ansvarleg i samsvar med kva prinsipalen forventar (Przeworski mfl., 1999, s. 300).

Teori om ansvarleggjering kan vera med på å avdekka om FrP og SV framhev andre aspekt når dei sit i opposisjon eller i posisjon. Teorien er tenleg for å svara på forskingsspørsmål seks, korleis å forklara eventuelle skilnadar og likskapar som kjem fram i analysen av desse to partia. Teorien om ansvarleggjering føreset at aktørane handlar «ansvarleg» når dei er i posisjon. Det er også difor oppgåva har valt å avgrensa seg til tidsperiodar når partia var i både posisjon og opposisjon, då det på bakgrunn av dette kan vera truleg at dei snakkar om temaet annleis i posisjon og i opposisjon.

3.5. Oppsummering

Såleis kviler denne studien på fire ulike teoriar som skal vera med på å svara på dei ulike forskingsspørsmåla, og slik den overordna problemstillinga. Teorien om innramming og Schmidt sine diskursar er som nemnt eit rammeverk, og vil difor ikkje kunne hjelpa med meir enn å skildra. Difor er innramming til hjelp for forskingsspørsmål ein til fem, medan

diskursane, samt kognitive og normative idear er til hjelp med forskingsspørsmål ein til fire, då dette er som White har skissert det skildrande spørsmål. Her er ikkje føremålet å forklara noko, men å gje ei skildring av korleis innramminga ser ut i partiprogramma, i stortingsreferata og i media. Innramming vil såleis hjelpa med å synleggjera kva aspekt dei to ulike partia legg vekt på, medan koordinerande og kommunikativ diskurs kan vera til hjelp med å sjå kven dei forsøker å retta seg mot. Kognitive og normative idear kan hjelpa med å sjå om partia legg vekt på kva ein bør gjera eller kva som er naudsynt å gjera, som igjen kan ha ei innverknad for korleis innramminga ser ut. Forskingsspørsmål fire og fem er meint som ei oppsummering av dei viktigaste funna, og slik sjå om det er nokon skilnadar og likskapar i korleis dei innramma i partiprogramma opp mot media og Stortinget, samt om det syner seg å vera nokon skilnadar og likskapar generelt. For å så kunna forklara dei skilnadane eller likskapane i studien, var det naudsynt å finna forklarande teoriar, då forskingsspørsmål seks er som White har skissert eit forklarande spørsmål. Slik vert teorien om skillelinje og ansvarleggjering nyttige teoriar, då dei kan vera med på forklara dei eventuelle skilnadane og likskapane som vert observert. Skillelinjeteorien kan hjelpa med å sjå kva skillelinje innvandring, samt FrP og SV, plassera seg innafor, og slik kan forklara kvifor det er eventuelle skilnadar eller likskapar. Teorien om ansvarleggjering kan vera med å synleggjera om desse skilnadane og likskapane stammar i frå tidsdimensjonen, og om det er innramma annleis frå eit regjeringsparti enn eit posisjonsparti. Slik vert dei fire teoriane kombinert i eit samla rammeverk, som skal vera til hjelp med å svara på dei ulike forskingsspørsmåla og slik hovudproblemstillinga til studien.

4. Forskingsdesign

Føremålet med dette kapitelet er å gjera greie for korleis designet for oppgåva ser ut, og korleis metodiske val som vert gjort for å svara på problemstillinga og dei ulike forskingsspørsmåla. For å kunna svara på problemstillinga og dei ulike forskingsspørsmåla til oppgåva, vil det nyttast innhaldsanalyse som er av både kvantitativ og kvalitativ tilnærming. I det vidare vil oppgåva skissera forskingsdesignet, val av metode og korleis det teoretiske rammeverket passar saman med det metodiske, tilnærming og val av datakonstruksjon, før det til slutt vert gjort ein diskusjon av reliabilitet og validitet.

Eit forskingsdesign kan skisserast som ein plan og ein struktur for gjennomføring av eit prosjekt. Forskingsdesignet for denne oppgåva kan karakteriserast som det Bukve har skissert som eit komparativt design. Eit komparativt design går ut på å studera variasjon ved å samanlikna eit avgrensa tal av casar, samt at eit slikt design ofte kombinerer ulike strategiar. Komparative design nyttar ofte fleire ulike strategiar ved at ein til dømes kan nytta ein strategi for å samanlikna, medan ein annan for å analysere trekk. Det vert også ein fleircasestudie i form av at det er fleire casar, men at formålet ikkje er å finna ut korleis og kvifor dei variera, men heller kva fellestrekk dei har (Bukve, 2016, s. 154). Hovudideen i komparative studiar er å finna ei teoretiske samanlikning mellom to eller fleire casar som er interessant. Tradisjonelt vert gjerne slike studiar nytta for å samanlikna land, men dei kan også nyttast som ei samanlikning av ulike makroeiningar, som i dette høvet vert to ulike parti. Det let seg gjera å nytta kvantitativ forskingsstrategi sjølv om talet på casar er få, dersom analysen vert gjort på undereiningar. Det komparative designet vil koma til syne i skildringa av korleis ein kan forklara skilnader og likskapar (Ringdal, 2013, s. 108 – 109). Det er også sentralt å avdekkja kva kunnskap me ynskjer å utvikla og kva som er målet med prosjektet. Det eksisterer slik ulike former som vil ha ein sentral plass i forskingsprosjektet, og formålet kan på bakgrunn av dette vera teoriutviklande, teoriprøvande, intervensjonsorientert eller teoretisk tolkande. Vidare vert det viktig å avdekkja korleis data vert konstruert for å svara på forskingsspørsmåla (Bukve, 2016, s. 80 – 81). Ved teoriprøvande formål vil ein forsøka å utarbeida teoriar, eller hypotesar, om samanhengar mellom fenomen. Desse vert så testa opp mot data og observasjonar. I teoriutviklande prosjekt vil ein forsøka å finna fram til nye tolkingar kring eit fenomen, og kan vera tenleg når ein til dømes skal sjå på nye fenomen som ikkje er studert i noko særleg grad. Med teoretisk tolkande prosjekt vert føremålet å nytta teoriar og faglege omgrep som ei ramma, slik at ein kan analysere og gje ei mening til det som vert studert. Ved slike føremål skal ein nytta dei teoriane som er mest til hjelp for å tolka og setja data i samanheng. Intervensjonsorienterte formål på si side skil seg meir ut ved at formålet går meir på korleis ein går fram for å løysa ei oppgåve eller gjennomføra ei forandring (Bukve, 2016, s. 86 – 89).

FrP og SV er som nemnt i kapitel 1.2. valt fordi dei har synt seg som to tenlege parti å sjå på ved at dei begge er parti som er på kvar si side av det politiske spektrumet, det var også dei to partia som posta mest om innvandring under flyktningkrisa, dei har eksistert om lag like lenge i det politiske landskapet, samt at gjennomgangen av kapitel 1.2. har synt at 70 prosent av

veljarmassen til FrP er skeptiske til innvandring, medan 70 prosent av SV sine veljarar er positive til innvandring. Dette er fire gode grunnar for å sjå på akkurat FrP og SV, og forskingsdesignet vert difor sirkulert kring desse to partia. For å få til ei samanlikning, er det viktig å ha stadfesta akkurat kva ein skal sjå på. Med mål om å kasta lys over problematikken knytt til korleis FrP og SV innramma temaet innvandring, er det naudsynt å utvikla indikatorar for å kunna svara meir eksplisitt på problemstillinga. Problemstillinga denne oppgåva tek føre seg er ei brei problemstilling som rommar fleire aspekt, og det var difor naudsynt å setja avgrensingar og laga seg nokre forskningsspørsmål i tillegg til problemstillinga. Det har slik vorte utvikla ulike indikatorar på bakgrunn av problemstillinga. Ein tenleg indikator for å kunna svara på problemstillinga, var å laga seg ein tidsdimensjon. Då begge partia har vore i regjering, kan det vera interessant å sjå om innramminga endrar seg frå når dei er i posisjon til når dei er i opposisjon. På grunnlag av dette er ei tenleg tidsramma for problemstillinga ein tidsperiode frå 2009 – 2013 og frå 2013 – dags dato, då dette er ei tidsramme der begge partia har vore i posisjon og opposisjon. Den mest tenlege tidsramma hadde vore frå 2005 då SV fyrst kom i regjering, slik som at 2013 er fyrste gong FrP kom i regjering, men under arbeidet med datainnsamling synte 2005 – 2009 seg å vera eit vanskeleg tidsaspekt å analysera. Dette fordi det for det fyrste stod lite om innvandring i begge partia sine partiprogram i denne perioden, men det var også mindre datamateriale å henta i media. På bakgrunn av dette vart det sett ei avgrensing til 2009. 2019 er med, fordi det er det siste året som er mogleg å analysera, og slik vert det nyaste datamaterialet som er mogleg å analysera.

Tidsramma som er valt gjer det såleis mogleg å samanlikna FrP og SV over tid, både når dei var i posisjon og opposisjon, då SV var i regjering frå 2009 – 2013, og FrP var i regjering frå 2013 – 2019. Slik vil dette designet samsvarar med det Bukve har skissert som eit komparativt design, då det vil nyttast ulike metodar for å analysera og for å samanlikna. Ved å analysera media vil det i denne casen nyttast kvantitativ innhaldsanalyse, som vil vera ei analyse av ein undereining med større datagrunnlag enn Stortinget og partiprogramma, der det vil nyttast ei kvalitativ innhaldsanalyse. Det vert slikt eit design som kombinera ulike strategiar. Designet samsvara også med fleircasestudie, då føremålet med dette designet ikkje er å finna ut kvifor FrP og SV innramma innvandring ulikt, men å sjå om det er nokon likskapar eller skilnadar. Formålet med denne studien vert difor å forstå korleis FrP og SV innramma temaet kring innvandring, medan strategien for datakonstruksjon kviler på ei

kvalitativ og ei kvantitativ innhaldsanalyse av tre dimensjonar, nemleg partiprogram, stortingsreferat og media. Formålet for denne studien vil samsvara med det Bukve har skissert som eit teoretisk tolkande prosjekt, der innramming, kommunikativ og koordinerande diskurs, skiljelinje og ansvarleggjering vert nytta som teori og ramma for analyse, og skal slik vera til hjelp for å tolka data. For å kunna ta eit val kring metode, må det fyrst ligga klårt for forskaren kva type data som skal samlast inn. Oppgåva vil difor i det neste gå inn på kva val som er gjort kring datainnsamling før den går vidare til val av metode.

4.1. Val av data

Data vert vanlegvis sett på som ei representering av observasjonar eller lesingar, men dei er alltid produktet av ein valt prosedyre, og er alltid retta mot bestemte sluttar i innhaldsanalyse. Data resultera frå prosedyren forskaren har valt for å kunna svara på spesifikke spørsmål kring fenomenet til konteksten av ein gjeven tekst. Slik er data konstruert, ikkje funnen, og forskarar må difor greia ut om korleis dei har konstruert sine data (Krippendorff, 2004, s. 81). Casesentrering og variabelsentrering er to grunnleggjande strategiar for datakonstruksjon i eit forskingsprosjekt, som også kan kombinerast i det same forskingsprosjektet. Det er tre ulike måtar denne kombinasjonen kan gjerast på. Det fyrste er blanda design som inneheld triangulering, der ein ser dei same data på same tidspunkt med ulike metodar. Den andre forma er eit komparativt design der ein studera variasjon, og den tredje er eit intervensjonsorientert design der ein kombinera prosess- og effektstudiar (Bukve, 2016, s. 96 – 98).

Ved datakonstruksjonen skil ein mellom eit holistisk og ei reduksjonistisk tilnærming til studieobjektet. Ved å nytta å ei holistisk tilnærming ser ein på fenomenet ein studera heilskapleg i lys av den konteksten som det inngår i, medan i den reduksjonistiske tilnærminga vil studera eit fenomen som summen av fleire komponentar som kan variera. Ved ei holistisk tilnærming vert data etablert som eit forsøk på å få kunnskap om så mange sider som mogleg ved fenomenet, og den reduksjonistiske vil studera korleis endringar av enten komponentar eller variablar kan føra til endringar i andre eigenskapar ved fenomenet. Den holistiske tilnærminga ser altså på heilskapen, og at det er denne heilskapen som vil utgjera noko meir og anna enn summen av delane. Den reduksjonistiske ser derimot på korleis me kan forklara eit system som er samansett ved å redusera det til enkelte komponentar. Dersom

ein nyttar den holistiske tilnærminga vil ein få data som casar, medan det reduksjonistiske vil få data som einingar (Bukve, 2016, s. 93).

For å få til ein datakonstruksjon må det gjerast eit val om strategi, altså å konkretisera kva perspektiv, holistisk eller reduksjonistisk, som vert lagt til grunn for produksjon og konstruksjon av data. Når ein så har funne svaret på det, samt kva som er formålet med studien, vil det også vera lettare å plassera prosjektet i forhold til dei ulike designtypeane. Denne studien kviler på eit holistisk perspektiv, då tilnærminga for datakonstruksjonen er gjort for å få greia på så mange sider som mogleg ved å analysera tre ulike komponentar, partiprogram, Storting og media frå tre ulike tidsdimensjonar. Formålet er også som nemnt teoretisk tolkande, som slik vert det neste steget for designet å avgjera kva slags data ein skal samla inn. Dette vil i stor grad avhenga av kva data som er tilgjengeleg, kva prosjekt ein har, og kva som er praktisk å samla inn (Bukve, 2016, s. 197).

Innanfor tidsramma er det mykje datamateriale, og slik må det også utviklast indikatorar for kva ein spesifikt skal sjå på innafor denne tidsperioden. Då det er snakk om politiske parti, vil partiprogram truleg vera tenleg å sjå på, då dette kan karakterisert som å vera grunnmuren til dei politiske partia. Vidare kan Stortinget også syna seg å vera ein nyttig arena, då det er der politikk i hovudsak vert utforma. Til slutt vil også avisartiklar vera tenlege å sjå på, då det er ein kanal for partia til å promotera politikken sin for eit breitt publikum. Framleis er indikatorane ganske store, så det må lagast fleire avgrensingar. Media rommar mykje, og det er difor naudsynt å avgrensa denne indikatoren ytterlegare. Då tidsperioden er sett, vert det naudsynt å peika seg ut nokre spesifikke aviser. Oppgåva har difor landa på å sjå på tre aviser, Klassekampen, VG og Aftenposten. Dette valet er gjort på bakgrunn av at Klassekampen kan karakteriserast som ei venstresideavis, medan Aftenposten kan seiast å vera meir til høgre. VG er valt som ei politisk nøytral avis. Dette er gjort fordi det kan vera skilnad på kor mykje dei snakkar om innvandring i kvar avis, og då VG er ei politisk nøytral avis er det truleg at denne avisa kjem til å skriva om andre saker, samt gje like mykje plass til alle parti. Det kan vera meir truleg at klassekampen gjev meir rom for at politiske parti på venstresida får skriva om det som opptek dei i høgare grad i denne avisa enn til dømes i VG og Aftenposten, og omvendt for høgresideparti i Aftenposten. Slik vert målet med å velja tre ulike aviser at dei skal romma så breitt som mogleg.

Indikatorane partiprogram, stortingsreferat og medieoppslag er ulike indikatorar som skal hjelpa til med å svara på problemstillinga, der det innafor desse indikatorane igjen er gjort ulike avgrensingar. Såleis er det gjort medvitne val kring datakonstruksjonen, då både tema, tidsperiode og arenaer har vorte utvikla og avgrensa. Temaet innvandring rommar fleire områder, til dømes vert ord som migrasjon, asyl og flyktning nytta når ein snakkar om temaet. Det er difor gjort ei avgrensing i oppgåva ved val av datainnsamling, der det berre vert teke omsyn til ordet «innvandring». Oppgåva kunna til dømes valt å sjå på prosessen kring kva som skal stå i eit partiprogram eller om det var interne konflikter om temaet som hadde spegla partiet sine synspunkt. Oppgåva har derimot gjort eit val på å sjå på dei ferdige partiprogramma, som slik vert ein indikator som peikar i retning av det partiet har vorte samde med seg sjølv om. Partiprogrammet vert slik eit uttrykk for partiet sine synspunkt, medan media og delvis Stortinget vert ein ny arena der enkeltpersonar gjev uttrykk for partiet sine synspunkt i ei anna setting enn partiprogrammet. Ved å kopla desse tre indikatorane saman kan ein finna både likskapar og skilnadar i korleis partia presentera og innramma innvandring. Oppgåva vil i det vidare gå inn på datakonstruksjonen for partiprogramma, stortingsreferata og media.

4.1.1. Datagrunnlag 1: Partiprogram

Partiprogramma kan seiast å fungera som grunnsteinen til dei ulike politiske partia, og er det politiske manifestet som seier noko om kva partiet skal hevda om ei sak. På grunnlag av dette er det difor naturleg å nytta partiprogramma i ein slik analyse for å finna ut korleis FrP og SV innramma temaet kring innvandring. Materialet for datakonstruksjonen vert då partiprogramma frå perioden 2009 – 2013, 2013 – 2017 og frå 2017 – 2021. Partiprogramma er funnen på nettsidene til Norsk senter for forskingsdata (NSD) der det vart søkt etter parti og kryssa av på årstal og valprogram. Det vart gjort eit val av valprogram framfor prinsippprogram, då prinsippprogramma for SV ikkje var tilgjengelege på NSD sine sider. Skilnaden er at i prinsippprogramma kan ein lesa om ideologien og grunnsynet til eit parti, medan valprogrammet vil byggja på ideologien og på grunnsynet frå prinsippprogrammet der ein kan lesa om konkrete saker som partiet ynskjer å prioritera i valperioden (Vårdal, 2017). Det er difor grunnlag for å tru at innhaldet i valprogrammet kan endra seg noko i tidsperiodane som er valt ut. Framgangsmåten for analysen gjekk føre seg ved å lesa dei

kapitela som omhandla innvandring for å sjå kva aspekt FrP og SV legg vekt på. Såleis er det gjort ei avgrensing der det vert fokusert på det som står under kapitla om innvandring i partiprogramma, og slik ikkje teke omsyn til at temaet innvandring kan koma att i andre kapitel i partiprogramma. Det er slik gjort ei ekskludering då det ikkje er teke omsyn til anna informasjon i partiprogrammet enn den som er av relevant informasjon for oppgåva.

Partiprogramma har vorte analysert ved hjelp av ei kvalitativ innhaldsanalyse, men det kan også hevdast at det er kvantitative element i analysen. Partiprogrammet kan sjåast på to ulike måtar, kvalitativt ved å lesa innhaldet, men også kvantitativt, ved å sjå kor stor plass innvandring har fått i partiprogramma opp mot andre tema som til dømes helse eller utdanning. Ved å sjå på det kvantitative aspektet ved partiprogrammet, samt å nytta tidsdimensjonen, vert det høve til å sjå om det har vorte meir avgjerande og viktig for partia over tid. Mengde med plass eit tema får i partiprogrammet, samt om det er eit eige kapitel eller ikkje, vil sei noko om kor viktig dette temaet er for partiet. Dette kan også sjåast på som ei forsøk på innramming frå partia, då jo større plass eit tema får, jo sterkare signal vil det senda til veljarane. Det kan også sjåast i samanheng med dei politiske skiljelinjene, då innvandring har kome som ei konfliktlinje, og partiprogramma kan vera med på å illustrera om denne konfliktlinja har vorte større innafor den tidsperioden oppgåva tek føre seg. Dersom det syner seg at partia nyttar meir plass på innvandring frå tidsperiode til tidsperiode, med eigne kapitler, eigne overskrifter og meir innhald, vil det vera sentrale indikatorar på at det har vorte viktigare for partia.

4.1.2. Datagrunnlag 2: Stortingsreferat

Stortinget er staden der partia har høve til å få utløp for sin politikk, noko som gjer at også det vert ein naturleg kanal for analyse. Materialet for datakonstruksjonen her vert då stortingsreferat frå perioden 2009 - 2019. For å finna fram til datamaterialet, vart nettsidene til Stortinget nytta ved å nytta funksjonen sok.stortinget.no. Inne på denne sida nytta eg søkeorda «frp innvandring» og «sv innvandring», og kryssa av på årstal. Søket vart filtra til at innhaldstypen omhandla berre «Publikasjoner Referater», altså referat frå Stortinget. Deretter vart alle referat som omhandla FrP og innvandring, samt SV og innvandring, lasta ned. Tabell ein syner ei oversikt over kor mange referat som var tilgjengelege med søkeorda på Stortinget sine nettsider.

Årstal	FrP	SV	Totalt
2009	5	2	7
2010	4	2	6
2011	9	4	13
2012	3	5	8
2013	9	4	13
2014	2	3	5
2015	2	1	3
2016	3	6	9
2017	4	1	5
2018	2	6	8
2019	1	1	2
Totalt	44	35	79

Kjelde: sok.stortinget.no

Tabell 1: Tal på Stortingsreferat for FrP og SV.

Framgangsmåten for analysen gjekk føre seg ved å lesa desse dokumenta, der fråsegn frå andre parti vart kryssa ut, og at det slik berre vart lest kva representantar frå desse to partia sa. Slik er det også her gjort ei ekskludering av det som ikkje er relevant informasjon. Også her vert det gjort ei avgrensing, der søkeordet har omhandla innvandring, og ikkje andre ord som til dømes migrasjon eller asyl. I Stortinget er også debattane styrt, noko som vil sei at det vert vanskeleg å måla det kvantitativt kor mykje plass partia nyttar på temaet, slik som i partiprogrammet. Som tabell ein syner, er det varierende kor mykje partia snakkar om innvandring frå år til år, men det vert i hovudsak styrt av alle parti kva saker som kjem på dagsorden. I partiprogramma og i media kan partia sjølv i hovudsak avgjera kor mykje dei ynskjer å snakka om innvandring, medan i Stortinget må dei forholde seg til kva som er på dagsorden. Difor vil det ikkje vera høve til å måla på same måte kor stor tyding innvandring har for partia i denne arenaen, men innhaldet i referata vil kunna sei noko om korleis ord dei nyttar, kven dei snakkar til og slik korleis dei innramma temaet innvandring. Det vert her sett

på kva som faktisk vert sagt av FrP og SV, og slik kva aspekt som dei vektlegg i stortingsdebattane.

4.1.3. Datagrunnlag 3: Media

Media vert den tredje arenaen som oppgåva ser på. Her er det gjort eit medviten val kring kva aviser som skal sjåast på innanfor den same tidsperioden som partiprogramma og stortingsreferata. Materiale for datakonstruksjon vert medieoppslag frå Klassekampen, VG og Aftenposten i perioden 2009 - 2019. Ved behandling av datamaterialet, har alle bidrag som er skrivne av andre enn politikarar frå FrP eller SV, og bidrag der politikarar frå desse to partia ikkje direkte har vorte intervjuet og slik sitert, vorte ekskludert frå analysen. Dette er på bakgrunn av det de Vreese har skildra som *frame-building*, der journalistar sjølv kan innramma når dei skriv om eit problem. Oppgåva handlar om korleis dei to aktørane, FrP og SV, innramma temaet, og difor er media valt vekk som aktør på dette området. Oppgåva har på grunnlag av dette valt å sjå vekk frå bidrag som er skrivne av journalistar eller andre, der partia ikkje er sitert. Også lesarinnlegg frå andre politikarar eller andre aktørar som snakkar om FrP eller SV er valt vekk, då det kan på same måte som med journalistar, blitt gjort ei *frame-building* frå deira side. Det er også gjort eit medvitent val på kva type aviser som er valt for å fanga så breitt som mogleg. Klassekampen er valt ut fordi det tradisjonelt kan hevdast å vera ei venstresideavis, VG fordi det i all hovudsak vert sett på som ei nøytral avis, og til slutt Aftenposten fordi den kan hevdast å tradisjonelt vera ei høgresideavis. Ved val av ei nøytral avis, vart VG valt fordi det er ei av dei største avisene i Noreg, som ikkje tradisjonelt har tilhøyrse til noko parti. Aftenposten er valt framfor Resett og Nettavisen fordi det er ei større og eldre avis som fangar breiare. Klassekampen er valt fordi det klårt er ei venstresideavis. Det kan på grunnlag av dette tenkjast at Klassekampen og Aftenposten skriv meir om saker som interessera veljarar for dei politiske partia, enn VG som ei nøytral avis som truleg må dekkja fleire saker. Tabell to og tre syner ei oversikt over tilgjengeleg datamateriale for media for FrP og SV.

Årstal	Klassekampen	VG	Aftenposten	Totalt
2009	58	23	58	139
2010	22	15	40	77
2011	70	32	41	143
2012	45	24	26	95
2013	64	45	74	183
2014	31	23	33	87
2015	44	34	50	128
2016	44	51	76	171
2017	87	93	95	275
2018	73	55	101	229
2019	54	42	46	142
Totalt	592	437	640	1669

Kjelde: retriever-info.com

Tabell 2: Datamateriale, media FrP

Årstal	Klassekampen	VG	Aftenposten	Totalt
2009	27	13	26	66
2010	19	7	14	40
2011	26	16	24	66
2012	17	14	17	48
2013	23	12	29	64
2014	18	5	11	34
2015	29	19	12	60
2016	25	14	30	69
2017	41	27	44	112
2018	28	17	30	75
2019	27	17	22	66
Totalt	280	161	259	700

Kjelde: retriever-info.com

Tabell 3: Datamateriale, media SV

Framgangsmåten for analysen gjekk føre seg ved å nytta nettsida retriever-info.com, og nytta dei same søkeorda som i Stortinget, «frp innvandring» og «sv innvandring», kryssa av på Klassekampen, VG og Aftenposten, samt kryssa av for ynskja årstal som her var 2009 - 2019. Jobben med å fjerna lesarinnlegg, artiklar som er skrivne av journalistar og andre er gjort manuelt ved å lasta ned alle dokumenta til reine tekstdokument. Tabellane syner kor mange treff søkeorda «frp innvandring» og «sv innvandring» fekk i Klassekampen, VG og i Aftenposten. Tabell to syner at FrP har fått fleire treff enn SV, men det kan også tyda at fleire har skrive om FrP, ikkje naudsynt at politikarar frå FrP har snakka meir om temaet enn SV. Det er likevel verdt å merka seg at treffa går opp i valåra, samt i 2016 – 2017 som kan vera ringverknadar av flyktningkrise i 2015, og at det difor generelt vart snakka meir om temaet. For å gjennomføra analysen har oppgåva laga ei ordbok som vert nærare forklart i kapitel 4.2.3. Når ordboka var på plass vart den lagt inn i dataprogrammet Yoshikoder som heile ord, før den så vart konvertert til JFreq der det vart kryssa av for «ingen stoppord» og «stemmer».

Slik tel ikkje programmet stopporda og *stemmer* orda automatisk, noko oppgåva vil koma attende til i kapitel 4.2.3. I JFreg vart også alle dei reine dokumenta om FrP og innvandring, samt SV og innvandring frå 2009 – 2019 lagt inn. Etter dette vart resultatet for JFreg opna i eit Excel dokument, der det vart gjort ei presisering av resultatata, som vert presentert i kapitel 5.3.

4.2. Val av metode

Såleis kviler denne studien på seks forskingsspørsmål der det er tre indikatorar å måla i forhold til opp mot tidsdimensjonen, der den fyrste indikatoren vert partiprogrammet, medan indikator to og tre vert stortingsreferata og avisartiklar frå tre ulike aviser. Konklusjonen vil vera tufta på ei samankopling av desse indikatorane, der det vert forsøkt å svara på dei seks forskingsspørsmåla, og slik den overordna problemstillinga. Oppgåva vil i dette underkapitlet skissera kva metodiske val som er gjort for å kunna kopla indikatorane saman.

Forskningsdesignet har konkretisert kva type val som er gjort og kva som er føremålet med studien, og slik vert det difor høve til å finna ut kva samfunnsvitskapleg metode som vil samsvara mest med prosjektet. Ved utforming av designet er det viktig at val av metode ikkje vert det fyrste ein gjer, men at det vert som eit ledd når ein skal konkretisera strategien for dataproduksjonen (Bukve, 2016, s. 82). Problemstillingar og føremål er det som skal styra valet av metode, og metoden skal vera eit verktøy som ein må velja ut i frå kva oppgåver ein har. Metode kan sjåast på som ein problemspesifikk teknikk, og kan seiast å vera verktøy, medan metodologiar hevdast å vera verktøyboksen. For å løysa eit problem vil difor metoden kvila på ulike tilnærmingar eller verktøy (Moses & Knutsen, 2012, s. 3). Metode kan også hevdast å vera ei læra om desse ulike verktøya, og den informasjonen som ein samlar inn ved hjelp av desse verktøya kan skisserast som data. Metoden vert ein systematisk måte å undersøka det me ynskjer å undersøka, medan metodologien vert tenkjemåten som ligg til grunn for utvikling og bruk av ulike metodar og forskingsopplegg (Halvorsen, 2008, s. 20 – 21). Dersom forskaren favoriserer ein type metode og har avklart val av metode før problemstilling og føremål, kan det skapa problem for forskaren. Metoden vert då det ein vel når forskningstema og føremål er gjort og avgrensa (Bukve, 2016, s. 92 – 93). På bakgrunn av at forskningstema, føremål og datakonstruksjon er skissert og avgrensa, vil metoden her bli eit

ledd for å kunna konkretisera strategien. Det må difor i det neste takast eit val om kva metode som skal nyttast for å kunna svara på problemstillinga.

Innanfor samfunnsfagleg metode dreg ein eit hovudskilje mellom kvalitative og kvantitative data, og slike data vert kvalitative dersom dei er mjukdata, og kvantitative dersom dei er harddata. Kvantitative data kan uttrykkjast i tal, medan kvalitative data seier noko om eigenskapane hjå undersøkingseiningane, og kjem ofte i form av tekst eller verbale fråsegn (Halvorsen, 2008, s. 128). Det er også mogleg å kombinera desse to metodane, då det har synt seg at veikskapane ved kvalitative data kan oppvegast ved dei sterke sidene til kvantitative data, og omvendt. Ein nyttar dermed ei metodetriangulering når ein nyttar både kvalitative og kvantitative metodar for datainnsamling for å svara på same problemstilling (Halvorsen, 2008, s. 149). Slik står ikkje desse metodane i eit konkurrerande forhold til kvarandre, men heller i eit gjensidig forhold, og kan slik utfylla kvarandre. Kva metode som er best vil avhenga av korleis problemstillinga er utforma (Halvorsen, 2008, s. 151). På bakgrunn av korleis dette designet er utforma, vil det vera mest føremålstenleg å nytta seg av ei metodetriangulering, og slik nytta både ei kvalitativ og ei kvantitativ tilnærming ved innhaldsanalyse. På bakgrunn av dei indikatorane som er utforma i arbeidet med problemstillinga, vert det tenleg å nytta ei form for kvalitativ innhaldsanalyse for partiprogramma og stortingsreferata, og ein kvantitativ innhaldsanalyse for medieoppslaga. Ei slik metodetriangulering vil syna dei særigne styrkane ved kvar metode, og at dei avgjerlene som er tekne heng saman. Det er den kvalitative innhaldsanalysen som vil danna grunnlaget for den kvantitative analysen av media, og korleis partiprogrammet vert lest og fortolka vil ha konsekvensar for korleis stortingsreferata vert lest, som igjen vil få konsekvensar for analysen av media. I det neste vil oppgåva gå nærmare inn på kva ei innhaldsanalyse er, og kva som skil ei kvalitativ tilnærming frå ei kvantitativ, og kvifor desse to tilnærmingane er eigna for å analysera indikatorane til oppgåva.

4.2.1. Innhaldsanalyse

Innhaldsanalyse inneheld ei systematisk lesing av ein tekstdel, bilete eller symbol (Krippendorff, 2004, s. 3), og er ein forskingsteknikk for å laga etterprøvande og valide tolkingar frå tekst eller anna meningsfylt materiale til kontekst (Krippendorff, 2004, s. 18). Alle former for innhaldsanalyse bør bli rettleia av forskingsspørsmåla som er utforma for studien, og problem ved utveljing vil vera minimale dersom ein kan svara på desse

forskingsspørsmåla ved å undersøka tekst av ein bestemt populasjon av tekst, til dømes alle saker av interesse i ei avis innanfor ein valt tidsperiode. Når ein skal analysere utval av tekst innanfor ein større populasjon av tekst, er det naudsynt med ein plan for å sikra at dei teksteiningane som er valt ikkje «bias» svaret til forskingsspørsmålet (Krippendorff, 2004, s. 113). Ein må då gjera ei utveljing, og den forma som samsvara best med denne studien er det som Krippendorff skildra som relevant utveljing. Dette er ei form for utveljing som forsøker å velja ut alle teksteingar som bidreg til å svara på eit gjeve forskingsspørsmål. Denne forma vert også kalla for medviten utveljing, fordi utfallet av utveljinga vert definert av det analytiske problemet ein handtera. Storleiken på moglege tekstar vert her redusert til eit utval som inneheld, ideelt sett, eit handterbart tal av relevante tekstar. Ved denne forma for utveljing nyttar ein seg av ei form for konseptuelt hierarki, der ein systematisk minskar talet på einingar ein treng å ha med i ei analyse. Det er ikkje meininga at utfallet av tekstane skal vera representative for ein populasjon av tekst, men dei er i seg sjølv populasjonen av relevant tekst, noko som vil sei at ein ekskludera den teksten som ikkje har relevant informasjon. Problem ved nøyaktig representasjon kan oppstå her, men berre til det utvalet av tekst som er valt ut, og ikkje til heile populasjonen av moglege tekstar (Krippendorff, 2004, s. 119). Ei utvalseining kan vera tekst der dei elementa ein er ute etter kan sporast, til dømes ein artikkel eller eit partiprogram (Brattberg, 2018, s. 105).

Det er viktig at gjennomføringa av analysen kan etterprøvast, noko som føreset at forskaren klårt definera kva som er datamateriale og korleis ein går fram for å analysere dette materialet (Brattberg, 2018, s. 16). Ei innhaldsanalyse krev objektivitet, systematisering og generalisering. Objektivitet vil sei at alle steg i forskingsprosessen må bli gjort på grunnlag av eksplisitte reglar og prosedyrar. Alle former for innhaldsanalyse krev at forskaren gjer vurderingar kring vala han eller ho gjer av data. Ved objektivitet vil slike avgjersler bli rettleia av eit sett reglar som skal forsøka å minska sannsynet for at funna reflektera forskaren sine subjektive tankar, heller enn sjølv innhaldet til dokumentet ein analysere. Kriteriet for objektivitet vert difor oppfylt dersom andre forskarar fylgjer same framgangsmåte og slik kjem fram til dei same svara. Systematikk vil sei at å inkludera eller å ekskludera innhald eller kategoriar vert gjort konsistent etter valte reglar. Til slutt krev innhaldsanalyse at det er gjort ei generalisering, noko som vil sei at funna har teoretisk relevans. Skildrande informasjon om innhald som ikkje er relatert til andre bidrag av dokument, eller til karakteristikkar ved sendaren eller mottakaren av meldinga, er av lite verdi (Holsti, 1969, s. 3 – 5).

I denne oppgåva vert det gjort ei medviten utveljing, då dei tekstane som ikkje har relevant informasjon vert valt vekk. Ei medviten utveljing vert tenleg fordi oppgåva har valt å fokusera på innvandring, og at det difor ikkje vert høve til eller naudsynt å behandla andre områder av partiprogramma eller kva anna som partia seier i Stortinget og i media enn det som omhandlar innvandring. Til dømes har studien valt å fokusera på bestemte årstal, noko som vil sei at avisartiklar og fråsegn frå Stortinget frå andre årstal er av mindre relevans for denne studien. Utvalseiningane vert avisartiklar, partiprogram og fråsegner i Stortinget frå desse tidsperiodane. Kva type innhaldsanalyse som vert gjort vert også rettleia av datakonstruksjonen, samt dei ulike forskingsspørsmåla til studien, der forskingsspørsmål som omhandlar Stortinget og partiprogram vert behandla kvalitativt, medan forskingsspørsmål som omhandlar media vert behandla kvantitativt.

4.2.2. Kvalitativ innhaldsanalyse

Ved å nytta seg av ei kvalitativ form for innhaldsanalyse, vil det å prøva å spora innhald eller budskap i ein tekst stå sentralt (Brattberg, 2018, s. 101). Ved ei kvalitativ tilnærming vert tolking ein stor del av analysen, og det sentrale vert å kartleggja meiningsinnhald. Talfesting er ikkje eit mål, men heller å fanga opp, summera og klassifisera sentrale element i teksten (Brattberg, 2018, s. 67 - 68). Ved ei analyse vert det stor plass til å utforska underliggende idear i tekst, samtidig som det også er viktig kor ofte noko vert nemnt. Til skilnad frå ei kvantitativ tilnærming som kan koda eit tema som noko positivt eller negativt, vil ei kvalitativ tilnærming leggja meir vekt på tolking i kontekst, altså korleis dei faktiske formuleringane ser ut (Brattberg, 2018, s. 24 – 25). Kvalitativ tilnærming har til felles at dei krev ei grundig lesing av få tekstar, involvera fortolking av ein gjeven tekst, og den som analysera vedkjenn at han eller ho sine sosiale eller kulturelle forståingar vil ha ei tyding for tolkinga av teksten (Krippendorff, 2004, s. 17). Dei fleste innhaldsanalysar som er kvalitative vert ofte tufta på små mengder data sett (Krippendorff, 2004, s. 53).

Analysen av partiprogrammet og stortingsdebattane vert gjort kvalitativt fordi eg er ute etter å finna meiningsinnhaldet i teksten, og korleis dei snakkar om innvandring. Det er også høve til å gjera dette kvalitativt, då det som Krippendorff har skissert, er små mengder med datasett,

altså det er handterbart å lesa kvalitativt. Datagrunnlaget til Stortinget synte seg å vera praktisk mogleg å gjennomføra kvalitativt, då det i debattane ikkje vart teke omsyn til kva andre parti enn FrP og SV sa kring temaet. Slik har datamaterialet for partiprogramma og Stortinget synt seg å vera handterbart, noko som gjer det mogleg å gå i djupna og å lesa tekstane grundig for å fanga meiningsinnhaldet. Fordelen ved å nytta ei kvalitativ tilnærming i dette tilfellet er at det vert høve til å forsøkja å finna dei underliggjande meiningane i teksten. Ei ulempe ved ei slik tilnærming er at ein må vera påpasseleg med at eigenskapar ved forskaren kan ha innverknad på korleis ein les tekstane, noko oppgåva kjem nærare attende til i kapittel 4.4. om reliabilitet og validitet. Ei kvalitativ innhaldsanalyse vert nyttig for å kunna gå i djupna på partiprogramma og stortingsreferata for å finna ut korleis FrP og SV snakkar om innvandring.

4.2.3. Kvantitativ innhaldsanalyse

Ei kvantitativ innhaldsanalyse omhandlar å talfesta teksteiningar for å måla frekvens og omfang, ofte over tid. Denne forma for innhaldsanalyse føreset at det gjev meir meining å telja heller enn å tolka. Visse formuleringar vert plassert i visse kategoriar, og ein ser føre seg at desse vil ha ei konstant tyding og meining (Brattberg, 2018, s. 24 – 25). Ved ei kvantitativ tilnærming måler ein førekomsten av visse element i ein tekst gjennom å talfesta. Ei kvantitativ tilnærming kan vera med på å syna kor ofte eit politikkområde vert omtalt, og kor vidt det er nytta positive eller negative setningar i ulike aviser innanfor ulike kategoriar til ulike tider (Brattberg, 2018, s. 101). I ei kvalitativ tilnærming er det større høve for å tolka meiningar enn kva det er i ei kvantitativ tilnærming. Ei kvantitativ analyse byggjer på førekomsten av ord som kan kodast, altså klassifiserast i førehandsbestemte kategoriar. Kategoriane skal vera med på å definera korleis eigenskapar i teksten ein ynskjer å måla førekomsten av. Å kunna etterprøva er ein stor styrke ved innhaldsanalyse, då det empiriske materialet vert mest mogleg standardisert og høve for å utøva skjøn er minimalt. Kodinga i seg sjølv kan likevel vera ulik ut i frå kva innhaldsanalyse det er snakk om. Ein kan enten koda manuelt eller maskinelt. Manuell koding vil sei at dei meiningsberande einingane i teksten vert klassifisert av den som kodar innhaldet, medan maskinell koding vil sei at ein tel ord, gjerne ved bruk av ei ordbok (Brattberg, 2018, s. 103 – 104).

Ei kvantitativ tilnærming vil slik kunna vera til hjelp med å identifisera kor ofte eit bestemt tema, i dette tilfellet det spesifikke politiske problemet ved innvandring, vert diskutert i forhold til andre tema som vert diskutert i det same dokumentet. Frekvensen til eit spesifikt tema kan analyserast for å sjå endringar over tid, mellom ulike typar dokument som i dette tilfelle vert tekstar frå media, så vel som å omhandla om desse referansane er positive eller negative. Som tabell to og tabell tre syner var det ikkje praktisk mogleg å gjennomføra analysen av media kvalitativt, og det vert difor tenleg å nytta kvantitativ innhaldsanalyse på media fordi, som Krippendorff har skissert, er ikkje storleiken på moglege tekstar her redusert til eit utval som er handterbart å gjera kvalitativt. Det vert tenleg å nytta ei kvantitativ tilnærming i denne studien når det gjeld analyse av avisartiklar frå Klassekampen, Aftenposten og VG.

Ved bruk av den kvantitative analysen vert også dokumenta sett på som ein sekk med ord (bag of words), der rekkefylgja ikkje har noko å sei for analysen. Det er difor tenleg å laga ei lista med ord som fungera som ein sekvens av eit eller fleire element i teksten, og er ofte tenleg for å formidla den generelle meininga til teksten. Utveljinga av ord byggjer på den kvalitative innhaldsanalysen av partiprogram og stortingsreferat, og etter utveljinga av ord, vert ordforrådet forenkla med «stemming». *Stemming* vil sei at ein fjernar endinga på orda slik at ein kan redusera det totale talet av unike ord i datasettet, og slik redusera kompleksiteten ved å gruppera ord som referera til det same grunnleggjande konseptet. Til dømes kan innvandring, innvandrara og innvandringa bli til innvandr, og migrantar, migrant og migrasjon kan bli til migr. Det vert også nytta ei ordbok som omhandlar stoppord, som er ord som ikkje inneheld ei bestemt meining, men som i hovudsak har grammatiske funksjonar, som til dømes: eller, er, veldig, uvanlege, og, berre. Denne ordboka lukar også vekk ord som berre dukkar opp ein eller to gonger i teksten (Grimmer og Stewart, 2013, s. 6 - 7).

Korleis FrP og SV snakkar om temaet innvandring i media kviler på ordbokmetoden, som nyttar seg av frekvensen til kvart ord for å kunna måla førekomsten til kvar kategori i teksten. Ordboka er utforma ved hjelp av ein manuell metode, som krev at den som kodar les alle tilgjengelege tekstar (Grimmer og Stewart, 2013, s. 8). For at ordbokmetoden skal fungera optimalt, er det naudsynt at resultata til analysen som er knytt til ord må vera tilpassa til korleis orda vert nytta i visse kontekstar. Dersom ei ordbok er utvikla for eit spesifikt bruk, vil

denne føresetnaden vera lett å modifisera, men dersom ordboka er laga i eit materielt område for så å bli nytta i eit anna område, vil det truleg skje store feil. Til dømes har Grimmer og Stewart skissert på bakgrunn av Loughran og McDonald, der dei poengtera at mange ord som har negative meiningar i ein kontekst, som til dømes kostnadar eller skattar, kan ha positive meiningar i andre kontekstar som til dømes i lønnsrapportar. Resultatet vil slik bli at det ikkje er mogleg å oppnå ein gull-standard evaluering av ordbøker basert på menneskeleg koding av dokument (Grimmer & Stewart, 2013, s. 8 – 9).

Ordboka som er laga til denne analysen er laga på bakgrunn av den kvalitative analysen, der partiprogramma og stortingsreferata er lest manuelt og slik funne dei mest framstående orda som vert nytta av FrP og SV. Ordboka vart så forsøkt kategorisert etter kva ord som var mest framstående. Ordboka er på bakgrunn av dette forsøkt å utforma så breitt som mogleg med ulike kategoriar, der det er laga 14 ulike kategoriar som skal forsøkja å fanga kva aspekt ved innvandringspolitikken som FrP og SV legg vekt på. Kategoriane er familie, innvandring, økonomi, solidaritet, mangfald, konsekvensar, religion, islam, politiske rettar, internasjonalt, juridisk, kunnskap, administrative prosessar og verdi. Ved å kategorisera orda vert det høve til å sjå ved den kvantitative analysen kven av dei aspekta partia legg meir vekt på enn dei andre, og det vert lettare å sjå meininga bak ordet. Det har vorte arbeida systematisk med ordboka, der den har vorte modifisert ved fleire høver ved å fyrst prøva å gjera ei analyse av ordboka i seg sjølv for å sjå kva resultat som kom, samt å diskutera den med rettleiarar, forskargruppa og medstudentar. Slik har eg så langt som mogleg forsøkt å spesifisera at dei orda som er ein del av ordboka faktisk er relevante for å studera innvandring, og at dei er sett i rett kategoriar. Eit ord vert slik sett i berre ein kategori, og det er difor viktig å poengtera at eit ord kan nyttast i ulike meiningar slik som Grimmer og Stewart har skissert det. Til dømes har ord som kostnadar og trygd vorte kategorisert under kategorien økonomi, medan ord som kriminalitet og problem har vorte kategorisert under kategorien konsekvensar. Målet med denne innhaldsanalysen er å sjå kor viktige spesifikke aspekt er for dei to partia, og ikkje naudsynt sjå på i kor stor grad orda er negativt eller positivt retta. Til dømes kan kategorien konsekvensar vera både positivt og negativt retta.

Som nemnt har ordboka vorte modifisert ved fleire høver for å sikra at orda referera til temaet innvandring, for at eg slik ikkje mistar den måten orda faktisk er nytta på i tekstane. Til dømes

er verdi laga som eigen kategori fordi ordet vert nytta ulikt av FrP og SV, der FrP hevdar at Noreg må ha ein integreringspolitikk som byggjer på norske reglar, normer og verdiar (FrP, 2017, s. 44), medan SV hevdar at verdiar er noko som me må ha felles for alle som bur i Noreg, og at desse verdiane må liggja til grunn for å kjempa mot til dømes rasisme (SV, 2017, s. 57). Slik vil ordet verdi ha to ulike meiningar, og må difor klassifiserast som ein eigen kategori, sjølv om ordet kunna passa inn under kategorien solidaritet. Truleg vil det vera slik at dess meir eit parti snakkar om innvandring, på grunnlag av ordboka som referera til eit spesifikt aspekt, dess meir viktig er dette politiske aspektet for dei. Ordboka er meint som å skulle definera korleis eigenskapar i teksten som skal målast, og slik vil det ikkje vera høve til å gå i djupna på meiningsinnhaldet, men det vil vera høve til å sjå kva aspekt FrP og SV legg vekt på ved hjelp av teljing av ord som er plassert i kategoriar. Ei kvantitativ analyse vil slik sikra ei analyse som syner kva som er dei mest viktige aspekta for FrP og SV, der ordboka koplar ord i kategoriar som omhandlar innvandring. *Bag of words* tilnærminga er nyttig for å finna ut korleis kategoriar som er i fokus, kva som er førekomsten av desse kategoriane, og om førekomsten endrar seg over tid.

Etter at ordboka vart laga, vart det lagt inn i dataprogrammet Yoshikoder og JFreq.

Yoshikoder er eit program der ein kan byggja ordbøker for innhaldsanalyse, samt lasta opp dokument, undersøka nøkkelord i kontekst og gjera ei grunnleggjande innhaldsanalyse (Lowe W, 2015, Yoshikoder). JFreq på si side er eit program som tek reine tekstdokument og gjer dei om til ordfrekvensmatriser (Lowe W, 2011, JFreq). Ordboka vart slik laga i programmet Yoshikoder utan å *stemma* orda. Ordboka vart så saman med dei reine tekstdokumenta av media lagt inn i programmet JFreq, der konseptet *stemming* vart teken i bruk saman med funksjonen *ingen stoppard*. Dette vart så køyrt i JFreq som då tel kor mange gonger kvart ord vert nemnt. Ved bruk av Yoshikoder og JFreq vil slik førekomsten og tydinga til eit spesifikt aspekt ved det politiske området bli målt. For å gjennomføra analysen var det naudsynt å ekskludera alle stopparda, for så å måla alle dei relevante orda som har vorte *stemma*. For å summera frekvensen til alle relevante ord som er *stemma* vert det nytta presisjon (accuracy). Utrekninga gjer at me vil finna ei samla presisjon på:

$$\text{Presisjon} = \frac{\text{Talet på relevante ord som er stemma}}{\text{talet på total mengde ord}} * 100$$

Grunnen for å gjera ei slik presisjon av ordfrekvensane er fordi dei ulike frekvensane ville ikkje vore samanliknbare utan. Presisjon gjer at det som me målar vert samanliknbart (Grimmer & Stewart, 2013, s. 14). Slik vert summen av frekvensane til alle relevante ord som er *stemma*, presisert i forhold til den overordna lengda på teksten og ekskludering av stoppord, og slik ein indikator for tydinga til eit spesifikt aspekt i den spesifikke tidsperioden. Som Brattberg har skissert, vil ei kvantitativ analyse ta føre seg førekomsten av ord for å klassifiserast i førehandsbestemte kategoriar, og at desse kategoriane slik skal gje svar på kva me ynskjer å måla i teksten. Ei kvantitativ innhaldsanalyse vil i dette høvet innehalda frekvensen til ord, noko som ikkje tyder å berre telja ord, men å faktisk sjå dei i forhold til den overordna lengda av tekst. Slik vil dei bli sett i forhold til alle ord som har meining i teksten etter at stopporda er blitt fjerna. Dette er grunnlaget for presisjonen som er gjort av ordfrekvensane før dei har vorte samanlikna. Utan å gjera ei presisjon ville det ikkje vore høve til å gjera ei samanlikning.

4.3. Bruken av teori saman med det metodologiske

Ved å nytta ei kvalitativ innhaldsanalyse ved behandling av partiprogram og stortingsreferat, vert det høve til å gå i djupna og slik eksplisitt sjå kva aspekt som FrP og SV legg vekt på, og kva aspekt dei ikkje legg vekt på. Ved å gå i djupna for å fanga meiningsinnhald, vert det også mogleg å sjå om det er slik at dei plassera seg innanfor den kommunikative eller koordinerande diskursen, samt om dei legg vekt på kognitive eller normative idear. Slik vert det mogleg å svara på korleis dei innramma temaet ved hjelp av ei kvalitativ innhaldsanalyse kopla opp mot teori. Dette var ikkje mogleg i media, då datamateriale var for stort, noko som var grunnlaget for ei kvantitativ innhaldsanalyse. Den kvantitative analysen vil vera til hjelp med å sjå kva aspekt partia rettar merksemda si mot, og kva aspekt dei ikkje fokusera på. Trianguleringa av kvalitativ og kvantitativ metode skal slik hjelpa med å forstå innramminga av innvandring, og slik saman med teori vera til hjelp med å svara på dei ulike forskingsspørsmåla.

Å nytta eit blanda design som inneheld triangulering og ein komparativ strategi har gjort det mogleg å sjå på data på same tidspunkt med ulike metodar, samt å sjå om det er variasjon over tidsperioden. Innhaldsanalyse krev også som Holsti har skissert det at funna har teoretisk relevans, noko det kan hevdast å ha. Ved å lesa partiprogram og stortingsreferat, har det vore

mogleg å sjå korleis aspekt dei legg vekt på, korleis funksjonar ved deira innramming som vert framheva, om dei kviler på normative eller kognitive idear, og korleis diskurs dei operera innanfor. Å analysa ved bruk av ordbokmetoden har gjort det mogleg å sjå kor stabil merksemda mot aspekta er over tid. Slik vil både ei kvalitativ og ei kvantitativ innhaldsanalyse vera nyttig for å svara på forskingsspørsmåla, og slik ha teoretisk relevans. Den kvalitative tilnærminga vil vera til hjelp med å svara på forskingsspørsmål ein, to, fire og fem, medan den kvantitative vil vera til hjelp med å svara på forskingsspørsmål tre, fire og fem saman med rammeverket innramming og koordinerande og kommunikativ diskurs. Funna som vert gjort i forskingsspørsmål ein til tre legg grunnlaget for å svara på forskingsspørsmål fire og fem, og slik sjå om det er nokon skilnadar eller likskapar. Desse kan igjen forklarast av skillelinjeteorien og teorien om ansvarleggjering, og slik svara på det siste forskingsspørsmålet. Slik heng både metodisk tilnærming og teori saman. Utan metode vert det ikkje høve til å finna ut korleis temaet vert innramma, og utan teori vert det ikkje høve til å vita kva ein skal sjå etter i dokumenta. Slik vert det fire nivå i dette designet, der indikatorane vil føra til data som igjen gjev grunnlag for korleis metode som skal nyttast, og som vil føra til empiriske resultat der teorien skal vera med på å tolka dei empiriske resultatata.

4.4. Reliabilitet og validitet

Validitet syner om det datamateriale som er valt ut er gyldig i forhold til problemstillinga, medan reliabilitet handlar om ein kan lita på det datamaterialet som ein har. Reliabiliteten vil vera høg, dersom undersøkingssopplegget og datainnsamlinga har gjeve data som er til å lita på, og validiteten vil vera høg dersom innsamlinga av data gjev resultat i form av data som er relevante for problemstillinga. Slik vert reliabilitet knytt til om data er truverdig, og validitet til om dei er relevant eller ikkje. Ein vil då få høg validitet dersom dei data som er samla inn, faktisk er relevante for problemstillinga. Reliabilitet på si side skal sikra at dersom nokon andre nyttar sama undersøkingssopplegg ved eit anna høve, skal ein få identiske data (Grønmo, 2004, s. 240 – 241). Såleis kan validitet henga saman med reliabilitet og målefeil, der målefeila kan vera tilfeldige eller systematiske. Dersom dei er systematiske vert dei skissert som «bias». Dersom dei er tilfeldige, vil det sei at det har skjedd ei gjentakande bruk av ein måleprosydyre som gjev resultat som er ulogiske. Dette kan kallast for eit reliabilitetsproblem (Adcock & Collier, 2001, s. 531), medan dei systematiske feila kan seiast å vera eit validitetsproblem (Kleven, 2008, s. 224) Dette er ikkje mogleg dersom fenomenet endrar seg

over tid, men i denne studien er tidsperioden tilbake i tid, noko som vil sei at partiprogramma, stortingsreferata og mediefråsegna ikkje kjem til å endra karakter.

Det er også viktig at forskaren er open om personlege verdiar eller interesser, som kan ha innverknad på forskinga. Slike karakteristikkar ved forskaren kan ha noko å sei for validiteten (Halvorsen, 2008, s. 71). Validering er i både kvantitativ og kvalitativ forskning ein rasjonell diskusjon om alternative måtar å tolka noko på, der metoden for å gjera dette kan variera (Kleven, 2008, s. 223). Målingar kan seiast å vera valide dersom resultatet til forskinga fangar ideane som låg i det systematiserte konseptet (Adcock & Collier, 2001, s. 530). Det er naudsynt å gå gjennom fire forskingsoppgåver for å oppnå gyldige målingar. Ein byrjar med å utarbeida kva tema ein ynskjer å undersøka, før ein så gjer ei konseptualisering der temaet vert avgrensa og utforma med klåre definisjonar på kva ein skal studera. Dette kan ein kalla for ei operasjonalisering, som vil sei at det på bakgrunn av konseptet vert utvikla visse indikatorar. Indikatorane skal nyttast for å få svar på det ein analysera, og slik kan ein sjå om indikatorane fungera, eller om dei må revurderast og slik gå tilbake til bakgrunnskonseptet. Dersom indikatorane fungera, har ein oppnådd målevaliditet (Adcock & Collier, 2001, s. 531 – 532). Det må også gjerast ei vurdering av i kva grad indikatorane som er valt ut, representera innhaldet som er i bakgrunnskonseptet. Adcock og Collier skildrar at det er bakgrunnskonseptet som er grunnlaget for validitet, og at dersom dette ikkje er definert og operasjonalisert på ein korrekt måte, vil ikkje studien vera gyldig fordi ein får problem med alle former for validitet (Adcock & Collier, 2001, s. 537).

Innhaldsvaliditet, statistisk, ekstern og intern validitet vert også løfta fram av Kleven som former for validitet. Om forskinga er kvantitativ eller kvalitativ, må den kopla innhald til indikatorar der problemet med innhaldsvaliditet handlar om kor vidt innhaldet til det teoretiske av interesse er suksessfullt operasjonalisert i studien. I alle høve der ein gjer ei tolking av indikatorane i forhold til innhaldet, må det validerast. Måleproblema er ikkje i hovudsak knytt til tal, då korrekt eller feil tal er eit problem knytt til presisjon. Eit viktigare problem er kor godt konseptet vert representert av indikatorane, som er hovudpoenget med innhaldsvaliditet, der trugsmåla er systematiske eller tilfeldige målefeil (Kleven, 2008, s. 224). Statistisk validitet handlar på si side om det er samsvar mellom variablane, der kvantitative metodar kan nytta seg av testar for å estimera om tendensen er av tyding eller ikkje.

Kvalitative studiar har ikkje dette høvet, og må kvila på forskaren sine vurderingar, der slike vurderingar kan vera meir subjektive enn hjå kvantitative forskarar (Kleven, 2008, s. 226 – 227).

Ekstern validitet går ut på i kva grad studien kan generaliserast, og vert hevda for å vera validitet kring dei slutningar som vert gjort og om dei kan vidareførast til ein anna og breiare type kontekst (Kleven, 2008, s. 229). Intern validitet handlar om kor vidt slutningane er valide, eller om det finst andre alternative tolkingar, og om ein slik må ta omsyn til eventuelle «bias». Design som ikkje lukar ut alternative samsvarstolkingar legg opp til at det er forskaren og lesaren som vil vurdera alternative tolkingar, og å evaluera sannsynet for desse alternativa, noko som gjer at dei kan gjera sine egne tolkingar av forskaren sitt arbeid (Kleven, 2008, s. 227). Kva type validitet det er, har relevans i både kvalitativ og kvantitativ forskning, men valideringsprosedyren vert ulik avhengig av kva type data ein har (Kleven, 2008, s. 226 - 227.). Ei konsekvens av at validitet er knytt til tolkingar er at det same aspektet av validitet er relevant i kvalitative og kvantitative studiar, så lenge same typar tolkingar vert gjort. Dette tyder derimot ikkje at alle aspekt av validitet er relevante eller viktige i alle empiriske studiar, der ulik bruk av data vil føra til ulike krav (Kleven 2008, s. 231).

I denne studien er innvandring valt som tema der det har vorte gjort ei konseptualisering i form av ei problemstilling og utforming av seks forskingsspørsmål som skal vera til hjelp for å svara på problemstillinga, før det så har vorte gjort ei operasjonalisering med tidsdimensjonane og arenaene partiprogram, Stortinget og media som indikatorar, som saman med teori vil gje svar på dei ulike forskingsspørsmåla. Data er slik ikkje tilfeldig valt, og vil difor syna seg å vera relevante for å gje svar på problemstillinga, og slik sikra høg grad av validitet. Særleg i den kvalitative undersøkinga er det viktig at eg som forskar ikkje let personlege preferansar om FrP eller SV ha innverknad på forskinga. Tilfeldige målefeil som førar til reliabilitetsproblem ved utføring av kvalitativ innhaldsanalyse kan skje grunna at stor grad av tolking vert lagt opp til forskaren, og kravet om å få identiske data ved neste høve er noko meir usikkert, då karakteristikkar ved ein som forskar kan ha noko å sei på korleis resultat ein får.

Som Krippendorff og Holsti har skissert, krev innhaldsanalyse objektivitet og generalisering. Kravet om objektivitet vert oppfylt dersom forskarar fylgjer same framgangsmåte og kjem fram til same svar. Oppgåva har gjort greie for kvifor FrP og SV er valt som tenlege parti å sjå på, og det er gjort avgrensingar i forhold til indikatorane. Det kan slik hevdast at bakgrunnskonseptet er nøye utarbeida for at studien slik ikkje skal få problem med dei ulike formene for validitet. Funn frå det kvalitative forskingsopplegget kan seiast å byggja på forskaren si tolking, og for å unngå «bias» vert forskingsopplegget utforma så objektivt som mogleg. Det er gjort ei grundig skildring i kapitel 4.2.1, 4.2.2 og 4.2.3 korleis framgangsmåten for datainnsamling var gjort. Det er difor grunnlag for å hevda at andre forskarar som fylgjer same framgangsmåte, vil koma fram til same svar, og slik vert kravet om objektivitet sikra. Kravet om generalisering vert oppfylt dersom funna har relevans for oppgåva. Indikatorane som er nytta i denne oppgåva kan seiast å fungera, då dei har som føremål å svara på dei ulike forskings spørsmåla. Då indikatorane fungera, kan det seiast på bakgrunn av Adcock og Collier at studien har oppnådd målevaliditet. Indikatorane som er valt ut kan seiast å representera innhaldet som er i bakgrunnskonseptet, og det er slik gjort ei operasjonisering av konseptet. Ved å gje ei oversikt over kva dokument som er nytta, der innhaldet til den kvantitative analysen har vorte kategorisert på bakgrunn av den kvalitative. Slik skal det vera mogleg å undersøkje om dei funna som er gjort er til å lita på, og slik måla reliabiliteten til studien.

Den kvalitative analysen krev som Krippendorff har skissert fortolking av gjeven tekst, og ei slik fortolking vil igjen kunna ha konsekvensar for den kvantitative analysen med omsyn til ordboka som er utforma på grunnlag av den kvalitative analysen. Målevaliditet er også ein viktig indikator i den kvantitative undersøkinga. Ved å ha arbeida systematisk med ordboka i fleire omgangar har også arbeidet med å auka validiteten til oppgåva vorte betra. Ordboka er som nemnt tufta på den kvalitative analysen av partiprogram og stortingsreferat, og forsøkt kategorisert. Då kravet til Krippendorff om objektivitet krev at same framgangsmåte vert nytta ved eit anna høve, er ordboka utforma manuelt, samt at analysegrunnlaget har ekskludert artiklar som er skriven av andre aktørar enn FrP og SV på bakgrunn av at media også kan gjera ei innramming. Denne ekskluderinga gjev høve til å sei at dersom nokon andre skulle gjort den same undersøkinga, ville dei også ekskludert det same materialet som eg har ekskludert.

På bakgrunn av ordboka kan det vera vanskeleg å oppnå kravet om objektivitet, då kategoriane og orda eg har i mi ordbok ikkje naudsynt hadde vorte laga på same måte av andre. I løpet av arbeidet med ordboka har den vorte utforma med fleire ulike kategoriar, for så å ha vorte diskutert med andre studentar og rettleiarar. Ved å arbeida slik fram og tilbake, og å sjå på om orda kan ha fleire ulike meiningar og om dei høyrer heime i kategorien dei er plassert i, er den ordboka som er nytta meint som å skulle sikra eit breitt spekter av aspekt som fleire er samde om. Då ordboka er koda manuelt, vil det bli slik som Grimmer & Stewart har skissert det, vanskeleg å oppnå ein gull-standard for å kunna utforma ordboka. Ved å ha diskutert ordboka med fleire i mi forskargruppa, er det meint som å betra målevaliditeten og mi «bias» på ordboka, då det kan vera fleire ulike oppfatningar om kvar orda i kategoriane høyrer heime. På bakgrunn av den operasjonaliseringa som er gjort, kan det hevdast at studien har kopla innhald til indikatorar, og slik sikrar innhaldsvaliditet. Resultata frå studien kan vidareførast til ein annan og breiare type kontekst, då det til dømes er mogleg å innlemma fleire aviser i den kvantitative analysen, eller ein lenger tidsdimensjon. Valet av tre ulike aviser skal likevel sikra stor grad av symmetri på tvers, og er slik meint for å styrka reliabiliteten og validiteten. Operasjonaliseringa som er gjort skal sikra at det er stor grad av intern validitet, då det skal vera mogleg å gjera dei same stega for å koma fram til same resultat. Likevel gjev faktorar som karakteristikkar med meg som forskar og utforming av ordbok, grunnlag for alternative tolkingar ved at dei kan vera «biased».

5. Empiriske funn

I dette kapitelet vert funna frå den kvalitative og den kvantitative analysen presentert. Det vert her presentert kva som står i dei ulike partiprogramma frå tidsperioden, i dei ulike stortingsreferata frå perioden, samt kva aspekt som vert vektlagt i media. Dette kapitelet vil vera ein gjennomgang av dei empiriske funna før sjølv drøftinga kjem i kapitel seks.

5.1. Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i partiprogramma i tidsperioden 2009 – 2021?

Partiprogramma har vorte lest ved hjelp av ei kvalitativ tilnærming for innhaldsanalyse, der det vert lagt vekt på kva aspekt som er viktige for FrP og SV. I analysen av partiprogramma vert det også lagt vekt på eit kvantitativt element, kor stor plass temaet om innvandring får i

partiprogramma, og om denne plassen har auka eller vorte mindre i løpet av dei tre tidsperiodane. I det fylgjande vert resultatata frå den kvalitative analysen av partiprogramma presentert.

FrP 2009 - 2013

I det fyrste partiprogrammet for analysen, 2009 – 2013, kan me sjå at FrP legg vekt på å skilja mellom omgrepa innvandring, arbeidsinnvandring, flyktningar og asylsøkjjarar. Programmet framhev at det skal vera likebehandling og ingen grupper skal få særbehandling, samt at innvandrarakar skal få sosiale ytingar berre dersom dei er villige til å integrera seg og å læra norsk (FrP, 2009, s. 32). Det er laga nokre nykkelpunkt som oppsummera det viktigaste i partiprogrammet, der det blant anna er viktig for FrP å avgrensa mottak av menneske frå land utanfor vestleg kulturkrets, å ha ein integreringspolitikk som byggjer på reglar, normer og verdiar som er felles for folket, kriteria for å gje asyl skal tolkast strengt, avgrensa familieinnvandring og innføring av språk – og kunnskapstest (FrP, 2009, s. 33). I 2009 – 2013 programmet var aspekt som streng innvandring, verdiar og vestleg kulturkrets viktige aspekt for FrP. Kvantitativt ser me i partiprogrammet til FrP i tidsperioden 2009 – 2013 at innvandring ikkje har så stor plass i partiprogrammet. Det er ikkje eit eige kapitel, og ligg under kapitelet «Norge og verden». Det som omhandlar innvandring har fått plass frå side 32 – 33, i eit partiprogram på totalt 80 sider. Kapitelet «Norge og verden» er om lag like stort som dei andre kapitela, og det kapitelet som har flest sider er «Valgfrihet for foreldre og likebehandling av barn, helse og omsorg» (FrP 2009, s. 2 – 3).

SV 2009 - 2013

Eit interessante funn er at i partiprogrammet til SV i perioden 2009 – 2013 vert ikkje innvandring omhandla som eit eige kapitel, og ordet innvandring vert nemnt 4 gonger i heile partiprogrammet. I programmet til SV for perioden 2009 – 2013 er innvandring nemnt under arbeid til alle (SV, 2009, s. 13), og under kapitelet om likestilling og likeverd (SV, 2009, s. 26).

FrP 2013 – 2017

I programmet frå 2013 – 2017 vert det gjort eit omgrepsskilje mellom innvandrar, flyktingar og asylsøkjjarar (FrP, 2013, s. 37). Også i dette programmet legg partiet vekt på at innvandringspolitikken skal gå ut på likebehandling der ingen grupper skal få særbehandling, samt at innvandrar må integrera seg og læra norsk for å få sosiale ytingar. Partiet hevdar også at Noreg har internasjonale forpliktingar med å hjelpa flyktingar, men at dette best kan gjerast i deira kulturelle og geografiske nærområde, samt at det er grunn til å frykta at ei stadig innvandring av asylsøkjjarar vil føra til alvorlege motsetningar mellom folkegrupper i Noreg, og at det er etisk uforsvarleg å ikkje forebygga slike konflikhtar og difor stramma inn på innvandringa (FrP, 2013, s. 38). Nøkkelpunkta som oppsummera det viktigaste for partiet går blant anna ut på å avgrensa mottak utanfor vestleg kulturkrets, å ha ein aktiv integreringspolitikk som byggjer på norske verdiar, normer og reglar, at kriteria for å få asyl skal tolkast strengt, avgrensa familieinnvandringa og innføring av språk- og kunnskapstestar (FrP, 2013, s. 39). Innvandring har fått noko større plass i programmet frå 2013 – 2017 enn det hadde i programmet frå 2009 – 2013. Innvandringspolitikk har vorte eit eige kapitel, som har fått ei kort innleiing kring temaet, og strekk seg no frå side 37 – 40 i eit program på totalt 86 sider (FrP 2013, s. 2).

SV 2013 - 2017

I SV sitt partiprogram frå 2013 – 2017 vert det fokusert på menneske på flukt, samt at innvandring vil kunna dekkja behovet vårt for arbeidskraft, og slik vera positivt. SV legg særleg vekt på at asyl- og flyktingpolitikken må vera rettvis, solidarisk og rettstrygg. Som hovudprioriteringar for SV legg dei vekt på å styrkja rettane til born, arbeida for at innvandrarar får same lønn og arbeidsvilkår som nordmenn, samt likestilling der ein arbeidar for at kvinner ikkje vert utsett for overgrep og utnytting (SV, 2013, s. 48). SV legg vekt på at det skal vera ein human og rettstrygg asylopolitikk, og at omsynet til det beste for borna må gå føre innvandringspolitiske omsyn (SV, 2013, s. 49). Såleis syner partiprogrammet til SV for denne perioden at partiet legg stor vekt på aspekt som likestilling, born og familie, human, rettstrygg og solidarisk innvandringspolitikk. Temaet har fått tydeleg større plass i partiprogrammet, då innvandring har gått frå å ikkje ha plass i partiprogrammet, til å ha vorte eit eige kapitel med ei lenger innleiing. Kapitelet om innvandring er på tre sider med doble

sider og har ni overskrifter. Samanlikna opp mot dei andre områda i partiprogramma, har innvandring her fått like mykje plass som områder som helse og miljø (SV, 2013, s. 2).

FrP 2017– 2021

Også i programmet frå 2017 – 2021 er det i FrP sitt program gjort eit skilje mellom kva ein skal forstå med innvandrarar, flyktningar og asylsøkjjarar. I programmet legg FrP vekt på at innvandringa skal vera styrt og avgrensa, og at Noreg bør overføra flyktningar til eit trygt tredjeland og auka humanitært arbeid i nærområda. Migrasjonskrisa i 2015 har også fått markant plass i dette programmet (FrP, 2017, s. 41). Som i det føre programmet vert det også i dette programmet lagt vekt på at det skal vera likebehandling og at ingen grupper skal få særbehandling, og sosiale ytingar berre dersom ein lærer seg norsk, men i dette partiprogrammet ynskjer ein også å knyta dette opp mot statsborgarskapet (FrP, 2017, s. 42). Programmet legg også vekt på at det er grunn til å frykta ei stadig innvandring av asylsøkjjarar, noko som vil føra til alvorlege motsetningar mellom folkegrupper i Noreg, og på grunnlag av det ynskjer FrP å føra ein restriktiv politikk (FrP, 2017, s. 43). Det vert også som i det føre partiprogrammet lagt stor vekt på krav til norsk- og samfunnskunnskapsundervisning, men også no arbeidstrening. Nøkkelpunkta som oppsummera dei viktigaste punkta til FrP i programmet for 2017 – 2021 legg vekt på å blant anna tolka asylregelverket på strengaste måte, ein integreringspolitikk som byggjer på norske verdiar, reglar og normer, avgrensa familieinnvandring og innføring av språk- og kunnskapstest (FrP, 2017, s. 44). Slik ser me at også i 2017 – 2021 programmet var aspekt som streng, norske verdiar, avgrensing og språk viktige aspekt for FrP. Temaet innvandring har fått auka plass, og innvandringspolitikk har vorte eit eige kapitel. I programmet frå 2009 – 2013 gjekk det over to sider, i 2013 – 2017 over tre sider, medan i dette programmet går det over fem sider, mykje grunna ei sides lang innleiing kring temaet, samt at det er laga fleire nøkkelpunkt for å oppsummera. Kapittelet innvandringspolitikk er også her eit eige kapitel, men har fått ei innleiing som ikkje lenger er eit kort avsnitt, men ei side langt (FrP, 2017, s. 41 – 45).

SV 2017 - 2021

I programmet til SV frå 2017 – 2021 legg partiet vekt på at Noreg er eit fleirkulturelt samfunn der det bur folk med bakgrunn frå fleire ulike land, samt at fleire med innvandrarakgrunn bidreg på ein positiv måte. Det vert lagt vekt på at politikken skal vera solidarisk og rettstrygg. Verdier vert også løfta fram som noko som er viktig, og at for å kunna kjempa mot rasisme må det liggja til grunn nokon grunnleggjande verdier som er felles for alle som bur i Noreg (SV, 2017, s. 57). Partiet legg særleg vekt på born som er på flukt, og at me har eit ansvar for å gje desse tryggleik (SV, 2017, s. 59). I partiprogrammet vert også ord som verdier, inkludera, solidarisk, like høver, diskriminering og mangfald løfta fram som viktige aspekt for partiet (SV, 2017, s. 60). SV er også opptekne av at det er viktig med språkopplæring, og legg vekt på at å kunna språk er viktig for å få kontakt med andre, for å få vener, forståing av kultur og innpass i arbeidslivet (SV, 2017, s. 61). Temaet innvandring har klårt fått auka plass i SV sitt program for denne tidsperioden, då dei byrja med å ikkje ha noko plass til det i partiprogrammet, til å no ha eit eige kapitel som strekk seg over sju sider. Kapitelet har fått namnet innvandring og integrering, og har fått ei eiga innleiing som er lenger enn det den var i dei føre programma. Programmet har endra seg frå 2013 – 2017, ved at det berre er kapitelet kring arbeidsinnvandring som er det same. Programmet for 2017 – 2021 har lagt til fleire nye kapitel, der dei til dømes heller enn kapitelet «menneske på flukt» og omsyn til det beste for borna», har vorte samanslegne til «born på flukt». Også kapitelet om «kvalifisering og utdanning» er ny saman med «rasisme og diskriminering» (SV, 2017, s. 57 - 63.

Partiprogramma har vorte lest systematisk, der det blant anna har vorte sett på kva ord som går att i partiprogramma, og om dei går att i både FrP og SV sitt program for å kunna laga grunnlag for ordboka til den kvantitative analysen. Begge partia nemner ord som innvandrarak, innvandring, flyktningar, asylsøkjarak og asyl fleire gonger. Ordet flukt vert derimot berre nemnt av SV, og det vert nemnt totalt 21 gonger. FrP har i alle sine partiprogram gjort eit markant skilje mellom orda innvandrarak, flyktningar og asylsøkjarak, noko som SV på si side ikkje har gjort. I SV sine program nyttar dei desse orda meir flytande, medan FrP er meir klår på at skilje mellom desse omgrepa har mykje å sei for kor vidt ein får opphaldsløyve i Noreg eller ikkje. FrP verkar til å fokusera særleg på ord som nærområde, statsborgarskap, integrera, kunnskap, motsetningar, restriktiv, lukka, og etisk. Ord som integrering, norsk, ytingar, språk, arbeid, kultur, rett, plikt, krav, verdi, rasisme, bu-tid,

bakgrunn, born, familiegegjenforeining, retur, vern, tredjeland, kontroll og mindreårig går att i begge partia sine program. I SV sitt program vert det særleg lagt vekt på ord som familie, rask, kvinner, svolt, solidarisk, likestilling, klima, ressurs, menneskerett, overgrep, tvang, kompetanse, menneskehandel, sårbar, papirlaus, utfordring, vald, fridom, omsorg, lønn, utdanning, høve og diskriminering.

5.2. Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i Stortinget i tidsperioden 2009 - 2019?

Stortingsreferata har også som partiprogramma vorte lest ved hjelp av ei kvalitativ tilnærming for innhaldsanalyse, der det vert lagt vekt på kva aspekt som er viktige for FrP og SV. I analysen av desse referata vert det som nemnt berre lagt vekt på kva representantar frå FrP og SV seier. I det fylgjande vert resultatata frå den kvalitative analysen av stortingsreferata presentert.

FrP 2009 – 2013

Aktuelle Stortingsreferat frå tidsperioden 2009 – 2013 syner at FrP snakkar om utfordringar. FrP framhev i denne perioden at det er store utfordringar knytt til norsk innvandringspolitikk, særleg med tanke på likestilling, forbruk av offentlege ytingar og arbeidsdeltaking (stortingsforhandlingar, 3. juni 2009, s. 3270). Innvandring vil skapa utfordringar som er kulturelle, men også utfordringar kring kriminalitet for enkelte grupper (stortingsforhandlingar, 21. mars 2013, s. 2763). Det vert såleis hevda at dei utfordringane som eksistera for familiar og enkeltindivid, vil føra til at Noreg som har gode velferdstilbod og låg arbeidsløysa, vert høgt verdsett og sett på som eit lukkeland for dei som er i ein vanskeleg situasjon (stortingsforhandlingar, 9. februar 2012, s. 2248). Representantar frå FrP hevdar at norsk asylpolitikk er ute av kontroll (stortingsforhandlingar, 17. juni 2009, s. 3852), der ein opplev ekstreme situasjonar i hovudstaden med demonstrasjonar og gatekampar som ikkje liknar forhold me er vande med i Noreg (stortingsforhandlingar, 14. januar 2009, s. 1787). Det vert framheva at Noreg kjem til å stå ovanfor enorme kulturelle og økonomiske utfordringar (stortingsforhandlingar, 17. juni 2013, s. 4420). Også på denne arenaen vert det framheva at Noreg må ha ein streng og rettferdig asylpolitikk (stortingsforhandlingar, 15. mars 2011, s. 2938).

Kostnadsperspektivet vert også løfta fram i denne perioden, då det vert hevda at ei stadig vekst vil føra til auka kostnadar for skattebetalarane (stortingsforhandlingar, 8. juni 2010, s. 3784). FrP hevdar at ein i realiteten blir tvungen til å velja mellom velferd eller innvandring, og at dersom det ikkje blir gjort tydeleg innstrammingar på innvandringsfeltet vil me bli tvungen til å redusera velferda (stortingsforhandlingar, 18. mai 2011, s. 3990). Vidare blir det hevda at den store innvandringa dramatisk forandrar Noreg, og at ei framleis høg innvandring vil føra til slutten for velferdsstaten slik den er kjend (stortingsforhandlingar, 19. mars 2012, s. 2581). FrP ynskjer difor å redusera innvandring for å få til ei berekraftig innvandring, der innvandringa ikkje skal gå utover velferdsgode (stortingsforhandlingar, 17. juni 2013, s. 4416). Partiet legg vekt på at ei vellukka integrering skal handla om at innvandrane er likeverdige bidragsytarar i det norske fellesskapet, dei skal finna tryggleik i eit samfunn som er tufta på essensielle fridomsverdiar og økonomiske verdiar der folk bidreg og deltek. Å ha ei berekraftig innvandringspolitikk vil føra til at norske verdiar vert tekne vare på og vidareutvikla, slik at Noreg held fram med å vera eit velferdssamfunn (stortingsforhandlingar, 21. mars 2013, s. 2746).

Som i partiprogrammet blir det også her lagt vekt på at det berre er dei som har eit reelt behov for vern som skal få opphald (stortingsforhandlingar, 8. juni 2010, s. 3791), og at dei som har fått endeleg avslag må returnerast så fort som mogleg, samt at talet på grunnlause asylsøklarar må reduserast (stortingsforhandlingar, 22. mars 2010, s. 2466). Representantar frå partiet hevdar at det kjem mange grunnlause asylsøklarar, og at dei som ikkje har eit behov for vern misbrukar asylinstituttet (stortingsforhandlingar, 8. juni 2010, s. 3794), samt at dei skuldar SV for å ikkje ha ei grense for kor mange som kan koma til kongeriket (stortingsforhandlingar, 7. juni 2011, s. 4456). Som i partiprogrammet der partiet gjer eit skilje mellom innvandrane og asylsøklarar, blir det også her gjort eit skilje mellom papirlause migrantar og illegale migrantar, der FrP hevdar at papirlause migrantar er illegale migrantar. Partiet legg vekt på at det er naudsynt med lukka asylmottak for å kunna ha kontroll på dei menneska som kjem til Noreg for å søkja asyl (stortingsforhandlingar, 24. mars 2009, s. 2454). Det er naudsynt med lukka mottak og effektiv saksbehandlingstid, som er grunnlaget for at det må førast ein streng asylpolitikk. Det må nyttast sterke verkemiddel for å få kontroll på innvandringspolitikken, for å kontroll på problema kring kriminelle asylsøklarar som misbrukar gjestfridomen (stortingsforhandlingar, 7. juni 2011, s. 4449). Lukka mottak vert karakterisert som naudsynt

for å gjera det umogleg for asylsøkjjarar å utføra kriminelle handlingar (stortingsforhandlingar, 7. juni 2011, s. 4456).

Ved familieinnvandring legg partiet vekt på at det burde vera fire års arbeids eller utdanning i Noreg før ei familieetablering (stortingsforhandlingar, 24. mars 2009, s. 406). Det vert lagt vekt på at det ikkje skal vera nokon menneskerett å få statsborgarskap, men at dette skal vera noko ein kvalifisera seg til gjennom å akseptera norsk kultur, snakka det norske språket, respektera norske lover og fylgja norske tradisjonar (stortingsforhandlingar, 19. mars 2012, s. 2576). Det må stillast krav til statsborgarskapet, ved at det er ei sjølvfølge at alle som kjem til Noreg skal læra seg norsk (stortingsforhandlingar, 8. juni 2011, s. 4512). I perioden har partiet også ytra at dei ynskjer eit forbod mot hijab i barneskulen, då dei hevdar at det går utover valfridom, og at det er viktig å verna om dei som vert tvungen til å gå med hijab (stortingsforhandlingar, 15. mars 2011, s. 2886). Born som er på flukt vert karakterisert som ei særleg sårbar gruppe, men at det kan vera utfordringar ved asylsøkjjarane sin reelle alder. Partiet stiller også spørsmålsteikn ved kva som er til bornas beste, og hevdar det er å vera saman med foreldra, og slik ikkje skil dei frå kvarandre (stortingsforhandlingar, 20. november 2012, s. 523). Bornas beste er å bu med familien, og difor bør dei returnerast til foreldra sitt heimland (stortingsforhandlingar, 29. april 2013, s. 3179).

SV 2009 - 2013

SV er oppteken av å verna om grunnleggjande rettar for innvandrarborn i Noreg, og hevda at det var eit viktig politisk mål for regjeringa i løpet av denne tidsperioden. Omsynet for borna skal gå framfor eventuelle innvandringsregulerande omsyn (stortingsforhandlingar, 20. november 2012, s. 526), og då særleg korleis ein skal sikra at omsynet til born blir teken vare på, og korleis krig og konflikhtar rammar born (stortingsforhandlingar, 20. november 2012, s. 534). SV legg vekt på at det må vera ein asylpolitikk som er rettferdig, human og rettstrygg, og som legg vekt på bornas beste (stortingsforhandlingar, 29. april 2013, s. 3172). Ved spørsmålet om papirlause migrantar var partiet mest oppteken av at omsynet til borna måtte gå føre det at dei var papirlause (stortingsforhandlingar, 22. mars 2010, s. 2467). Partiet hevdar også at innvandring ikkje er eit trugsmål mot samfunnsutviklinga, men at innvandring er ein føresetnad for god og moderne samfunnsutvikling (stortingsforhandlingar, 21. mars 2013, s. 2750). Partiet tok også i perioden disens i regjeringa på punktet om familieetablering,

der dei hevda at det ikkje var mogleg å krevja av dei som har fått opphald at dei ikkje skal kunna få vera med sine born eller ektefelle dersom dei ikkje har hatt jobb eller studert i fire år (stortingsforhandlingar, 24. mars 2009, s. 407).

SV er heller ikkje samd i at det skal vera lukka asylmottak, og hevdar at i debatten om lukka asylmottak nyttar FrP ein retorisk debatt-teknikk, og at det blir for dårleg opplyst kva eit lukka asylmottak går ut på (stortingsforhandlingar, 24. mars 2009, s. 2455). Partiet legg meir vekt på ansvaret me har ovanfor flyktningane, og hevdar at når det blir snakk om den store ansvarsfordelinga i verda, er det svært få som får opphald i Europa i forhold til talet på flyktningar. Dei syner til dei største flyktningleirane som ligg i Kenya, og hevdar at det på bakgrunn av dette er dei fattigaste landa i verda som tek størst ansvar for å oppfylle menneskerettane, og rett til tryggleik og liv. Partiet legg vekt på at Noreg som nasjon ikkje gjer nok for å oppfylle denne retten (stortingsforhandlingar, 8. juni 2010, s. 3787), og at Noreg har strenge reglar for asyl, då dei som søker om asyl og som ikkje oppfyller krava, ikkje misbrukar asylinstituttet. Representantane frå SV hevdar at det er politisk, juridisk og moralsk feil å hevda at menneske som søker om asyl, misbrukar asylinstituttet (stortingsforhandlingar, 8. juni 2010, s. 3794), samt at det er bra at menneske søker om asyl og vern i Noreg når dei vert driven på flukt. Dei som gjer kriminelle handlingar og dekkjer seg bak ein asylsøknad, øydelegg for alle asylsøkjjarar som nyttar seg av sin rett til å søka om vern (stortingsforhandlingar, 7. juni 2011, s. 4453).

Det var stor semje om at språkopplæring var viktig i denne perioden, og SV la særleg vekt på at dei som regjeringsparti auka språkopplæringa slik at innvandrarakar skulle kunna lukkast i arbeidslivet. Dei la difor vekt på at det var viktig med eit arbeidsliv som tok imot innvandrarakar og ikkje diskriminerte på bakgrunn av etnisitet eller namn (stortingsforhandlingar, 2. desember 2010, s. 1196). Rett og plikt til opplæring i norsk skulle føra til at fleire innvandrarakar kom ut i arbeid og slik vart økonomiske sjølvstendige (stortingsforhandlingar, 8. juni 2011, s. 4515). SV legg vekt på at det norske statsborgarskapet skal markera at statsborgarane sluttar seg til dei grunnleggjande verdiane som det politiske fellesskapet byggjer på, verdiar som til dømes felles politiske spelereglar eller demokrati. Partiet ynskjer at alle som bur permanent i Noreg skal bli norske statsborgarar, delta i det norske samfunnet, og slik få ei tilhøyrse til Noreg som gjer at ein vil ta vare på pliktar og rettar ovanfor den norske

stat (stortingsforhandlingar, 19. mars 2012, s. 2578). Partiet legg også vekt på at utdanning er viktig, og at det er ei utfordring å sørgja for at menneske frå andre land får utteljing for sine kvalifikasjonar. Det er også ei utfordring knytt til diskriminering, ved til dømes å ha eit utanlandsk namn når ein søker jobb (stortingsforhandlingar, 9. februar 2012, s. 2247).

I debatten om hijab var partiet svært usamde med FrP, og hevda at det er fleire grunnar til at jenter og kvinner nyttar hijab, til dømes på grunn av religion, mote, vane eller tradisjon (stortingsforhandlingar, 15. mars 2011, s. 2887). Representantar frå SV skulda FrP for å vera redde for islam, og at ein i SV var for hijab på grunnlag av at ein ikkje kan laga eit forbod mot alt ein ikkje forstår eller ikkje likar (stortingsforhandlingar, 15. mars 2011, s. 2888). Dei hevda det var lite framsnakk av innvandrarar, av andre religionar, livssyn og mangfald. Partiet legg vekt på at det er naudsynt å ikkje svartmåla, problematisera eller sjå problem framfor det som er mogleg, og at ein må kjenna på eit ansvar for å hjelpa (stortingsforhandlingar, 17. juni 2013, s. 4418). SV på si side hevdar at dersom det vert eit berekraftsproblem i velferdsstaten knytt til innvandring, så vil dette ikkje berre omhandla ikkje-vestleg innvandring, men også vestleg arbeidsinnvandring, då den ikkje-vestlege innvandringa er relativt avgrensa (stortingsforhandlingar, 18. mai 2011, s. 3990).

FrP 2013 – 2017

I denne perioden understreka FrP at det er viktig med eit robust og konsekvent regelverk for norsk innvandringspolitikk (stortingsforhandlingar, 8. april 2014, s. 2138). Partiet legg framleis vekt på berekraft og innstrammingar, og hevdar at summen av alle innstrammingane gjev resultat som gjer at innvandringa vert meir berekraftig (stortingsforhandlingar, 30. april 2015, s. 3024). Som regjeringsparti legg dei vekt på at regjeringa held ein stø kurs i innvandringspolitikken, då dei tenkjer langsiktig og ynskjer å sikra ein berekraftig innvandringspolitikk for å ta vare på velferdsmodellen (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4086). Det må førast ein ansvarleg innvandringspolitikk slik at det er berekraft i den (stortingsforhandlingar, 15. mars 2016, s. 2221). Dei støttar seg på det som dei hevdar er grunnplanken i regjeringa sin integreringspolitikk, som i hovudsak går ut på at innvandrarar som skal bu og leva i Noreg må koma ut i arbeid, akseptera norske verdiar, læra seg norsk og bli aktive i samfunnet (stortingsforhandlingar, 16. juni 2016, s. 4419). Partiet legg stor vekt på at det er viktig å sikra velferdsmodellen for framtida, og at det difor er viktig å tenkja på

berekrafta i velferdstenestene og i velferdsordningane (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4097). Det vert lagt vekt på at ein innvandringspolitikk som ikkje er berekraftig vil føra til store skilnader, og av omsynet til berekrafta i velferdsordningane og av omsyn til den einskilde innvandrar er det viktig at dei som vert buande i Noreg vert godt integrert i arbeidslivet og slik vert økonomiske sjølvstendige. Det er på grunnlag av dette viktig at innvandringspolitikken er streng og ansvarleg, for å kunna sikra ein berekraftig asylpolitikk (stortingsforhandlingar, 6. juni 2017, s. 3742).

Vidare vert det lagt vekt på at alle som har fått avslag på søknaden har ein plikt til å forlata landet (stortingsforhandlingar, 30. april 2015, s. 3030), og dei som får opphaldsløyve skal integrerast raskare, medan dei som får avslag skal returnerast raskare, også einslege mindreårige asylsøkjjarar (stortingsforhandlingar, 8. april 2014, s. 2141). FrP tok i denne perioden initiativ til å innføra eit nytt regelverk for å kunna arrestera og fengsla utlendingar som har levert klårt grunnlause asylsøknadar, og la vekt på at det var viktig å få på plass innstrammingar i innvandringspolitikken. Partiet legg vekt på at det er viktig for dei å nytta mykje pengar på hjelp i nærområda (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4076 - 4077) og at flyktingane bør hjelpast i sine nærområde (stortingsforhandlingar, 15. mars 2016, s. 2222). Partiet hevdar at ingen i Noreg ynskjer å få svenske tilstandar (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4077). Det vert hevda at Noreg er eit svært attraktivt land for unge einslege, og at familiar finn det attraktivt å senda sine born på ei potensiell livsfarleg reisa til Europa og Noreg. På bakgrunn av at einslege mindreårige kjem i aukande mengde til Europa, må Noreg som står fram som eit attraktivt land, stramma meir inn (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4085 - 4086). Partiet legg vekt på at det viktigaste ein kan gjera for å hindra liding blant mindreårige asylsøkjjarar, er å hjelpa dei der dei er, då det er ei særleg sårbar gruppe som har behov for tryggleik og omsorg (stortingsforhandlingar, 15. mars 2016, s. 2217). Det mest humane er difor å sørgja for at born som har det trygt i sitt heimland, ikkje vert sendt ut på ei livsfarleg reisa på bakgrunn av at foreldra ynskjer ein betre økonomisk situasjon. På bakgrunn av det ynskjer FrP å unngå å senda signal om ei liberal innvandringspolitikk, og at det ikkje kan vera ein automatikk i å få opphald berre fordi ein er under 18 år (stortingsforhandlingar, 20. juni 2017, s. 4652).

Det vert også lagt vekt på utfordringar og konsekvensar i denne perioden, då det blir hevda at ei for rask innvandring kan føra til at ein ikkje berre får mangel på arbeidstilbod, men det kan også føra til fleire andre utfordringar for samfunnet som til dømes utfordringar knytt til opplæring i norske verdiar og normer. Difor er det viktigaste integreringstiltaket ei restriktiv innvandringspolitikk, og at deltaking i arbeidslivet er avgjerande for god integrering (stortingsforhandlingar, 15. mars 2016, s. 2205). Partiet er difor skeptiske til familieetablering, då det vert karakterisert som det største hinderet for å til tilpassing av våre fridomsverdiar (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4098). Representantar hevdar at resultatet av innvandring er at dei ikkje-vestlege innvandrargruppene deltek minimalt i arbeid, er overrepresentert som gruppe som mottek økonomisk sosialhjelp og andre velferdsordningar, dei er klårt overrepresentert i kriminalstatistikken, samt at sosiale skilnadar og utfordringar går i arv. Det er også fleire utfordringar kring undertrykking og sosial kontroll, og eit press for å gå med hijab (stortingsforhandlingar, 16. juni 2016, s. 4412). Konsekvensane av ei slik vedvarande høg innvandring over fleire år kan bli store og kosta mykje, og Noreg vil med ein feilslått innvandringspolitikk måtte førebu seg på velferdsnett eller skatteauke. FrP hevdar at det på grunnlag av dette er viktig at dei har kontroll på innvandringspolitikken, slik at den kan vera streng og ansvarleg for å sikra ein berekraftig asylpolitikk. Det vert særleg lagt vekt på at partiet ynskjer ein streng innvandringspolitikk, og at innvandrarane må arbeida og slik bli økonomisk sjølvstendige for å ta vare på berekrafta i norske velferdsordningar (stortingsforhandlingar, 6. juni 2017, s. 3748). Det er også viktig for partiet at alle som bur i Noreg må akseptera og forholde seg til våre verdiar, lover og reglar (stortingsforhandlingar, 16. juni 2016, s. 4419).

For FrP er det viktig at innvandringa vert avgrensa, og at ein ikkje kan hjelpa så mykje at sjølve grunnlaget for å gje hjelp forsvinn, både kulturelt og økonomisk. Partiet legg særleg vekt på at flyktningar ikkje skal få særbehandling, og at nordmenn skal behandlast likt med flyktningar (stortingsforhandlingar, 8. juni 2017, s. 3989). Partiet legg vekt på at dei er oppteken av likebehandling, og ikkje skilnadsbehandling eller særbehandling, og hevdar difor at det ikkje er likebehandling som skapar misunning eller irritasjon og som bidreg til negative haldningar ovanfor nye landsmenn, men at det er ei særbehandling som kan skapa slike situasjonar. FrP ynskjer difor ikkje å gje flyktningar særbehandling når det gjeld økonomiske stønadar frå det offentlege, då det ikkje vil føra til integrering eller auka sysselsetting. Partiet legg vekt på at særbehandling av flyktningar kan føra til at fleire flyktningar vel å koma til

Noreg, slik at dei kan få tilgang til velferdsgode, og at det er feil at flyktningar utan vidare skal få betre rettar enn nordmenn (stortingsforhandlingar, 8. juni 2017, s. 3992 - 3993).

SV 2013 - 2017

SV på si side var også i denne perioden oppteken av det beste for borna, og hevda at einslege mindreårige asylsøkkjarar på flukt er den mest sårbare gruppa med risiko for å få psykiske problem, bli utsett for menneskehandel, overgrep eller tvungen inn i kriminalitet. SV stiller spørsmålsteikn ved om rettstryggleiken til desse ungdommane vert teken vare på (stortingsforhandlingar, 8. april 2014, s. 2137), kva eit robust system er med tanke på rettstryggleiken deira, og kva rask retur vil ha å sei for borna si helse (stortingsforhandlingar, 8. april 2014, s. 2139). Partiet legg vekt på at det er bornas beste som må leggjast til grunn, og at det må takast ekstra omsyn til desse, samt eit høve for at dei får godkjent søknaden sin på humanitært grunnlag. Partiet legg vekt på barnekonvensjonen, og at me ikkje må bryta forpliktingar kring den (stortingsforhandlingar, 8. april 2014, s. 2141). Partiet er ikkje samd i dei mange innstrammingane, og hevda at dei barnefamiliane som har vore her over ein lengre tidsperiode må få sett på saka si på nytt før ei eventuell utsending, då asylsaka kan vera forandra særleg i forhold til borna sin tilknytning til landet (stortingsforhandlingar, 30. april 2015, s. 3028).

Det vert i stor grad lagt vekt på at Noreg må fylgja sine internasjonale forpliktingar og ta vår del av ansvaret når mange flyktar (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4083). Det vert lagt vekt på at me saman med andre kan sikra tryggleik for flyktningar dersom me fylgjer våre internasjonale forpliktingar (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4096). SV hevdar at praksisen ovanfor born på flukt har vore for streng, og at det difor må vera ein meir human asyl- og flyktningpolitikk (stortingsforhandlingar, 30. april 2015, s. 3029), og hevdar at å gjera familiegjenforeining vanskelegare er eit dårleg integreringstiltak (stortingsforhandlingar, 15. mars 2016, s. 2208). Representantar frå partiet hevdar at me ikkje må sitja på vår høge hest og dømma andre, og særleg ikkje dersom dei sendar ungane sine vekk frå krig og elende, for det har me ingen moralsk grunn til å gjera i rike Noreg (stortingsforhandlingar, 15. mars 2016, s. 2222). Dersom verda skal bli tryggare, hevdar partiet det er naudsynt å få på plass internasjonale avtalar som vernar om menneskerettane, og då er ikkje løysinga å stengja

Noregs grenser, skremma vekk flest mogleg, eller å skyva ansvaret over på andre (stortingsforhandlingar, 10. juni 2016, s. 4103).

Born syner seg å vera viktig for SV, også når det gjeld integrering. Eit viktig integreringstiltak som partiet nemner er å sikra at alle born i barnehagealder som kjem til Noreg får barnehageplass. Det vert hevda at den beste plassen for å læra norsk er i barnehagen, og at å vera born på flukt og bu i eit asylmottak er ein unormal situasjon. Desse borna bør få lov til å leva nokre timar med normalt barneliv i ein barnehage, og dette vil i fylgje representantane frå SV sikra betre integrering, og slik sikra at mange fleire i familien kan godt norsk. Det er dårleg integrering dersom ein lev i uro for at familien sin ikkje får slå seg til ro i Noreg (stortingsforhandlingar, 16. juni 2016, s. 4417). Partiet er også oppteken av flyktningkvinner, og at det må på plass betre oppfylgning av dei som har vore utsett for kjønnsbasert vald under flukt eller i heimlandet. Det vert difor lagt vekt på å hjelpa desse kvinnene, og at dei må ha rett til asyl ved kjønnsbasert forfylgning (stortingsforhandlingar, 16. juni 2016, s. 4438).

SV legg også vekt på at verdiar er sentrale, og når ein blir meir mangfaldige må verdifellesskapet også bli sterkare (stortingsforhandlingar, 16. juni 2016, s. 4431). Dei understrekar verdien av å ha universelle ordningar, verdien av eit fellesskap som stiller opp, å sikra grunnleggjande verdigheit og at alle har noko å leva for. SV hevdar på si side at det ikkje er slik at flyktingar kjem til Noreg på grunn av norske velferdsordningar, men at dei kjem på grunnlag av uro, konflikt og krig i heimlandet (stortingsforhandlingar, 8. juni 2017, s. 3989). Partiet peikar også på utfordringar, men at det er utfordringar knytt til dei som flyktar, og at ein må ta utfordringane til innvandrarungdom på alvor (stortingsforhandlingar, 16. juni 2016, s. 4415). Partiet er også klår på at einslege mindreårige asylsøkjjarar er born som ikkje har foreldre eller føresette, og at det er vår plikt etter barnekonvensjonen å behandla dei likt med våre born når dei oppheld seg i Noreg. Dei legg også vekt på at dette ikkje er kyniske foreldre som sender ungane sine vekk, men at det handlar om ungdom som rømmer frå noko uleveleg (stortingsforhandlingar, 20. juni 2017, s. 4653).

FrP 2017 – 2019

I den siste tidsperioden som oppgåva ser på, har FrP lagt vekt på integrering og utfordringar, og hevdar at sosial kontroll og æreskultur er ei av dei største integreringsutfordringane, og som er ein kultur som er i direkte strid med norske og vestlege verdiar som likestilling, retten til å leva slik ein sjølv måtte ynskja og fridom. Partiet legg vekt på at det difor er viktig med opplæring i norske reglar, lover og verdiar på asylmottaka. Det vert lagt vekt på at å vera integrert ikkje berre vil sei at ein har jobb og klarar seg sjølv økonomisk, men at det er like viktig at ein er integrert i dei verdiane som samfunnet byggjer på, og at ein respektera og lev etter dei reglane og lovene som gjeld i samfunnet. For å lukkast med integreringa, er det difor naudsynt å ha kontroll på innvandringa (stortingsforhandlingar, 28. november 2017, s. 511 - 512). Partiet legg også vekt på at familiegjennforeining er eit godt døme på ei av utfordringane ved innvandringspolitikken (stortingsforhandlingar, 18. januar 2018, s. 1837). Partiet framhev i debatten om utfordringar at dei har åttvara mot ein naiv innvandringspolitikk, og at ein kan sjå resultat av ein slik politikk nokre stadar der ein har enorme integreringsproblem, der innvandrarbefolkninga er i fleirtal, har ei anna kultur og ikkje er lært opp i norske verdiar (stortingsforhandlingar, 30. april 2019, s. 3644). Det vert hevda at dei felles verdiane som vårt samfunn er tufta på ikkje er å finna hjå fleire med bakgrunn frå muslimske land (stortingsforhandlingar, 28. november 2017, s. 519).

Det vert også hevda frå FrP at dei som regjeringsparti har bidrege til ei betring av bornas rettstryggleik og omsynet til bornas beste. Partiet legg vekt på at det er viktig at dersom ein ikkje får returnert born etter 72 timar, kan ein risikera at dei vert sluppen ut att i samfunnet, og slik får falske forhåpningar. Det er difor viktig å skjerma desse borna frå dei ekstra belastningane dette kan medføra (stortingsforhandlingar, 15. mars 2018, s. 2718). For å kunna gjennomføra norsk innvandringspolitikk, hevdar representantar frå partiet at det er viktig at regelverket inneheld tilstrekkelege verkemiddel for å kunna få til rask uttransportering av dei som har fått avslag, også når det gjeld barnefamiljar (stortingsforhandlingar, 15. mars 2018, s. 2721). Partiet hevdar at brot på utlendingslova er eit alvorleg problem, og at det er høge tal på medvitne lovbrok og forsøk på juks. I slike tilfelle er det viktig med ein streng utvisingspraksis, men at når det gjeld saker der born er involvert, må det takast særleg omsyn til borna (stortingsforhandlingar, 15. mars 2018, s. 2727). Det vert også lagt vekt på barnehijab i denne perioden, der partiet hevdar at bruk av hijab er eit symptom på sosial kontroll, og at det er ei stor utfordring å endra haldningane til dei som er religiøst overtydde.

Det vert på grunnlag av dette hevda at ein må ta tak i desse problema og sei at slik sosial kontroll som barnehijab er, ikkje blir akseptert i samfunnet på lik linja som heildekkande plagg som burka i det offentlege rom. Det må innførast eit forbod mot slik synleg sosial kontroll (stortingsforhandlingar, 28. november 2017, s. 520). Partiet legg også vekt på at statsborgarskapet må trekkjast tilbake dersom det er gjort straffbare forhold, og hevdar at terroristar og kriminelle si rettstryggleik ikkje skal gå føre omsynet til innbyggjarane og nasjonen sin tryggleik (stortingsforhandlingar, 15. mars 2018, s. 2680). Det vert hevda at heller enn å diskutera om fleire utan eit reelt behov for vern skal få opphald i Noreg, burde det heller diskuterast korleis ein kan hjelpa flyktningar der dei har det verst (stortingsforhandlingar, 18. januar 2018, s. 1828). Partiet legg vekt på at det er fleire enn det våre forpliktingar tilseier som får flyktningstatus og opphaldsløyve, noko som er uheldig, då det er viktig at norsk lov sikrar likebehandling for asylsøkjjarar og difor vera tydeleg på når det er plikta å gje flyktningstatus. Dersom det er mogleg å få vern i sitt eige heimland, legg FrP vekt på at ein ikkje har krav på internasjonalt vern (stortingsforhandlingar, 18. januar 2018, s. 1836).

SV 2017 - 2019

SV legg i denne perioden vekt på at likestilling og fridom ikkje kan foreinast med undertrykking av kvinner og born, og det kan ikkje kamuflerast som religion, tradisjon, æra eller kultur. Dei legg difor vekt på at ein skal vera kritiske til religiøs, tradisjonell eller kulturell undertrykking, og at kulturar skal forandrast og forstyrrast (stortingsforhandlingar, 28. november 2017, s. 516). Partiet snakkar også i denne perioden om våre internasjonale forpliktingar, og at Noreg må halda sine forpliktingar etter flyktningkonvensjonen og ikkje returnera nokon til fare, eller gjennom uforsvarleg retur bidra til å destabilisera område og land slik at fleire må flykta. Partiet legg vekt på at det er viktig å forholda seg til fakta og forpliktingar, og til korleis fakta skal fortolkast (stortingsforhandlingar, 18. januar 2018, s. 1830 - 1831).

Partiet legg framleis vekt på å sikra ein human asyl- og flyktningpolitikk, samt å sikra at det vert gjort ei grundig vurdering av bornas beste i kvar einskild asylsøknad (stortingsforhandlingar, 18. januar 2018, s. 1840). Representantar frå partiet hevdar det er feil å hindra familiegjenforeining, då det ikkje vil fremja god integrering å ikkje få lov til å vera

saman med familien sin når ein er flyktning. Det vert hevda at dette er ein svært lite familievenleg politikk, som SV ikkje er samd i (stortingsforhandlingar, 15. mars 2018, s. 2715). Partiet legg også vekt på at det må på plass fleire handlingsalternativ enn utvising, og at det må inn andre reaksjonsformer som i praksis, og for alle formål, tek vare på omsynet til bornas beste. Det vert hevda at det skal mykje til for å skilja foreldra frå borna sine, og at det kan i slike tilfelle vera legitimt for staten å nytta andre reaksjonsformer (stortingsforhandlingar, 15. mars 2018, s. 2726). I løpet av perioden hevdar også SV at terrorisme må kjempast imot, men at løysinga er ikkje at innvandrarak tapar sitt statsborgarskap. SV legg vekt på at dersom nokon er terrorist og staten veit om det, må vedkomande etterforskast, dømmast og fengslast. Det er ingen tryggleik i at nokon tapar statsborgarskapet og slik vert utestengt frå landet (stortingsforhandlingar, 15. mars 2018, s. 2692). Partiet skuldar også FrP for å snakka om særskilde utfordringar, men at dei ikkje kjem med særskilde løysingar for desse utfordringane, og at SV legg vekt på at gratis kjernetid i barnehagen og at innvandrarkvinner opplev at det lønner seg å jobba, vil føra til auka integrering (stortingsforhandlingar, 30. april 2019, s. 3644).

5.3. Korleis innramma FrP og SV spørsmålet kring innvandring i media i tidsperioden 2009 – 2019?


Avisoppslag i Klassekampen, VG og Aftenposten har vorte analysert ved hjelp av ei kvantitativ innhaldsanalyse og ordbokmetoden. I det fylgjande vert resultata frå den kvantitative analysen av avisoppslaga presentert.

Kategori	Presisert FrP	Presisert FrP	Presisert FrP
	2009 – 2013	2014 - 2017	2018 - 2019
Administrative prosessar	0.36594605	0.37020723	0.30434815
Familie	0.278589594	0.257589934	0.138632074
Innvandring	0.017036954	0.076059993	0.184517346
Internasjonalt	0.086100321	0.0524803	0.011143113
Islam	0.260096483	0.131041965	0.043775268
Juridisk	0.17724383	0.11841196	0.109015525
Konsekvensar	0.81744234	0.932066254	1.474359869
Kunnskap	0.088570857	0.099691974	0.132836461
Mangfald	0.425784762	0.14385905	0.1003704153
Politiske rettar	0.250942013	0.157204176	0.20304774
Religion	0.253182758	0.079248857	0.084390189
Solidaritet	0.376373527	0.403825908	0.353761383
Verdi	0.088977384	0.103138087	0.012242899
Økonomi	0.479640688	0.643254305	0.739661616

Tabell 4: Resultat analyse, FrP 2009 – 2019, tal i prosent

Kategori	Presisert SV	Presisert SV	Presisert SV
	2009 - 2013	2014 - 2017	2018 - 2019
Administrative prosessar	0.38816925	0.23760445	0.53389469
Familie	0.617927221	0.594090549	0.160918889
Innvandring	0.02302231	0.055573443	0.107957275
Internasjonalt	0.060389522	0.0393963	0.096463023
Islam	0.147086883	0.109858	0.08095463
Juridisk	0.237159296	0.074615854	0.09641141
Konsekvensar	1.380278167	0.944945098	1.047991132
Kunnskap	0.427348499	0.534012932	0.160918889
Mangfald	0.440566432	0.055405306	0.164482129
Politiske rettar	0.334352363	0.235624364	0.21283852
Religion	0.10045124	0.087684788	0.110677329
Solidaritet	0.502925195	0.590180592	0.344250858
Verdi	0.112955558	0.082953084	0.007827789
Økonomi	0.859228335	0.926375067	0.746340656

Tabell 5: Resultat analyse, SV 2009 – 2019, tal i prosent.



Tabell 6: Resultat analyse, FrP og SV 2009 – 2019, tal i prosent.

Som data syner variera tydinga av dei ulike aspekta over tid for begge partia. På førehand var førestillinga at kategoriane solidaritet og familie truleg kom til å vera meir framstående hjå SV, medan at kategoriane økonomi og konsekvensar kom til å vera meir framstående hjå FrP. Tabell fire syner at for FrP var det aspektet kring konsekvensar som var det mest framstående aspektet, etterfølgt av økonomiaspektet, solidaritet og administrative prosessar. Me ser at aspektet konsekvensar og økonomi aukar litt over tid, medan solidaritet og administrative prosessar aukar, for så å gå ned att. Tabell fem syner at for SV var det aspektet kring konsekvensar, økonomi, solidaritet, familie og administrative prosessar som var dei mest framstående. Me ser også at aspektet økonomi held seg relativt stabilt over tid, medan konsekvensar går noko ned. Familie og solidaritet minskar også over tid, medan aspektet administrative prosessar aukar. Tala i tabell fire og fem indikera forholdet til ord som er relatert til ordboka i utvalde avisartiklar kring innvandring for FrP og SV i tidsperioden 2009 – 2019, i forhold til det totale talet på ord som har meining (tabell ni) i desse tekstane uttrykt i prosent. Tabell seks syner at SV legg meir vekt på aspekta økonomi, verdi, solidaritet, politiske rettar, kunnskap, konsekvensar, juridisk og familie samla sett frå 2009 – 2019 enn det FrP gjer, og at FrP legg meir vekt på aspekta religion, mangfald, islam og innvandring enn


SV. Tabellen syner også at begge parti legg om lag lik vekt på aspekta internasjonal og administrative prosessar samla sett frå 2009 – 2019.

Rangering	FrP			SV		
	2009 – 2013	2014 - 2017	2018 - 2019	2009 - 2013	2014-2017	2018 - 2019
1	Konsekvensar	Konsekvensar	Konsekvensar	Konsekvensar	Konsekvensar	Konsekvensar
2	Økonomi	Økonomi	Økonomi	Økonomi	Økonomi	Økonomi
3	Mangfald	Solidaritet	Solidaritet	Familie	Familie	Administrative prosessar
4	Solidaritet	Administrative prosessar	Administrative prosessar	Solidaritet	Solidaritet	Solidaritet
5	Administrative prosessar	Familie	Politiske rettar	Mangfald	Kunnskap	Politiske rettar
6	Familie	Politiske rettar	Innvandring	Kunnskap	Administrative prosessar	Mangfald
7	Islam	Mangfald	Familie	Administrative prosessar	Politiske rettar	Kunnskap & Familie
8	Religion	Islam	Kunnskap	Politiske rettar	Islam	Kunnskap
9	Politiske rettar	Juridisk	Juridisk	Juridisk	Religion	Religion
10	Juridisk	Verdi	Mangfald	Islam	Verdi	Innvandring
11	Verdi	Kunnskap	Religion	Verdi	Juridisk	Internasjonalt
12	Kunnskap	Religion	Islam	Religion	Innvandring	Juridisk
13	Internasjonalt	Innvandring	Verdi	Internasjonalt	Mangfald	Islam
14	Innvandring	Internasjonalt	Internasjonalt	Innvandring	Innvandring	Verdi

Tabell 7: Rangering av kategoriane for FrP og SV, 2009 – 2019.

Kor stabil merksemda mot eit aspekt er over tid kan også synleggjerast ved å samanlikna kategoriane opp mot kvarandre. Dersom me ser på tabell sju, ser me at både FrP og SV hadde konsekvensar og økonomi som det aspektet som vart tillagt klårt mest merksemd, og denne merksemda var stabil over alle tidsperiodane. Solidaritet syner seg også å vera stabil over alle tidsperiodane for SV i forhold til dei andre kategoriane. Eit interessant funn er at solidaritet syner seg å vera ein så markant kategori for FrP, der merksemda mot aspektet aukar over tid

samanlikna med dei andre kategoriane. Sjølv om merksemda mot både økonomi, konsekvensar og solidaritet variera over tid både for FrP og SV etter tabell fire og fem, syner tabell sju at samanlikna med dei andre aspekta, er merksemda mot desse kategoriane relativt stabile over tid. Eit overraskande funn hjå SV etter tabell sju er at merksemda mot familieaspektet går ned etter 2017, noko som også er ein trend me kan sjå i tabell fem. Det er også interessant at verdiar som var så framstående for begge parti i både Stortinget og i partiprogramma, ikkje har ei markant merksemd i media, og merksemda mot kategorien held seg stabilt låg over tid. Tabell sju syner også at aspektet administrative prosessar har fått stabil merksemd samanlikna med dei andre kategoriane, men at også SV byrjar å gje dette aspektet meir merksemd over tid. Det er viktig å påpeika at tala prosentvis generelt er låge for dei fleste kategoriane, og at det ikkje skil mykje frå kategori til kategori hjå dei kategoriane som ligg nedst i tabell sju. Likevel synleggjer tabellen at merksemda mot ein kategori er relativt stabil over tid, og tabell fire og fem synleggjer nøyaktig korleis merksemda variera.



Tabell 8: Resultat analyse, mest vektlagde aspekt for FrP og SV i 2009 – 2019, tal i prosent.

Tabell åtte syner dei aspekta som er mest framstående i analysen for både FrP og SV. Eit interessant funn er at aspektet konsekvensar går ned for SV i tidsperioden, medan det går opp for FrP. Dette syner at aspektet har vorte meir viktig for FrP over tid. Det er eit viktig aspekt

for begge parti, då det held seg relativt stabilt over tid. Aspektet økonomi syner seg å variera for SV, medan det går opp for FrP i alle tre tidsperiodane. Administrative prosessar går særleg opp for SV i den siste tidsperioden, medan det vert mindre viktig for FrP. Familie er eit aspekt som har synt seg å vera særleg viktig for SV i høgare grad enn for FrP, men går ned i siste tidsperiode. Dette aspektet går ned for begge parti i den siste tidsperioden. Dette var også eit aspekt det vart snakka mykje om i Stortinget. Aspektet solidaritet held seg relativt stabilt for begge parti i alle tre tidsperiodane. Dette syner at det er skilnadar i kor stabil merksemda mot problemet er over tid.

Årstal	Klassekampen SV	Klassekampen FrP	VG SV	VG FrP	Aftenposten SV	Aftenposten FrP
2009	1932	1460	412	652	1460	6358
2010	1140	1114	181	780	1004	1101
2011	2033	3459	901	987	609	1352
2012	1448	1561	682	650	510	833
2013	183	5356	408	2418	930	2302
2014	1543	3615	194	744	19	1076
2015	1876	1830	799	2437	64	1484
2016	1050	2546	402	3892	789	4766
2017	1858	2004	497	4221	1656	2839
2018	623	2224	0	2592	622	4084
2019	1740	1713	2555	1969	561	2360
Totalt	15426	24592	7031	21342	8224	28555

Tabell 9: Tal på ord nytta i analyse, FrP & SV.

Tabell ni syner at prosent som er rapportert i tabell fire og fem kan verka låge. Det er difor naudsynt å poengtera at resultatane syner at for FrP i tidsperioden 2009 – 2019, av alle dei 240 orda som tilsvara dei 14 kategoriane i grunnlaget for ordboka, omfattar 0.4%, 0.6% og 0.7% av alle meiningsfulle ord brukt i avisartiklane frå denne perioden aspektet økonomi, der den totale mengde ord ligg på 24592, 28555 og 21342 ord. Dette vil sei at frå 2009 – 2013, var 0.4

prosent av meningsfulle ord i avisartiklane, ord som korrespondera til økonomiaspektet. Eit dokument inneheld ikkje berre ord, men også fullstendige setningar. Difor vil det ikkje vera mogleg å oppnå stor prosent i dette høve, då det er truleg at i eit dokument med over 20 000 ord ikkje vil vera tilfelle at ein nemner alle 240 orda frå mi ordbok i forhold til ein høg prosentdel. Det er heller ikkje difor mogleg å samanlikna FrP sine presentar opp mot SV sine, då det er ulik mengde ord i kvart datamateriale. Likevel syner funna kva aspekt som er viktige for kvart av partia, og dette kan slik samanliknast. Dette kan samsvara med det Kleven har skissert som at feil i tal kan knytast til presisjon, men korleis konseptet vert presentert av indikatorane er det som kan gje målefeil. Kor vidt det er gjort feil i denne analysen eller ikkje kan kvila på ordboka og om orda er skissert innanfor rett kategori. Dersom det er nokre ord som er plassert i feil kategori, vil det såleis gje utslag for den analysen som er gjort her. Konseptet vert presentert som at FrP legg særleg vekt på aspektet økonomi og konsekvensar, samt at den syner at aspekta familie og solidaritet framleis er viktige aspekt for SV, sjølv om aspekta økonomi og konsekvensar også syner seg å vera viktige. Fortolkingane som er gjort her syner seg å vera i tråd med den kvalitative analysen, og slik kan det seiast at det truleg ikkje er låg validitet i funna som er gjort.

6. Drøfting av funn

I dette drøftingskapitlet vil funna som har vorte gjort i kapitel fem drøftast opp mot teorien som er skissert i kapitel tre.

6.1. Innramming i partiprogram

Ved bruk av ei kvalitativt retta innhaldsanalyse syner denne analysen at partiprogramma er svært ulike. Frå FrP sine program går det igjen at ingen skal få særbehandling, at ein må integrera seg og læra norsk for å få stønad, at innvandring fører til alvorlege motsetningar, avgrensing av mottak utanfrå vestleg kulturkrets, politikk som byggjer på norske verdiar, normer og reglar, språk- og kunnskapstest, samt at politikken skal vera streng. FrP sitt program endrar seg heller ikkje mykje over tid, då overskriftene er dei same i alle tre partiprogramma, men at det siste partiprogrammet har fått ei mykje lenger innleiing, samt fleire nøkkelpunkt. Partiprogrammet til FrP skil seg markant frå SV sine program, der partiet gjekk frå å ikkje snakka om innvandring i 2009 – 2013, til å få eit sju sider langt program i

2017 – 2021. Frå SV sine program går det igjen at politikken må vera rettstrygg, rettviss og solidarisk, samt omsynet til born, positive aspekt ved arbeidsinnvandring, likestilling og vern av kvinner som vert utsett for overgrep eller utnytting. Programma til SV har endra seg ganske drastisk frå å ikkje omhandla innvandring i 2009 – 2013, til få markant plass i 2013 – 2017 og 2017 – 2021. Programmet frå 2017 – 2021 endra seg litt ved at SV fokusera i større grad på kvalifisering og utdanning som eiga overskrift saman med integrering. Programmet har fått færre overskrifter, med lenger innhald. Den kvalitative innhaldsanalysen har synt at partia legg vekt på ulike aspekt når det gjeld innvandring. For begge partia er det viktig med norskopplæring, men i ulik grad. For FrP er dette eit krav for å få trygd, medan for SV er det ein viktig faktor for å bli kjent med nye personar. FrP legg særleg vekt på ord som vestleg kulturkrets, streng, verdiar, normer og reglar, medan SV legg særleg vekt på ord som solidarisk, likestilling, rettstrygg, omsyn til born og kvinner, samt rettviss.

Ved å sjå på den kvantitative dimensjonen ved partiprogrammet har synt at saksområdet har vorte mykje viktigare for partia over tidsperioden. I perioden frå 2009 – 2013 vart ikkje innvandring nemnt som eige kapittel i programmet til SV, noko som kan tyda på at innvandring ikkje var eit prioritert tema i perioden 2009 – 2013, då det så og sei ikkje er nytta noko plass til temaet i partiprogrammet. For FrP var det i perioden 2009 – 2013 eit underkapittel i deira program, og i løpet av dei to neste tidsperiodane, 2013 – 2017 og 2017 – 2021, har temaet fått auka plass i begge sine partiprogram med eige kapittel og innleiing til temaet. Særleg for SV er skilnaden markant, då dei har gått frå null til sju sider frå 2009 – 2017. Samla sett ser det difor ut til at temaet har fått større plass for begge parti i deira partiprogram, samt at det ser ut til å ha vorte eit tema som er på linje med andre saksområde i partiprogramma. Den kvantitative tilnærminga har slik vore til hjelp for å kunna sjå om dette saksområde har vorte meir eller mindre viktig over tid. Denne analysen syner at saksområdet har vorte viktigare for begge partia over tidsperioden som har vorte behandla.

Analysen har synt at partiprogramma til FrP og SV fokusera på ulike aspekt når det gjeld innvandring. SV har framheva solidaritet, medan FrP har framheva streng. Begge har framheva verdiar, men på ulike måtar. På bakgrunn av orda som er funne i FrP sine partiprogram, kan det hevdast at FrP i større grad enn SV framhev dei problematiske aspekta som kan førekoma med innvandring, som til dømes alvorlege motsetningar i samfunnet,

medan SV fokusera mindre på problematiske aspekt og meir på at innvandring kan ha positive effektar på samfunnet. Ved at desse to partia framhev ulike aspekt, samsvarar det med innrammingsteorien, då dei ynskjer at veljarane skal tenkja langs bestemte linjer. På grunnlag av ord i partiprogrammet som alvorlege motsetningar og avgrensing utanfor vestleg kulturkrets, kan det verka som at FrP forsøker å få veljarane sine til å sjå på innvandring langs til dømes konsekvenslinjer og verdilinjjer, og at innvandring såleis kan få negative konsekvensar for samfunnet og norske verdiar. Ved at SV i sitt program framhev ord som solidaritet, verdiar, ansvar og at arbeidsinnvandring er positivt, kan det verka som at også SV ynskjer at veljarane skal sjå på innvandring langs desse to linjene, men på ein anna måte. Langs desse linjene vil ein då kunna sjå innvandring som noko positivt for samfunnet, og at det må liggja til grunn nokon grunnleggjande verdiar som er felles for alle. Dette samsvarar med det som har vorte skissert som konkurrerende former for innramming av Chong og Druckman, på bakgrunn av Sniderman og Theriault. Då analysen av partiprogramma har synt at partia har ulike syn når det gjeld temaet innvandring, vil veljarane bli eksponert for konkurrerende former for innramming. På bakgrunn av at dei forsøker å få veljarane sine til å tenkja langs bestemte linjer, vil det også samsvara det Druckman skissera som likeverd innrammings effekt, då veljarane vil fokusera på spesifikke forhold ved dei aspekta som har vorte framheva rundt innvandringstemaet.

Det verkar også som at det kan ha skjedd ei overtyd som Chong og Druckman har skissert, på bakgrunn av Nelson og Oxley, då både FrP og SV forsøker å modifisera sine meiningar. På bakgrunn av at FrP hevdar at innvandring kan føra til alvorlege motsetningar, og at SV hevdar at innvandrarakar kan verka positivt inn på samfunnet, er det eit forsøk på *priming*, då begge partia etter kvart i tidsperioden har bestemt seg for at dette er eit viktig saksområde som alle burde ha ei meining om. Dette stemmer også overeins med det Entman har skissert som innramming, då denne forma for innramming gjennom *priming* vil kunna få veljarane til å endra sine preferansar og tolkingar om temaet. Slik kan veljarane bli oppfordra til å sjå på temaet på ein bestemt måte. Særleg FrP kan også hevdast å ha lukkast med å skapa heimeposisjonar for sine veljarar, då det som Strand har skissert syner seg at over 70 prosent av deira veljarar hevdar at innvandring er den viktigaste saken for dei. Det kan difor tenkjast at partiet klarar å nå fram til andre parti sine veljarar som har innvandring som si viktigaste sak. Det er meir uklårt om SV har lukkast med å få til heimeposisjonar for sine veljarar innanfor dette temaet, då det ikkje var så mange av SV veljarane som hevda at innvandring er

den viktigaste saken for dei. Likevel er over 70 prosent av SV sine veljarar positive til innvandring, og slik har partiet høve til å nå fram til andre veljarar som er meir positive til innvandring.

Partiprogramma vil i stor grad samsvara med det Schmidt har skissert som koordinerande diskurs, då dette er ein arena for oppretting, utbreiing og grunngeving av politikk og programidear. Utforminga av partiprogramma skjer internt i partiet, og er i ikkje gjenstand for offentleg diskusjon. Slik prøver dei politiske aktørane i kvart parti å koordinera semje mellom partikolleagaer og korleis politiske idear som skal nedfellast i partiprogrammet. Presentasjon, legitimering og drøfting av det som står i partiprogramma vil derimot skje i stortingsdebattane og i media. Partiprogramma kan også ha element frå den kommunikative diskursen ved at det er partiet si grunnplattform der alt av politikk ligg opent for veljarane. Dette kan synleggjerast ved at begge partia har nytta tydeleg større plass til temaet innvandring, noko som synleggjer for veljarane at temaet har fått ei auka tyding for partiet. Partiprogramma legg i hovudsak grunnlaget for kva partiet skal hevda i Stortingsdebattar og i media. Slik kan det verka som at FrP sine partiprogram speglar kognitive idear, då dei legg særleg vekt på kva som er naudsynt å gjera i form av å avgrensa innvandring, medan SV sine speglar normative idear ved å oppfordra til moralske verdiar i form av at dei hevdar at me har eit solidarisk ansvar ovanfor dei som er på flukt.

6.2. Innramming i Stortinget

Det er i denne arenaen at strategisk innramming kjem til syne, då problemet vert definert i partiprogramma og løfta vidare til Stortinget der den får både merksemda til regjeringa og det offentlege. Entman sine fire former for krav, agendasetting, årsakssamanheng, moralsk dømmekraft og forslag til løysing, vert alle synlege i Stortinget og er føresetnaden for strategisk innramming. Funksjonane kan vera til hjelp for å sjå om FrP og SV definerer problemet på same måte. Ser me på FrP, kan det hevdast at dei legg i noko meir grad vekt på årsakssamanheng enn moralsk dømmekraft, då dei snakkar særleg om utfordringar og kostnadar knytt til innvandring, og at ein vert tvungen til å velja mellom velferd eller innvandring dersom ein ikkje strammar tydeleg inn på innvandringsfeltet. Då FrP har lagt vekt på at dei som regjeringsparti heldt stø kurs i innvandringspolitikken, at dei tenkjer langsiktig og ynskjer ei berekraftig innvandring for å ta vare på velferdsmodellen, syner det at dei legg

særleg vekt på årsaksamanheng. For FrP er det viktig å få fram at ein innvandringspolitikk som ikkje er streng og restriktiv vil føra til større kostnader og ei redusering av velferd. Ser me på SV på den andre sida, er deira største fokus å verna om grunnleggjande rettar for born og at omsynet for desse borna skal gå føre innvandringsregulerande omsyn.

Innvandringspolitikken skal ikkje vera streng og restriktiv, men human, rettferdig og rettstrygg, og at innvandring ikkje er eit trugsmål, men ein føresetnad for god og moderne samfunnsutvikling. SV legg også stor vekt på å fylgja internasjonale forpliktingar og ta ansvar for flyktningar. Dei peikar også på utfordringar, men at dette gjeld å ikkje ta utfordringane til dei som flyktar alvorleg. Slik kan me sjå at SV i større grad legg vekt på moralsk dømmekraft, då det vert i stor grad oppfordra til å overhalda internasjonale forpliktingar og ta vår del av ansvaret, samt at omsynet for borna skal gå føre innvandringsregulerande omsyn. Innhaldet til desse to partia syner seg å ikkje vera det same på bakgrunn av analysen av stortingsreferata, og at partia difor ikkje definerer problemet på same måte. Begge partia er derimot samde om at språk og kunnskapsopplæring er viktig, og at det er viktig å ta omsyn til borna. Begge partia har forslag til løysing, då FrP hevdar at for å halda fram som velferdssamfunn er løysinga å avgrensa innvandringa og skuldar SV for at det ikkje er ei grense for kor mange innvandrarak ein tek in, medan SV har skulda FrP for å ikkje koma med ordentlege løysingar til utfordringane dei skissera. SV hevdar på si side at dersom innvandrarborn deltek i barnehagen og at innvandrankvinner deltek i arbeidslivet, vil det føra til ei auka integrering som kan letta på nokre av utfordringane som har vorte skissert.

I denne arenaen kjem det klårt fram at partia har ulike syn på innvandring, og at veljarane slik vert utsett for konkurrerande former for innramming. I analysen av partiprogramma kom det fram at FrP truleg forsøker å få veljarane sine til å sjå på innvandring langs konsekvens og verdilinjjer. I Stortinget verkar det også som at FrP forsøker å få fram konsekvens og verdilinjene, då ei auke i innvandring vil føra til store utfordringar med tanke på likestilling og offentlege ytingar, samt kulturelle og økonomiske utfordringar. Partiet snakkar også i denne arenaen om verdiar då dei hevdar det er viktig at ein er integrert med dei verdiane som eksistera i samfunnet, samt at dei som regjeringsparti legg til grunn at innvandrarak som skal bu i Noreg må akseptera norske verdiar, noko som samsvara i høg grad med det som står i deira partiprogram. Dei løftar også fram kostnadsaspektet i større grad, då dei hevdar at ein blir tvungen til å velja mellom velferd og innvandring, samt at ei stadig vekst vil føra til auka kostnader for skattebetalarane. Partiet snakkar meir om born i Stortinget enn dei gjorde i

partiprogrammet, men at desse skal returnerast så raskt som mogleg dersom avslag. Partiet framhev framleis ein streng og restriktiv innvandringspolitikk. SV på si side legg ikkje like mykje vekt på kostnadsperspektivet, men at det er utfordringar knytt til å ikkje ta innvandarane sin situasjon på alvor, samt ei innvandring som er human, rettferdig og rettstrygg og at innvandring er føresetnad for god og moderne samfunnsutvikling. Partiet framhev at verdiar er sentrale, og at verdifellesskapet må stå sterkt jo meir mangfaldige ein blir. Slik syner også analysen av stortingsreferata at partia legg vekt på ulike aspekt ved innvandringspolitikken, og at veljarane slik truleg vert utsett for konkurrerande former for innramming. Det kan også her hevdast at partia forsøker å syna bestemte eigenskapar ved deira politikk. FrP legg særleg vekt på trulege effektar ved politikken, då dei hevdar i debatten om utfordringar at dei har åtvare mot ein naiv innvandringspolitikk som ein no kan sjå resultat av, medan SV syner til verdiaspektet ved at me har eit ansvar som nasjon å hjelpa. Også FrP legg vekt på verdiaspektet i form av at innvandararar ikkje er lært opp i norske verdiar.

Skiljet som Schmidt har gjort mellom kognitive og normative idear synleggjer kva politiske argument som har kome fram i debatten. På bakgrunn av korleis FrP og SV har innramma temaet i Stortinget, kan det hevdast at SV byggjer på moralske verdiar og standpunkt, då partiet hevdar me har eit ansvar for å hjelpa og at me ikkje har nokon moralsk grunn til å dømme dei som flyktar. Dei hevdar som nemnt at det er naudsynt med internasjonale avtalar, der Noreg ikkje kan skyva ansvaret over på andre eller stengja grensene. FrP på si side verkar til å leggja meir vekt på kva som er naudsynt å gjera, då dei legg vekt på at Noreg ikkje kan ta i mot fleire enn at innvandringa er berekraftig for velferdsstaten, og at ein dermed ikkje skal ta i mot fleire enn det som er naudsynt. På bakgrunn av dette kan det difor hevdast at SV legg vekt på normative idear om kva som er rett eller gale, medan FrP legg vekt på kognitive idear om kva som er og kva ein bør gjera. Til dømes hevdar FrP at det er naudsynt med ei streng innvandringspolitikk med lukka asylmottak for å få kontroll over situasjonen og vert slik ein årsaksseite som gjev retningslinjer for korleis FrP ynskjer å utforma politikk, medan SV hevdar at Noreg må overhalda sine internasjonale forplikingar og kva ein må gjera i lys av dette, og slik legitimera handlingar med referanse til kor naudsynt dette er. Slik verkar det som at FrP i større grad legg vekt på «what is and what to do», medan SV fokusera på «what one ought to do».

Det kan i større grad hevdast at partiprogramma samsvara med den koordinerande diskursen enn Stortinget, då i debattane som skjer i Stortinget er politikken allereie utforma i enten komitear eller i gruppemøta for partia. Saksbehandlinga i fagkomiteane og partigruppene skjer for lukka dører, medan møta i Stortinget er opne. I debattane blir ofte saker fagkomiteane har hatt til behandling diskutert, og komiteen si innstilling med forslag til vedtak vert grunnlaget for debatten i Stortinget. Hovudregelen er at debattane i Stortinget skal vera opne, men dei kan i særskilde tilfelle vera lukka. Då diskusjonane i partigruppene og fagkomiteane er lukka, er det av demokratiske omsyn viktig at debattane er offentlege, og gjennom desse debattane får representantane høve til å forsvara sin politikk ovanfor veljarane (Stortinget, 2016). Det kan såleis hevdast at Stortinget samsvara med den kommunikative diskursen, då det er grupper og individ som presentera, drøftar og legitimera politiske idear, som er opne for offentlig innsyn. Likevel har representantar frå SV blant anna hevda at det er vanskeleg å forstå at det skal vera greitt for eit parti å sei noko i Stortinget, men noko heilt anna når dei uttalar seg offentlig (Stortingsforhandlingar, 4. mars 2015, s. 2281). Dette synleggjer at Stortinget også kan samsvara med den koordinerande diskursen, og at SV her skuldar FrP for å snakka annleis om temaet om dei snakkar til Stortinget eller til potensielle veljarar. Då Schmidt sine diskursar er verktøy, er det ikkje slik at kvar arena passar fullstendig innanfor den kommunikative eller den koordinerande diskursen, men truleg vil ha element frå begge. I stortingsdebattane har FrP og SV presentert sine syn kring tema som til dømes opne eller lukka asylmottak og grunngeve kvifor FrP ynskjer å ha lukka asylmottak, medan SV ynskjer å ha opne, noko som kan samsvara med den kommunikative diskursen. Begge partia er opptekne av bornas beste, men er usamde om strategi, då FrP hevdar det er viktigast å hjelpa dei i heimlandet sitt, medan SV hevdar at praksisen ovanfor born som er på flukt er for streng og må vera meir human, noko som kan samsvara med den koordinerande diskursen. Det er truleg slik at møta som skjer i fagkomiteane og partigruppene i større grad speglar den koordinerande diskursen der representantane forsøker å bli samde med kvarandre, medan sjølv debatten i Stortinget vil spegla den kommunikative diskursen då representantane forsøker å synleggjera sin politikk ovanfor veljarane.

6.3. Innramming i media

Eit overraskande element ved analysen er at verdiar er eit svært lite framstående aspekt for både FrP og SV i alle tre tidsperiodane med minimal endring over tid, noko som syner at merksemda mot aspektet generelt er lita over tid. Verdiar er som skildra i kapitel 4.2.3 gjort til

ein eigen kategori grunna at FrP og SV snakkar ulikt om det. Analysen av media syner derimot at dei ikkje snakkar mykje om dette i media, sjølv om dette er nemnt fleire gonger i både partiprogram og i Stortinget. Analysen syner at FrP legg særleg vekt på aspektet økonomi og konsekvensar som er i tråd med førestillingane på førehand. Derimot legg også SV vekt på desse to aspekta, som i mindre grad er i tråd med førestillingane gjort på førehand. På bakgrunn av den kvalitative analysen var det grunnlag for å tru at konsekvensar og økonomi kom til å vera «FrP kategoriar», medan familie og solidaritet kom til å vera «SV kategoriar». Då den kvantitative analysen syner at begge partia har desse kategoriane som sine mest framstående aspekt, kan det samsvara med det Druckman har skissert som likeverdseffektar ved innramming, då begge partia legg fram same informasjon, men på bakgrunn av den kvalitative analysen er det truleg at dei legg det fram i eit ulikt lys. Då begge partia fokusera i stor grad på aspekta konsekvensar og økonomi, er det på bakgrunn av den kvalitative analysen grunnlag for å tru at dei presentera det på to ulike måtar, og at SV vil hevda at innvandring er ein positiv konsekvens for samfunnet, medan FrP truleg har lagt vekt på dei meir negative konsekvensane ved innvandring. Ved kostnadsaspektet er det også på bakgrunn av den kvalitative analysen grunnlag for å tru at FrP har lagt vekt på kostnadane ved innvandring og at me vert tvungen til å velja mellom velferd eller innvandring, medan SV truleg legg vekt på at me er eit rikt samfunn som har råd til innvandring. Analysen har i seg sjølv ikkje målt kor vidt aspekta er positive eller negative, men på bakgrunn av den kvalitative analysen er det grunnlag for å tru at då både FrP og SV referera ulikt til både konsekvensar og økonomi. Slik vert både konsekvensar og økonomi viktige aspekt for begge partia, men av ulik tyding.

Ved at SV legg meir vekt på solidaritet og familie enn FrP i media, kan det samsvara med funna i den kvalitative analysen, og slik også samsvara med det Chong og Druckman har skissert som konkurrerande former for innramming, då SV legg meir vekt på desse to aspekta enn det FrP gjer og slik truleg hevdar ovanfor sine veljarar at ein har eit ansvar for å hjelpe, og at særleg omsynet til born sitt beste må gå føre innvandringsomsyn. Også økonomiaspektet og konsekvensaspektet som syner seg som viktige aspekt er truleg lagt fram på ulike måtar, og slik vert konkurrerande former for innramming. På bakgrunn av dette er det truleg at også i denne kanalen forsøker partia å få veljarane sine til å tenkja langs bestemte linjer, då FrP truleg forsøker å få dei til å tenkja langs kostnads og konsekvenslinjer, medan SV truleg også her forsøker å få veljarane sine til å tenkja langs solidaritets og familielinjer. Ved at begge

partia legg vekt på konsekvens og økonomiaspektet, er det truleg at dei forsøker å skapa heimeposisjonar for veljarane sine, men også å appellera til veljarar på motsett side. Analysen har synt at FrP fokusera på dei aspekta som det var føreseieleg at dei ville fokusera på, noko som syner at dei lagar heimeposisjonar for sine veljarar ved å vera føreseielege, medan SV som også fokusera på økonomi og konsekvensaspektet som ikkje var like føreseieleg, kan syna at dei forsøker å appellera til veljarar på motsett side. Media vert særleg den arenaen der partia kan få presentera sine standpunkt og openlyst debattera mot andre parti. Denne arenaen vil difor i stor grad samsvara med den kommunikative diskursen, då det er politikarar som presentera, drøftar og legitimera sine synspunkt og sin politikk til det offentlege.

6.4. Kva er skilnadar og likskapar i korleis desse to partia nyttar innramming i media og Stortinget samanlikna med deira partiprogram?

Analysen av partiprogramma har synt at innramminga i partiprogramma er stabil over tid for FrP, medan det har endra seg markant for SV i dei tre tidsperiodane. FrP har lagt særleg stor vekt på at det ikkje skal vera særbehandling av innvandrarak, men ei likebehandling mellom innvandrarak og nordmenn, samt at ingen skal få sosiale ytingar dersom dei ikkje lærer seg norsk. FrP legg vekt på at mottak utanfrå vestleg kulturkrets må avgrensast, og at dei som kjem til Noreg må fylgja norske reglar, normer og verdiar. Innvandringa skal vera streng, og familieinnvandring skal avgrensast. Derimot legg dei meir vekt på internasjonale forpliktingar når dei kjem i regjering, men at hjelp skal skje i nærområda til flyktningane, og at innvandringa må vera restriktiv grunna ei innvandring av stort omfang kan føra til store motsetningar. SV på si side har ikkje prioritert innvandring som saksfelt i sine partiprogram då dei var i regjering, men det kom for fullt på agendaen i 2013. SV la då i særleg stor grad vekt på menneske på flukt, at innvandring dekkjer behovet for arbeidskraft og dermed er noko positivt. Innvandringa skal vera rettviss, rettstrygg og solidarisk, samt at rettane til born skal styrkjast og det skal vera lik lønn og arbeidsvilkår for innvandrarak og nordmenn. Partiet legg også vekt på at språk er nøkkelen til god integrering og at det skal gje innvandrarak innpass i kulturen og arbeidslivet. SV legg vekt på ei innvandring som ikkje diskriminera og gjev mangfald.

Partiprogramma til begge partia syner såleis at saksfeltet innvandring har vorte viktigare for begge partia over tid, då det har vorte nytta større plass til saksområdet med egne kapittel og

underoverskrifter. Analysen av partiprogramma har synt at FrP og SV fokusera på ulike aspekt ved innvandring, der FrP i større grad enn SV framhev meir problematiske aspekt ved innvandring, medan SV framhev meir positive effektar ved innvandring. På bakgrunn av analysen av partiprogramma ser me at FrP prøver å få veljarane sine til å sjå på innvandring langs konsekvenslinjer og verdilinjjer, som også gjeld for SV, men med motsett budskap. Slik syner analysen av partiprogramma at veljarane truleg vert utsett for konkurrerande former for innramming, der det truleg er *priming* som er målet ved at veljarane kjem til å avgjera problemet på ein bestemt måte.

I stortingsdebattane er framleis verdilinjene synlege frå FrP si side, medan kostnadslinjene kjem meir fram enn det gjorde i partiprogrammet. FrP legg her vekt på at det er kulturelle, økonomiske og kriminelle utfordringar ved innvandring, og at innvandrarak kjem til Noreg grunna velferdstilboda. Innvandringa skal vera streng og rettferdig, samt at det er store kostnadar knytt til innvandring som vil endra Noreg dramatisk. Det må vera ei berekraftig innvandring slik at norske verdiar blir tekne vare på saman med velferdssamfunnet. Som regjeringsparti har dei lagt særleg vekt på eit robust, konsekvent og ansvarleg regelverk, samt at dei etablerte eit regelverk for å kunna arrestera og fengsla utlendingar. Partiet ynskjer også å hjelpa flyktningar i sine nærrområde, samt at dei hevdar at som regjeringsparti har dei betra borna sin rettstryggleik og omsynet til bornas beste. FrP har blant anna løfta fram lukka asylmottak som ei mogleg løysing på utfordringane dei ser. SV på si side har som regjeringsparti lagt vekt på at det må vera grunnleggjande rettar for born som skal gå føre innvandringsregulerande omsyn, samt ein innvandringspolitikk som skal vera rettferdig, human og rettstrygg. Innvandring er ikkje eit trugsmål, men ei føresetnad for god og moderne samfunnsutvikling. Partiet hevdar også at språk er nøkkelen for innvandrarak til å koma inn i arbeidslivet og slik bli økonomisk sjølvstendige. Som opposisjonsparti er dei ikkje samde med FrP om at lukka asylmottak er løysinga, og uroar seg for kva ei rask retur vil ha å sei for borna si helse, samt at dei ikkje er samde i innstrammingar i innvandringspolitikken. Partiet hevdar at praksisen ovanfor born er for streng, og at flyktningar ikkje kjem grunna velferdsordningar, men fordi dei flyktar frå krig og uro. Partiet hevdar også det er ei menneskerett å gjenforeinast med familien sin.

Kostnader og konsekvensar vert såleis nytta som eit argument frå FrP for kvifor ein må ha avgrensa innvandring, der særleg velferdsstaten og norske verdiar vert nytta som argument. Solidaritet og familie vert nytta som eit argument frå SV for å sikra ein human og rettstrygg innvandring, der særleg omsynet til bornas beste vert løfta fram. SV framhev også verdilinjær i stortingsdebattane, men legg mindre vekt på kostnadsperspektivet. Analysen av stortingsdebattane syner at partia i stor grad legg vekt på dei same aspekta som dei gjorde i partiprogramma, men at FrP verkar til å leggja endå større vekt på kostnadsaspektet i denne arenaen. FrP snakkar også meir om born i Stortinget, noko som dei ikkje nemner i like stor grad i partiprogramma. Knytt opp mot media syner dette at særleg SV legg vekt på andre aspekt i media enn i partiprogramma og i Stortingsreferata, då dei i media verkar til å gje økonomi og konsekvensar større plass. Konsekvenskategorien er derimot ein stor kategori, og det er som skissert truleg slik at SV legg større vekt på dei positive konsekvensane ved innvandring også i media, slik dei har gjort i partiprogramma og i stortingsdebattane. Stortingsreferata syner at det verkar til at SV legg meir vekt på normative idear, og slik fokusera på «what one ought to do», medan FrP legg meir vekt på kognitive idear og slik fokusera på «what is and what to do».

Analysen av media har synt at begge partia i særleg stor grad legg vekt på økonomi og konsekvensaspektet, men at også familie, solidaritet og administrative prosessar er framstående aspekt for dei begge. Det verkar til at SV i noko større grad legg vekt på solidaritet og familie enn det FrP gjer. Analysen av stortingsreferata har synt at FrP i stor grad også der legg mest vekt på kostnads- og konsekvensaspektet, medan SV her legg stor vekt på familie- og solidaritetsaspektet ved at dei legg særleg trykk på at Noreg har eit internasjonalt ansvar om å hjelpa, og at born er ei sårbar gruppe det må takast særleg omsyn til. Sett opp mot partiprogramma, kan det seiast at FrP legg særleg vekt på at innvandringa skal vera streng og restriktiv, at ingen grupper skal få særbehandling, at ein må læra seg norsk og få norsk statsborgarskap for å få sosiale ytingar, og at det er grunn til å frykta ei stadig innvandring, samt at integreringspolitikken byggjer på norske verdiar og reglar. SV på si side legg særleg vekt på eit fleirkulturelt samfunn, at innvandrarane bidreg på ein positiv måte, at politikken skal vera solidarisk og rettstrygg, at verdiar er viktig for å kjempa mot rasisme og at språk er viktig for å få innpass i samfunnet for å bli kjend med andre. Slik kan me sjå at det er ein tråd i korleis dei innramma temaet i dei tre arenaene, då dei verkar til å halda seg til mykje dei same aspekta.

Eit interessant funn er at i stortingsreferata snakkar FrP meir om omsynet til bornas beste, og at dette er ei særleg sårbar gruppe som treng hjelp. Dette er eit aspekt dei ikkje nemner i partiprogramma, der kvinner og born ikkje vert løfta fram i same grad som det vert i SV sitt program. På bakgrunn av dette blir det skissert at veljarane truleg blir utsett for konkurrerande former for innramming, og at både venstre og høgresida forsøker å skaffa seg veljarar ved å nytta ei form for innramming som appellera til veljarane på den sida. SV har i alle sine partiprogram og i alle tidsperiodane på Stortinget særleg snakka om born og kor viktig det er å gje opphald til denne gruppa. Då FrP også har byrja å snakka om dette i Stortinget, kan det syna at dei ser på det som eit viktig saksfelt, og at det truleg er slik at dei ynskjer å syna ein alternativ politikk til det SV legg fram og slik forsøkja å appellera til veljarane. Ved at SV hevdar at born og mindreårige asylsøklarar bør få opphald, og at FrP hevdar at dei best kan hjelpast i sine nærområde og bør returnerast, syner at veljarane vert utsett for konkurrerande former for innramming kring det same fenomenet. Veljarane vil då velja det som ligg dei nærast, og dersom dei då er oppteken av kostnadane og konsekvensane ved innvandring er det meir truleg at dei vil røysta på FrP enn SV, og dersom dei er oppteken av eit solidarisk ansvar for å hjelpa, og då særleg born, er det meir truleg at dei vil røysta på SV enn FrP.

På bakgrunn av analysen som er gjort, er det ein skilnad i korleis partia innramma temaet i dei tre kanalane. Media syner seg å vera noko annleis, då FrP her også legg vekt på aspekt som solidaritet og familie, noko dei ikkje har via mykje plass i sine partiprogram. SV har også lagt mest vekt på aspekta konsekvensar og økonomi slik som FrP, noko dei ikkje har gjort i partiprogramma. Verdier har hatt stor plass i både partiprogramma og i Stortinget for begge partia, men aspektet har synt seg å ikkje få stor merksemd frå verken FrP eller SV i dei tre tidsperiodane i media. Solidaritet og familie har synt seg å vera viktige aspekt for SV i alle arenaene, medan konsekvensar og økonomi har synt seg å vera viktige aspekt for FrP. Likevel syner analysen at SV verkar til å leggja større vekt på økonomi og konsekvensar i media enn det som var forventa, og FrP verkar til å leggja større vekt på solidaritet og familie enn det som var forventa, noko som syner at også desse aspekta er av tyding som saksfelt for både SV og FrP. Dette kan samsvara med Schmidt sine diskursar, då den koordinerande diskursen som analysen har synt at partiprogramma samsvara mest med, syner at det er ein arena der ein opprettar, grunnjev og utbreia politikk. Det vert altså då det politiske springbrettet til partia, og skal fungera som ei rettesnor når politikarar skal promotera sin politikk. I denne kanalen

kan det argumenterast for at hovudføremålet ikkje er å nå ut til veljarane og det offentlege, sjølv om partiprogramma er open for lesing for alle, men at målet truleg heller er å skapa ein grunnpilar for kva partiet skal hevda om dei ulike sakene. Stortinget og media har synt seg å samsvara mest med den kommunikative diskursen, då det er her politikarane presentera og legitimera sine politiske idear for det offentlege. Slik vil desse to arenaene vera dei arenaene der partia ynskjer å formidla sin politikk ovanfor veljarane, og slik forsøkja å tileigna seg veljarar. Det er difor truleg at innramminga vert meir lik i desse to arenaene, og truleg også difor SV har lagt meir vekt på kostnads og økonomiaspektet, og FrP har lagt meir vekt på familieaspektet, enn det dei gjorde i partiprogramma, då dei ynskjer å koma med konkurrerande former for innramming til området for å prøva å appellera til veljarane. Det er på bakgrunn av diskursane difor truleg at partia i større grad legg vekt på fleire av dei same aspekta i Stortinget og media, enn det dei gjer i partiprogramma.

6.5. Kva er skilnadar og likskapar generelt mellom FrP og SV?

Då FrP og SV ligg på kvar si side av det politiske spekteret, er det truleg at det vil vera fleire store skilnadar mellom dei. Analysen har likevel synt at det er nokre element dei er samde om innanfor innvandringspolitikken. Blant anna hevdar begge partia på bakgrunn av analysen av partiprogramma og stortingsreferata at utdanning og språk er nøkkelen til ei god integrering. Begge partia er også samde om at innvandrarar bør tileigna seg statsborgarskap, og at born på flukt er i ei særreiga stilling som det må takast særleg omsyn til. Dei er derimot ikkje samde om korleis dei praktisk skal få til dette, då SV på si side hevdar at dei må få opphaldsløyve, medan FrP hevdar at dei best kan hjelpast i sine nærområde slik at dei kan vera saman med foreldra sine. SV legg i større grad vekt på born, kvinner og likestilling enn det FrP gjer, og FrP legg i større grad vekt på norske verdiar og konsekvensar enn det SV gjer.

Analysen syner at begge partia legg vekt på verdiar i sine partiprogram, men på to ulike måtar. FrP hevdar at det må liggja til grunn norske verdiar og reglar i innvandringspolitikken, medan SV hevdar at me som nordmenn må ha nokre grunnleggjande verdiar for å unngå rasisme i samfunnet. I partiprogramma er det også enklare å sjå dei klare skilnadane mellom partia, då SV i stor grad legg vekt på ein solidarisk og rettstrygg innvandringspolitikk, medan FrP legg vekt på ein streng og rettferdig innvandringspolitikk. Som analysen syner fokusera FrP i stor grad på ord som blant anna nærområde, motsetningar, restriktiv og lukka, medan

SV i stor grad fokusera på ord som blant anna familie, kvinner, solidarisk og likestilling. Dette syner at partiprogramma er svært ulike, og at partia, slik Entman har skissert det, set saman to ulike historier som truleg vil føra til at individa som les vil gjera ulike tolkingar av dei to programma. Analysen av partiprogramma syner klårt at partia framhev visse aspekt ved innvandring, og klårt utelet andre. Til dømes har analysen synt at SV ikkje legg vekt på aspekt konsekvensar eller restriktiv i partiprogramma sine, medan FrP ikkje legg vekt på aspekt som kvinner, born og solidaritet i sine partiprogram. Slik fortel dei to ulike historier om korleis innvandringspolitikken bør vera i Noreg.

Analysen av Stortinget har synt at dei snakkar om dei same problema, då debatten gjerne vert styrt, men at dei legg vekt på ulike aspekt innanfor dei problema. Som nemnt har analysen synt at FrP legg stor vekt på å hjelpa born i nærområde, medan SV legg stor vekt på auka opphaldsløyve. Begge partia fokusera også i denne arenaen på at språkopplæring er ein viktig faktor for integrering, og at det må vera høve for innvandrara til å kunna utdanna eller arbeida i samfunnet, slik at dei vert godt integrert og vert ein ressurs for samfunnet. Her er partia relativt samde, då begge hevdar at språk og arbeid eller utdanning er nøkkelen til ei vellukka integrering. Likt som i analysen av partiprogramma legg også FrP her vekt på at det skal vera ein streng innvandring, medan SV legg vekt på ein human og rettstrygg innvandring. Analysen av media syner større likskapar mellom FrP og SV enn partiprogramma og stortingsreferata, då begge partia legg større vekt på kostnads og økonomiaspektet enn andre aspekt, men som nemnt på bakgrunn av den kvalitative analysen er det truleg at meiningsinnhaldet bak aspekta ikkje er dei same.

Dei fire funksjonane til Entman har også vorte løfta fram som noko som kan vera med på å synleggjera skilnadane og likskapane mellom FrP og SV, og slik om dei definerer problemet på same måte. Analysen har synt at begge partia har lukkast med strategisk innramming, då det har fått merksemda frå det offentlege. På bakgrunn av analysen er det grunnlag for å sei at dei definerer problemet ulikt, då FrP legg stor vekt på å få fram konsekvensar og kostnadar med innvandringa, medan SV legg stor vekt på å få fram det humane ved ei innvandring. Vidare kan det sjå ut som at FrP i større grad legg vekt på årsakssamanheng enn moralsk dømmekraft, og at SV i større grad legg vekt på moralsk dømmekraft enn årsakssamanheng. Dette samsvarar også med det Schmidt har skissert som normative og kognitive idear, då

analysen har synt at SV verkar til å fokusera på normative idear, då dei i større grad legg vekt på moralske verdiar, medan FrP verkar til å leggja vekt på kognitive idear ved at dei hevdar korleis situasjon er og kva ein bør gjera med den. I historia til FrP verkar dei til å vera oppteken av å få fram at innvandring kan vera årsaka til ein del negative konsekvensar i samfunnet, og at ein i realiteten vert tvungen til å velja mellom velferd og innvandring. Slik er dei oppteken av å syna årsaka mellom politikkområdet og konsekvensane det kan ha for samfunnet. I SV si historie ser det ut som at dei legg vekt på å få fram moralsk dømmekraft ved at dei snakkar særleg mykje om solidaritet, samt at internasjonale forpliktingar pliktar oss å hjelpa, og det er inhumant å ikkje fylgja opp dette. Slik vert også det fjerde kriteriet til Entman, forslag til løysing, definert på ulike måtar. FrP har blant anna løfta fram lukka asylmottak som ei mogleg løysing for korleis å løysa konsekvensane ved innvandring, medan SV ikkje er samd i dette og løftar fram at innvandrara bidreg til å dekkja behovet for arbeidskraft, og slik kan innvandring vera ein løysing på dette problemet. Dei er heller ikkje samde om korleis dei skal hjelpa, då FrP hevdar at den beste løysinga er å hjelpa innvandrara i sine nærområde, medan SV hevdar at dei som har rett på vern skal få det i Noreg. Slik ser me at dei definerer politikkområdet på to ulike måtar, dei legg vekt på to ulike funksjonar, samt at dei legg opp til to ulike løysingar tufta på om dei legg opp til moralsk dømmekraft eller årsakssamanheng.

6.6. Korleis kan me forklara desse skilnadane og likskapane?

Skilelinjeteorien kan vera ein mogleg forklaringsteori på likskapane og skilnadane som eksisterer mellom FrP og SV. Analysen som er gjort i denne studien synleggjer at det truleg er ei varig konfliktlinje der aktørane legg vekt på ulike aspekt ved innvandringspolitikken. Analysen syner at temaet vert av større tyding for kvar tidsperiode, noko som kan tala for at det ikkje er eit kortvarig og situasjonstinga konfliktspørsmål, men ei ideologisk motsetnad. Det er ei kollektiv identitet med oppfatningar og verdiar som fører til tilhøyrslé innanfor gruppa, då dei som er medlem av FrP assosierer seg med ein streng og restriktiv innvandringspolitikk, medan dei som er medlem av SV assosierer seg med ein human, rettstrygg og solidarisk innvandringspolitikk. Analysen har synt at det er fleire skilnadar enn likskapar, då partia i stor grad fortel to ulike historier kring temaet. SV verkar i stor grad til å leggja vekt på normative idear og slik kva ein bør gjera, medan FrP verkar til å leggja vekt på kognitive idear, kva som er og kva ein skal gjera. Analysen har også synt at det verkar som at SV oppmodar meir til moralsk dømmekraft, medan FrP i større grad legg vekt på

årsakssamanheng. Det er i fylgje Aardal dei institusjonelle rammevilkåra som er årsak til om ei skillelinje vert skapa eller ikkje, der det vert lagt vekt på normative, organisatoriske og empiriske element. Det kan hevdast at det vert framheva normative element i dette høvet, då det er oppfatningar og verdiar som syner ei tilhøyrse innanfor både FrP og SV. Aardal hevdar likevel som nemnt at det avgjerande for skiljelinjene er om det er ei kollektiv kjensle av «me» mot «dei», noko som det i stor grad kan hevdast at det er i dette høvet. FrP syner til konsekvensane ved kva som skjer dersom innvandringa går over styr og det kjem for mange innvandrarakar til Noreg, medan SV på si side hevdar det er viktig å oppfylle nasjonale forpliktingar, som dei skuldar regjeringspartia for å ikkje gjera. På bakgrunn av at analysen har synt at det er fleire skilnadar enn likskapar mellom FrP og SV, eksistera det slik eit klårt bilete av kven som er «vener» og kven som er «fiendar», der FrP og SV ikkje er «vener» i denne samanhengen.

Det at dei er usamde kan også finnast innanfor den tradisjonelle venstre-høgre dimensjonen ved at dei er ideologisk ulike, men også truleg innafor ei ny skiljelinje, globaliserings dimensjonen. På bakgrunn av analysen og det Van der Brug og Van Spanje har skissert, ser me at FrP verkar til å ha plassert seg sjølv som taparane av globaliseringa der dei ser økonomien og verdiane sine truga, og slik fremjar tiltak som skal verna om nasjonal økonomi og innvandring. Dette samsvar med at FrP i stor grad legg vekt på økonomi og konsekvensaspektet ved innvandring, samt at dei hevdar at me i realiteten må velja mellom velferd eller innvandring. Slik legg dei seg på linje med det lukka samfunnet, medan SV på si side hevdar me må leggja vekt på internasjonale forpliktingar til å hjelpa, og slik legg seg på linja med det opne samfunnet. Van der Brug og Van Spanje har også skildra at venstre-høgre dimensjonen har tilpassa seg nye politiske problem, noko som truleg er tilfelle i debatten om innvandring også, noko som kan syna seg ved at FrP fokusera på konsekvensaspektet, medan SV fokusera på solidaritetsaspektet. Likevel har Van der Brug og Van Spanje skildra at dei som er oppteken av økonomiske aspekt truleg vil røysta på venstresideparti, medan dei som er mest oppteken av innvandring vil røysta på høgresideparti. Dette kan syna kvifor SV også i media la større vekt på økonomiaspektet kring innvandring, og kvifor FrP har gjedd kategoriane solidaritet og familie auka merksemd i media. Det kan og vera ein grunn til at også SV har via meir plass til innvandring i partiprogramma sine, då det truleg er viktig for dei som venstresideparti å markera eit tydeleg standpunkt til høgresidepartia.

På bakgrunn av dei normative elementa kan det vera vanskeleg for nye skiljelinjer å få feste, då dei må konkurrera med etablerte parti som har strukturert veljarane sine oppfatningar om kva som er politisk rett og viktig. Som nemnt har Aardal skissert at skiljelinjene er viktige for å klara å skilja mellom kortvarige og situasjonstinga konflikhtar, og ideologiske og permanente konflikhtar. Det er då dei ideologiske motsetningane som vert skiljelinjene. Sjølv om innvandring truleg er å finna innanfor den tradisjonelle høgre-venstre aksen, og at partia er etablerte parti, er det likevel høve for å sei at innvandring har vorte ei del av ei skiljelinje. Innvandring er eit relativt nytt saksfelt som det truleg ikkje har vore politikk på før 1970 – talet, noko som også er tiåret då FrP og SV vart skipa. Dette kan slik stemma overeins med at venstre-høgre dimensjonen var den dominerande ideologiske dimensjonen i fleire europeiske land fram til 1990. På bakgrunn av at SV ikkje har nytta noko plass til innvandring fram til 2013 i partiprogramma sine, syner det at saksfeltet har vorte meir viktig, og slik ikkje ei kortvarig og situasjonstinga konflikt. Det syner at partiet ser at dette er eit saksfelt som opptek veljarane, og slik blir det ein ideologisk og permanent konflikt. Då innvandring er eit så nytt saksfelt, og som truleg også er eit resultat av den stadige globaliseringa, vil det vera større grunnlag til å tru at ein finn parti langs aksen med open-lukka samfunn. Også med tanke på det Van der Brug og Van der Spanje skildra som at venstreside parti er oppteken av økonomi og høgresideparti om innvandring, talar for at saksfeltet ikkje i hovudsak har plassert seg innanfor den tradisjonelle venstre-høgre dimensjonen. Men den tradisjonelle venstre-høgre dimensjonen kan slik vera med på å forklara kvifor SV ikkje hadde innvandring som saksfelt i partiprogramma sitt før 2013, då dei som eit venstresideparti tradisjonelt ikkje har innvandring som største saksfelt. Skillelinjeteorien syner seg slik å vera ein tenleg forklaringsfaktor på skilnadane mellom FrP og SV i innvandringsdebatten.

Også teorien om ansvarleggjering kan vera med på å forklara likskapane og skilnadane som er observert hjå FrP og SV. På bakgrunn av det Przeworski, Stokes og Manin skildrar som *accountability*, vil politikarane velja politikk som vert positivt evaluert av veljarane ved neste val. Det at FrP snakkar meir om konsekvensar og økonomi, og at dette aspektet syner seg på bakgrunn av analysen av media til å auka over tid, kan samsvara med at partiet tenkjer seg at ved å få veljarane sine til å tenkja langs desse linjene, vil veljarane positivt evaluera dei ved neste val. Dette kan også samsvara med at FrP som regjeringsparti har gjeve migrasjonskrisa i 2015 markant plass i partiprogrammet frå 2017 – 2021, at dei har nytta nye ord som eit *robust* og konsekvent regelverk, samt at ingen i Noreg ynskjer seg *svenske tilstandar*. Også ved at

SV har nytta meir plass på innvandring i partiprogrammet syner at innvandring har vorte meir viktig for partiet, og at dei framhev borns rettar som det aller viktigaste og slik få veljarane til å tenkja langs familie og solidaritetslinjer, kan føra til at deira veljarar vil evaluera dei positivt ved neste val. SV hadde ikkje innvandring som tema i partiprogrammet då dei sat som regjeringsparti, og som opposisjonsparti har dei i programmet for 2017 – 2021 eit to siders lenger program kring innvandring enn det FrP har. Dette kan synleggjera at SV forsøker å få sakseigarskap til temaet, og at slik veljarane skal sjå på dei som eit parti som også set innvandring høgt. Det at FrP hevdar at ein ikkje har råd til konsekvensane av innvandring, verken kulturelt eller økonomisk, og at SV hevdar at me må overhalda våre internasjonale forpliktingar kan syna seg å vera ein ansvarleggjeringsplan, då dei forpliktar seg til folket å gjennomføra ein slik politikk. Ansvarleggjeringsplanen verkar til å vera særleg synleg i FrP sine partiprogram, då dei har dei same overskriftene i alle sine partiprogram, medan SV har bytt ut så og sei alle sine overskrifter frå 2013 – 2017 til 2017 – 2021.

Når SV hevdar at omsynet til borna må gå føre innvandringsregulerande omsyn, kan dette samsvara med det Przeworski, Stokes og Manin skildrar som *responsibility*, då dette i stor grad handlar om å utøva skjønn. SV som prinsipal har slik forventingar til at agenten FrP handlar ansvarleg og omvendt, samt at dei akseptera *accountability* dersom deira eigne forslag ikkje fungera. I stortingsdebattane blei det av SV hevda at bornas beste må gå føre, medan FrP hevda at det viktigaste er å hjelpa born og innvandrarar der dei er. Det same syner seg å vera gjeldande når FrP sit i opposisjon og hevdar at lukka asylmottak er eit tiltak som må på plass, medan SV hevdar det ikkje er bevis nok på at slike tiltak vil fungera. Dette er dømer på der prinsipalane og agentane ikkje er samde. Når FrP hevdar at dei som regjeringsparti har bidrege til ei betring av bornas rettstryggleik og omsynet til bornas beste, og at SV som regjeringsparti hevdar at dei har auka språkopplæringa for at innvandrarar skal kunne lukkast i arbeidslivet, kan det synleggjera at dei som regjeringsparti og slik agent, forsøker å synleggjera til prinsipalane at dei forsøker å oppfylla deira forventingar. Det at begge parti til dømes er samde om at språk og utdanning er ein viktig integreringsfaktor, er eit døme der prinsipalane og agentane er samde, og slik vert det saker der ein i større grad kan forventa at agenten handlar i samsvar med prinsipalen.

Som regjeringsparti har både SV og FrP fått tildelt autoritet frå Stortinget, og slik skjønn til å handla ut frå denne autoriteten. Det er likevel ein stor skilnad akkurat her, då FrP i store delar av si regjeringstid har vore i ein mindretalsregjering, medan SV har vore i ei fleirtalsregjering. Det kan slik vera lettare for SV som prinsipal å kasta agenten FrP, enn det var for FrP som prinsipal å kasta agenten SV. Slik kan det hevdast at FrP måtte syna breiare omsyn kring sin politikk enn det SV måtte, då med FrP i regjering hadde ikkje regjeringa i store delar av tidsperioden fleirtal i Stortinget. Analysen syner at begge partia i stor grad legg vekt på dei same aspekta uavhengig om dei sit i opposisjon eller posisjon, og at dei slik ikkje skiftar politikk på området uavhengig av om det er val eller ikkje. Det kan likevel stillast spørsmål til om dei handlar i samsvar med det prinsipalen forventar, då SV hevdar at regjeringa ikkje oppfyller sine internasjonale forpliktingar på området, og FrP som hevdar at SV ikkje har ei grense for kor mange innvandrarak dei ynskjer å ta i mot.

Analysen har også synt at det ikkje er stor skilnad i korleis partia innramma temaet frå dei er i opposisjon til dei er i posisjon, men at kva aspekt dei legg vekt på kan variera ut i frå kva kanal dei er i. Partiprogramma legg i hovudsak vekt på dei same aspekta, men det har vorte nytta meir plass på temaet. Stortingsdebattane blir i stor grad styrt av kva som er temaet for debatten, men også her verkar det i stor grad som at partia legg vekt på dei same aspekta frå periode til periode, uavhengig av om dei er i opposisjon eller posisjon. Analysen av media har synleggjort at begge partia vektlegg fleire av dei same aspekta. Det er likevel ulikt, då dei til dømes snakkar om verdiar i partiprogramma og i Stortinget, men at dette ikkje vert tillagt stor plass i media. Stortingsdebattane syner også at partia snakkar noko ulikt om dei er eit regjeringsparti eller ikkje, til dømes har FrP hevda at når det gjeld kor vidt spørsmålet om innvandring er negativt eller positivt, så står dei ved det som er hevda i samarbeidsavtalen mellom regjeringspartia (Stortingsforhandlingar, 12. februar 2014, s. 1531). Dette er eit døme som kan syna at FrP har blitt meir bevist på si rolle som regjeringsparti.

Det er gjerne slik at ein angrip meir dersom ein sit i opposisjon enn posisjon, men i debattane på Stortinget har analysen synt at merksemda mot temaet er relativ lik over tid. Også analysen av media syner dette. Det er interessant at etter tabell åtte kan me sjå at merksemda mot familie har gått ned for SV når dei ikkje er i regjering, noko som det også har gjort for FrP når dei sit i regjering, medan merksemda mot solidaritet er relativt stabil over dei tre

tidsperiodane for begge partia. Merksemnda mot konsekvensar er for SV større når dei er i posisjon enn i opposisjon. For FrP aukar merksemnda for konsekvensar når dei sit i posisjon, som saman med økonomi har ei gradvis auke i merksemd både for FrP og SV. Analysen av media er med på å synleggjera at saksfelte verkar til å vera viktige for partia uansett regjeringsdeltaking. På bakgrunn av at dei snakkar om dei same aspekta i partiprogramma, og at merksemnda mot aspekta er relativt stabil over tid, syner at det er høgst truleg at partia ville snakka om dei same aspekta om dei er i posisjon eller i opposisjon. Dette synleggjer også at om regjeringa var i mindretal eller fleirtal ikkje har hatt stor innverknad på innramminga til verken FrP eller SV, men at det truleg kan ha vore lettare for SV som sat i fleirtalsregjering å få gjennom sine saker kring innvandring, då dei måtte forhandla med parti som sat i posisjon saman med dei, medan FrP har måtta forhandla med parti som sat i opposisjon mot dei.

Skiljelinjeteorien er i størregrad enn teorien om ansvarleggjering med på å synleggjera skilnadane mellom FrP og SV. Det at innvandring truleg plassera seg innanfor open-lukka samfunn, altså globaliseringslinja, og at FrP er å finna langs den lukka linja og SV langs den opne linja, syner at det er ideologiske motsetningar mellom dei. På bakgrunn av denne skiljelinja er det truleg slik at FrP ynskjer seg eit meir lukka samfunn, medan SV ynskjer seg eit meir opne samfunn, noko som kan stemma overeins med at FrP ynskjer ei streng og restriktiv innvandringspolitikk og at SV hevdar at me har eit solidarisk og internasjonalt ansvar med å hjelpa. Då dei plassera seg i kvar sin ytterkant av den tradisjonelle venstre-høgre dimensjonen, samt at dei ikkje er på same side i open-lukka samfunns skiljelinja, er truleg grunnen til at dei innramma temaet ulikt og fortel ulike historier kring innvandring. Dette kan samsvara med Entman sine funksjonar, då analysen har synt at FrP legg meir vekt på årsakssamanheng og at SV legg meir vekt på moralske argument. Det er også då naturleg at dei ynskjer å få veljarane sine til å tenkja langs bestemte linjer, då dei forsøker å synleggjera to heilt ulike tilnærmingar til eit politikkområde. På bakgrunn av at skiljelinjeteorien syner at dei som er å finna langs den lukka samfunnslinja er dei som ser økonomien og verdiane sine truga av ei globalisering, samsvarar det med at FrP er det partiet som legg mest vekt på desse aspekta i alle dei tre arenaene. Då SV er å finna langs den opne samfunnslinja, samsvara det med at dei legg meir vekt på solidaritet. Den kvalitative analysen har bidrege til å synleggjera at SV truleg legg meir vekt på positive konsekvensar, og slik ikkje ser økonomien og verdiane truga av ei innvandring. Analysen som er gjort syner at partia ikkje endrar sine standpunkt i

stor grad om dei er i posisjon eller opposisjon, noko som også talar for at dette er ei varig konfliktlinje.

6.7. Oppsummering

Oppsummert er det tydeleg at FrP og SV legg vekt på ulike aspekt når dei innramma temaet innvandring. Dersom me går attende til Entman sine fire funksjonar for ei fullverdig innramming, ser me at krava agendasetting, moralsk dømmekraft, årsakssamanheng og forslag til løysing blir tillagt ulik vekt av FrP og SV i alle arenaene. Analysen har blant anna synt at det kan verka som at FrP legg i større grad vekt på kognitive idear som Schmidt har skildra som årsaksidear, medan SV legg i større grad vekt på normative idear. Ser me dette opp mot Entman sine fire funksjonar, kan me sjå at kognitive idear som nemnt rettar seg mot korleis politikk skal gje løysingar til eit problem. Dette samsvara med det som er funne i analysen, og at FrP i stor grad legg vekt på årsakssamanhengsaspektet ved innramming. Normative idear på si side rettar seg også som nemnt mot ideal og ynskjer hjå innbyggjarane, og slik korleis politikk skal spegla ei djupare kjerne av normer og prinsipp, noko som samsvara med at analysen syner at SV i stor grad legg vekt på moralsk dømmekraftsaspektet ved innramming. Agendasettingskravet oppfyller begge parti, då dei begge nyttar plass til problemet i partiprogram, i Stortinget og i media. Slik definerer begge problemet, men legg i ulik grad vekt på krava om moralsk dømmekraft og årsakssamanheng, og slik vil dei på bakgrunn av det og dei kognitive og normative ideane koma med ulike former for forslag til løysing på problemet. Løysinga vert då som analysen syner at dei to partia legg vekt på ulike aspekt ved si forteljing av innvandringshistoria, og slik oppmodar veljarane til å tenkja langs deira linjer. Som analysen har synt forsøker FrP å få veljarane sine til å tenkja langs konsekvens, økonomi og verdilinj, medan SV forsøker å få veljarane sine til å tenkja langs verdi, solidaritets og familielinjer.

Hovudfunna i analysen syner seg å vera at FrP i sine partiprogram framhev ei streng innvandring og forsøker å få veljarane til å sjå innvandring langs konsekvens og verdilinj, og slik at innvandring har konsekvensar for samfunnet og dei norske verdiane. SV har i sine partiprogram framheva at innvandring må vera solidarisk og rettstrygg, og forsøker å få veljarane til å sjå innvandring som noko positivt for samfunnet og at det må liggja nokon grunnleggjande verdiar som skal vera felles for alle i samfunnet. I Stortinget legg FrP særleg

stor vekt på økonomiaspektet, ved at innvandring er ei stor kostnad for det norske samfunnet, medan SV legg vekt på familieaspektet ved at born er i ei særstilling, og at me slik har eit solidarisk og internasjonalt ansvar om å hjelpa. Slik vert veljarane utsett for konkurrerende former for innramming ved at partia legg vekt på ulike aspekt og slik forsøker å fortelja ei ulik historie. I media ser me derimot at dei legg vekt på dei same aspekta, som truleg kan forklarast ut i frå at dei forsøker å skapa heimeposisjonar for sine veljarar, samt å appellera til veljarar på motsett side. Ved at begge partia legg vekt på økonomi, konsekvens aspektet familie, solidaritet og administrative prosessar, synleggjer på bakgrunn av skilelinjeteorien at dei truleg ynskjer å vera ein motpol til kvarandre, og slik hevdar noko om det som motparten hevdar noko om.

Dersom me ser på den kommunikative og koordinerande diskursen, vil desse diskursane vera til hjelp med å synleggjera kven partia forsøker å retta seg mot. Analysen har synt at i partiprogramma samsvara med den koordinerande diskursen og at partia slik forsøker i størst grad å retta seg til kvarandre ved at det har vore ein intern prosess i partiet som ikkje har vore open for offentleg innsyn, og slik har gjeve partiet ein grunnmur med politikk som dei skal formidla vidare i Stortinget og i media. Analysen har synt at Stortinget er ein arena der dei i hovudsak forsøker å snakka til veljarane og er ein kanal som er open for det offentlege og slik samsvara med den kommunikative diskursen, sjølv om det også er element å spora frå den koordinerande diskursen i denne arenaen. Media har synt seg å vera den arenaen som samsvara mest med den kommunikative diskursen, der partia i hovudsak rettar seg mot veljarane. Kva diskurs dei operera innanfor kan ha innverknad på innramminga, då dei i den koordinerande forsøker å skapa semje seg i mellom, medan dei i den kommunikative skal synleggjera sin politikk i større grad. Analysen har til dømes synt at SV legg vekt på økonomi og konsekvens aspektet i media, noko som dei ikkje gjorde i like stor grad i partiprogramma, samt at FrP har lagt meir vekt på solidaritet og familie i media enn dei har gjort i partiprogramma. Analysen av media har også synt at aspektet verdiar har motteke svært lita merksemd i dei tre tidsperiodane, sjølv om det er tillagt stor merksemd i partiprogramma og i Stortinget. Dette kan saman med skiljelinjeteorien vera eit døme på at det har noko å sei korleis diskurs dei operera innanfor for korleis innramminga av eit tema blir.

På bakgrunn av at innramming er ein prosess der ein framhev visse aspekt, og ikkje framhev andre, har denne analysen synt at FrP framhev aspekt som konsekvensar, økonomi og verdiar i stor grad, medan SV framhev aspekt som solidaritet, familie og verdiar. I partiprogramma framhev ikkje FrP aspekt som solidaritet og familie, medan SV i denne arenaen ikkje framhev aspekt som økonomi og konsekvensar. I Stortinget framhev FrP familie i noko større grad enn i partiprogramma, men framhev framleis ikkje solidaritet. SV framhev i denne arenaen konsekvensar i noko større grad, men då som at innvandring er av positiv karakter for Noreg, men framhevar framleis ikkje økonomi. I media framhev partia dei same aspekta, men i ulik grad, noko som synleggjer kor stabil merksemda deira mot temaet er over tid. Dei store skilnadane i korleis FrP og SV innramma temaet innvandring kan forklarast ut i frå teorien om skiljelinjer, der det er som Aardal har skissert eit klårt bilete av kven som er «vener» og kven som er «fiendar». Innvandring har synt seg som nemnt å ikkje vera ei kortvarig og situasjonstinga konfliktspørsmål, men ei ideologisk motsetnad, og slik plassert innanfor den opne-lukka samfunnsskiljelinja. Det er på bakgrunn av dette truleg viktig for partia å markera motsett politikk som synleggjer at dei er på kvar si side, og slik ikkje er «vener» i debatten om innvandring. Som nemnt har Van der Brug og Van Spanje synt at dei som er opptekne av innvandring truleg vil røysta på eit høgresideparti, medan dei som er opptekne av økonomi vil røysta på eit venstresideparti. Dette kan vera ein forklaringsfaktor på kvifor også SV har byrja å fokusera på innvandring i sine partiprogram, samt kvifor både FrP og SV verkar til å gje merksemd til dei same aspekta i media. Det vert viktig for dei å markera motstand til den andre sida, og slik synleggjera at politikken er ulik.

Ved at analysen av media er gjort kvantitativt, har det ikkje vore høve til å gå i djupna på innhaldet. Analysen av media kan difor ikkje gje noko svar på kvifor FrP har gjeve merksemd til solidaritet og familie, medan SV har gjeve merksemd til økonomi og konsekvensar. På bakgrunn av skiljelinjeteorien, samt det Przeworski, Stokes og Manin har skildra som *accountability*, har truleg partia snakka om dei same aspekta i media for å koma med motsvar til den andre sida sin politikk, samt at dei slik vel politikk som vert positivt evaluert av veljarane ved neste val. Også den kvalitative tilnærminga kan hjelpa med å gje svar, då det truleg er slik at når SV gjev merksemd til økonomi og konsekvensar i media, så er det på bakgrunn av at dei hevdar at innvandring kan sjåast på som noko positivt, samt at arbeidsinnvandring verkar positivt inn på økonomien. Det er også truleg slik at når FrP snakkar om solidaritet og familie syner dei til at me har eit ansvar for å hjelpa, men at ein best

kan hjelpa i flyktingane sine nærrområde. Slik ser me at dei legg vekt på dei same aspekta, men at det truleg er slik at innhaldet i desse aspekta er heilt annleis.

7. Avslutning

Denne masteroppgåva har synt ein mogleg måte å tilnærma seg temaet og problemstillinga på, ved bruk av ei triangulering mellom kvalitativ og kvantitativ form for innhaldsanalyse. Som kapitel 2.1 om tidlegare forskning på området syner, er det skriva mykje om innvandring opp mot politiske parti. Lundh har som nemnt nytta seg av ei kvantitativ innhaldsanalyse av innvandringsdebatten på tv, Thorbjørnsen har sett på korleis norske politiske aktørar i partia SV, AP, Høgre og FrP har kommunisert om innvandring på Facebook ved hjelp av ei metodetriangulering, Førland har sett på innrammingseffektar, norske media og haldningar mot innvandrara ved hjelp av ei kvantitativ tilnærming, og Mehammer har analysert bruken av innramming i norske aviser ved hjelp av ei kvantitativ innhaldsanalyse. Slik vil den metodiske trianguleringa i denne oppgåva skilja seg frå dei andre bidraga som er på dette området, og slik blir oppgåva eit metodologisk bidrag. Thorbjørnsen har nytta seg av ei metodetriangulering, men i dette bidraget har Thorbjørnsen fyrst koda innlegga kvalitativt, før han har analysert dei kvantitativt. I mi masteroppgåve har partiprogram og Stortingsreferat, som er to heilt ulike arenaer og som skil seg frå mediearenaen, vorte nytta som grunnlag for den kvantitative innhaldsanalysen. Slik ser me at dei tre arenaene for denne oppgåva heng i saman, og det som har vorte gjort i den kvalitative innhaldsanalysen legg grunnlaget for korleis den kvantitative analysen blir.

I ei doktorgradsavhandling ville det vore mogleg å ta forskingsprosjektet eit steg lenger, der ein ser på til dømes også Arbeidarpartiet (AP) og Høgre slik Thorbjørnsen har gjort, eller å velja seg ut både tv-kanalar og aviser. Tidsspennet kunne også vore lenger, til dømes om innramminga har endra seg frå partia vart etablert og til no. Dersom ein til dømes hadde valt AP og Høgre som er vande regjeringsparti og ein større tidsdimensjon, kunne det vore større rom til å sjå om innramminga har endra seg markant frå opposisjon til posisjon. Oppgåva har forsøkt å bidra med ei metodologisk tilnærming, men også å svara på den overordna problemstillinga om korleis politiske parti innramma komplekse og høgt debatterte politiske problem. Det er grunnlag for å tru at dersom innvandring til dømes ikkje var eit høgt debattert politisk stridstema, ville innramminga kring temaet sett annleis ut. Det er truleg også difor dei

politiske partia gjer ei innramming, då det som Entman har skissert, er gjennom *priming* ein kan endra eller skapa innbyggjarane sine preferansar eller tolkingar. Ein gjer truleg ei innramming fordi ein ynskjer å eksponera veljarar for ulike historier, slik at veljarane skal tenkja og avgjera problemet på ein bestemt måte.

Denne oppgåva har forsøkt å kasta lys over korleis FrP og SV har innramma temaet innvandring i sine partiprogram i tidsperioden 2009 – 2021, i Stortinget og i media i tidsperioden 2009 – 2019. Oppgåva har nytta seg av ei kvalitativ form for innhaldsanalyse for å svara på korleis partia har innramma temaet i partiprogramma og i Stortinget, samt ei kvantitativ form for innhaldsanalyse for å svara på korleis partia har innramma temaet i media. Den kvalitative innhaldsanalysen har synt at FrP i sine partiprogram legg vekt på ein streng og restriktiv innvandringspolitikk som skal avgrensa mottak utanfrå vestleg kulturkrets, som skal byggja på norske normer, reglar og verdiar, at flyktningar best kan hjelpast i sine nærområde, at ei stadig innvandring vil føra til alvorlege motsetnader og at språk skal vera grunnlaget for eit statsborgarskap. SV har ikkje i det fyrste partiprogrammet lagt vekt på innvandring, men har i dei to neste partiprogramma framheva ein rettvis, rettstrygg og solidarisk innvandringspolitikk, menneske på flukt, at innvandrarar bidreg på ein positiv måte som arbeidskraft, omsyn til det beste for borna, verdiar, like moglegheiter og mangfald. I Stortinget har den kvalitative analysen synt at FrP legg vekt på utfordringar som er kulturelle, kriminelle og økonomiske, at innvandringa skal vera streng og rettferdig, ei auka innvandring vil endra Noreg dramatisk og at innvandringa må vera berekraftig for å verna om norske verdiar og velferdssamfunnet. SV har lagt vekt på omsynet til bornas beste som skal gå føre innvandringsregulerande omsyn, at innvandringa skal vera rettferdig, human og rettstrygg, at Noreg som nasjon må overhalda sine internasjonale forpliktingar til å hjelpa, samt likestilling og fridom. Den kvantitative analysen av media har synt at FrP og SV i alle tre tidsperiodane har gjeve aspektet konsekvensar og økonomi stabil merksemd. FrP legg også vekt på solidaritet og administrative prosessar, medan SV legg vekt på familie og solidaritet. Oppgåva har synt at det truleg er slik at på bakgrunn av den kvalitative analysen er slik at meiningsinnhaldet ikkje er det same. Oppsummeringa av analysen har synt at FrP og SV innramma temaet ulikt, og at dette kan forklarast ut i frå teorien om skiljeliner og ansvarleggjering.

8. Litteraturliste

Aardal, B. (1994). *Hva er en politisk skillelinje?* Oslo: Universitetsforlaget. Henta frå: https://www.sv.uio.no/isv/forskning/prosjekter/valgforskning/publikasjoner/aardal_tfs_1994.pdf

Aardal, B., Bergh, J. (2015). *Valg og velgere: En studie av stortingsvalget 2013*. Oslo: Cappelen Damm.

Adcock, R., & Collier, D. (2001). Measurement Validity: A Shared Standard for Qualitative and Quantitative Research. *American Political Science Review*, 95(3), 529 – 546. Henta frå: https://www.jstor.org/stable/3118231?seq=1#metadata_info_tab_contents

Bergseth, G. (2014). *Norske stortingspartier og adgangsspørsmålet: En studie av endringer i norsk innvandringsdebatt mellom 2001 og 2013 i lys av normativ teori* (Mastergradsavhandling). Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Trondheim. Henta frå: <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2359377/Bergseth,%20Gunnar.pdf?sequence=1>

Brattberg, Ø. (2018). *Tekstanalyse for samfunnsvitere* (2 utgåve). Oslo: Cappelen Damm.

Bukve, O. (2016). *Forstå, forklare og forandre: Om design av samfunnsvitenskaplege forskningsprosjekt*. Oslo: Universitetsforlaget.

Bø, B.P. (2004). *Søkelys på den norske innvandringspolitikken*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Chong, D., Druckman, J. N. (2007). Framing Theory. *Annual Review Political Science*. 10: 103 – 126, henta frå: <https://www-annualreviews-org.pva.uib.no/doi/pdf/10.1146/annurev.polisci.10.072805.103054>

De Vreese, C.H. (2005). News framing: Theory and typology. *Information Design Journal*, 13(1), 51 – 62. Henta frå:

https://s3.amazonaws.com/academia.edu.documents/32324999/Framing.pdf?response-content-disposition=inline%3B%20filename%3D51_News_framing_Theory_and_typology.pdf&X-Amz-Algorithm=AWS4-HMAC-SHA256&X-Amz-Credential=AKIAIWOWYYGZ2Y53UL3A%2F20190908%2Fus-east-1%2Fs3%2Faws4_request&X-Amz-Date=20190908T133935Z&X-Amz-Expires=3600&X-Amz-SignedHeaders=host&X-Amz-Signature=ccfb864d10b72ab7c3d25b307c7373bb24f050d7097a592bfa3594ad8f1318fc

Entman, R., M. (2007). Framing Bias: Media in the Distribution of Power. *Journal of communication*, 163 – 173, henta frå: <https://onlinelibrary-wiley-com.pva.uib.no/doi/full/10.1111/j.1460-2466.2006.00336.x>

Framstegspartiet. (2009). Handlingsprogram 2009 – 2013, 32 – 33, henta frå: <https://nsd.no/polsys/data/filer/parti/10338.pdf>

Framstegspartiet. (2013). Handlingsprogram 2013 – 2017, 37 – 40, henta frå: <https://nsd.no/polsys/data/filer/parti/10374.pdf>

Framstegspartiet. (2017). Handlingsprogram 2017 – 2021, 41 – 45, henta frå: <https://nsd.no/polsys/data/filer/parti/10392.pdf>

Førland, K.A.N. (2017). *Norwegian Media, Framing Effects, and Attitudes Towards Immigrants* (Mastergradsavhandling). Universitetet i Bergen, Bergen. Henta frå: <http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/17218/University-of-Bergen--Masters-Autum-2017-Norwegian-Media--Framing-Effects-and-Attitudes-Towards-Immigrants-.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Gjerde, M. (2018). *Bruk av framing og politisk strategi i beslutningsprosesser: En analyse av prosessen rundt innstramningene i retten til familiegjenforening i Sverige og Norge* (Mastergradsavhandling). Universitetet i Oslo, Oslo. Henta frå: https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/66773/Gjerde_2018_MA.pdf?sequence=5&isAllowed=y

Grimmer, J., Stewart, B.M. (2013). Text as Data: The promise and Pitfalls of Automatic Content Analysis Methods for Political Texts. *Political Analysis, Stanford University*, 1 – 31, henta frå: https://web.stanford.edu/~jgrimmer/tad2.pdf?fbclid=IwAR18b951eiVwEFmDd2MBGuh7VGzumq4BfV2gheu6qxCF9g_IRaTml4qGV_Q

Grønmo, Sigmund. (2004). *Samfunnsvitenskaplige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.

Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet: En innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (5 utgåve). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Holsti, O.R. (1969). *Content Analysis for the Social Sciences and Humanities*. Addison-Wesley Publishing Company.

Institutt for samfunnsforskning. (2018, 20. juni). Befolkningen er delt om innvandring. Henta frå: <https://www.samfunnsforskning.no/aktuelt/nyheter/2018/befolkningen-er-splittet-om-innvandring.html>

Kleven, Thor Arnfinn. (2008). Validity and validation in qualitative and quantitative research. *Nordisk pedagogik*, Vol. 28: 219 – 233. Henta frå: https://www.idunn.no/np/2008/03/validity_and_validation_in_qualitative_and_quantitative_research

Knill, C. & Tosun, J. (2012). *Public Policy*. Palgrave Macmillan.

Krippendorff, K. (2004). *Content Analysis: An Introduction to its Methodology* (2 utgåve). Sage Publications.

Latifi, Farid. (2018). *Partipreferanse og holdning til innvandring og innvandrere – En analyse av hvilken sammenheng som kan påvises mellom partipreferanse og holdning til innvandring og innvandrere generelt – Hvordan varierer denne sammenhengen mellom partitilhørighet og spesifikke minoritetsgrupper, henholdsvis jøder, muslimer og romfolk?* (Mastergradsavhandling). Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim. Henta frå: <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2588591/Latifi%2c%20Farid.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

Lowe W. (2011) ‘JFreq: Count words, quickly’. Java software version 0.5.4, henta frå: <http://www.conjugateprior.org/software/jfreq/>

Lowe W. (2015) ‘Yoshikoder: Cross-platform multilingual content analysis’. Java software version 0.6.5, henta frå: <http://www.yoshikoder.org>

Lundh, E.B. (2014). *Populistisk kommunikasjonsstil hos norske stortingspartier: En kvantitativ innholdsanalyse av innvandringsdebatten på TV i 2003 og 2013* (Mastergradsavhandling). Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim. Henta frå: https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/268936/748396_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Mehammer, J. (2018). *Solidarity and responsibility? Framing of the Migration Crisis in Norwegian Print Media* (Mastergradsavhandling). Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim. Henta frå: <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu->

[xmlui/bitstream/handle/11250/2565068/Mehammer%2c%20J%3b8rgen.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://hdl.handle.net/11250/2565068/Mehammer%2c%20J%3b8rgen.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Moses, J.W., Knutsen, T. (2012). *Ways of knowing: Competing Methodologies in Social and Political Research*. (2 utgåve). Palgrave Macmillan.

Norsk senter for forskningsdata. (u.å). Fremskrittspartiet. Henta 28.02.2020 frå <https://nsd.no/polsys/data/parti/partihistorie/81>

Norsk senter for forskningsdata. (u.å). Sosialistisk Venstreparti. Henta 28.02.2020 frå <https://nsd.no/polsys/data/parti/partihistorie/14>

Ostrom, E. (2007). Institutional Rational Choice, Theories, and Models of Policy Processes. I P.A. Sabatier (Red), *Theories of the policy process* (s. 21 – 65). Westview Press.

Przeworski, A., Stokes, S.C., & Manin, B. (1999). *Democracy, Accountability, and Representation*. Cambridge: Cambridge University Press. Henta frå: https://books.google.no/books?hl=no&lr=&id=aid08OpvF5gC&oi=fnd&pg=PR9&dq=accountability+responsibility&ots=W24sg2QwQl&sig=KApNgemmP5JtDONwCbl_tjIGhq4&redir_esc=y#v=onepage&q=accountability%20responsibility&f=false

Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold: Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (3. utgåve). Bergen: Fagbokforlaget.

Schlager, E. (2007). A Comparison of Frameworks, Theories, and Models of Policy Processes. I P.A. Sabatier (Red), *Theories of the policy process* (s. 293 – 319). Westview Press.

Schmidt, Vivien. (2008). Discursive Institutionalism: The explanatory Power of Ideas and Discourse. *Annual Review of Political Science*. Vol. 11: 303 – 326. Henta frå: <https://www.annualreviews.org/doi/full/10.1146/annurev.polisci.11.060606.135342>

Skjeseth, H. (2018, 17. august). SV og Frp poster mest om innvandring på Facebook. *Dagsavisen*. Henta frå: <https://www.dagsavisen.no/innenriks/sv-og-frp-poster-mest-om-innvandring-pa-facebook-1.1187675>

Sosialistisk Venstreparti. (2009). SVs arbeidsprogram for perioden 2009 – 2013, 1 – 36, henta frå: <https://nsd.no/polsys/data/filer/parti/10348.pdf>

Sosialistisk Venstreparti. (2013). Del goda! – Arbeidsprogram for Sosialistisk Venstreparti 2013 – 2017, 48 – 50, henta frå: <https://nsd.no/polsys/data/filer/parti/10371.pdf>

Sosialistisk Venstreparti. (2017). SVs arbeidsprogram 2017 – 2021, 57 – 63, henta frå: <https://nsd.no/polsys/data/filer/parti/10379.pdf>

Statistisk Sentral Byrå. (2019). Fakta om innvandring. Henta frå: <https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/faktaside/innvandring>

Stortinget. (2009, 14. januar). Stortingsforhandlingar. Henta frå: <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2008-2009/s090114.pdf>

Stortinget. (2009, 24. mars). Stortingsforhandlingar. Henta frå: <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2008-2009/s090324.pdf>

Stortinget. (2009, 24. mars). Stortingsforhandlingar. Henta frå: <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/odelstinget/2008-2009/o090324.pdf>

Stortinget. (2009, 3. juni). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2008-2009/s090603.pdf>

Stortinget. (2009, 17. juni). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2008-2009/s090617.pdf>

Stortinget. (2010, 22. mars). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2009-2010/s100322.pdf>

Stortinget. (2010, 8. juni). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2009-2010/s100608.pdf>

Stortinget. (2010, 2. desember). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2010-2011/s101202.pdf>

Stortinget. (2011, 15. mars). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2010-2011/s110315.pdf>

Stortinget. (2011, 18. mai). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2010-2011/s110518.pdf>

Stortinget. (2011, 7. juni). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2010-2011/s110607.pdf>

Stortinget. (2011, 8. juni). Stortingsforhandlinger. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2010-2011/s110608.pdf>

Stortinget. (2012, 9. februar). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2011-2012/s120209-ny.pdf>

Stortinget. (2012, 19. mars). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2011-2012/s120319-ny.pdf>

Stortinget. (2012, 20. november). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2012-2013/s121120-ny.pdf>

Stortinget. (2013, 21. mars). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/s130321-ny.pdf>

Stortinget. (2013, 29. april). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/s130429-ny.pdf>

Stortinget. (2013, 17. juni). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2013-2014/s130617-ny.pdf>

Stortinget. (2014, 12. februar). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2013-2014/s140212.pdf>

Stortinget. (2014, 8. april). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2013-2014/s140408-ny2.pdf>

Stortinget. (2015, 4. mars). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2014-2015/s150304.pdf>

Stortinget. (2015, 30. april). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2014-2015/s150430-ny.pdf>

Stortinget. (2016, 15. mars). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2015-2016/s160315.pdf>

Stortinget. (2016, 10. juni). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2015-2016/s160610.pdf>

Stortinget. (2016, 16. juni). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2015-2016/s160616.pdf>

Stortinget. (2016, 30. november). Politisk arena. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Arbeidet/Moter-og-vedtak/>

Stortinget. (2017, 6. juni). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2016-2017/refs-201617-06-06.pdf>

Stortinget. (2017, 8. juni). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2016-2017/refs-201617-06-08.pdf>

Stortinget. (2017, 20. juni). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2016-2017/refs-201617-06-20.pdf>

Stortinget. (2017, 28. november). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2017-2018/refs-201718-11-28.pdf>

Stortinget. (2018, 18. januar). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2017-2018/refs-201718-01-18.pdf>

Stortinget. (2018, 15. mars). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2017-2018/refs-201718-03-15.pdf>

Stortinget. (2019, 30. april). Stortingsforhandlingar. Henta frå:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2018-2019/refs-201819-04-30.pdf>

Strand, A. (2017, 13. november). Innvandring viktigste sak. *Dagsavisen*. Henta frå:

<https://www.dagsavisen.no/nyemeninger/innvandring-viktigste-sak-1.1055245>

Thorbjørnsen, R.S. (2018). *Immigration framing by Norwegian political actors on Facebook 2015 – 2017: An empirical case study* (Mastergradsavhandling). Noregs teknisk-

naturvitenskaplege universitet, Trondheim. Henta frå: [https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-](https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2571352/Thorbj%c3%b8rnsen%2c%20Runar%20Strand.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

[xmlui/bitstream/handle/11250/2571352/Thorbj%c3%b8rnsen%2c%20Runar%20Strand.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2571352/Thorbj%c3%b8rnsen%2c%20Runar%20Strand.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Thorud, E. (1998). Innvandringshistorikk. I T. Heiberg (Red), *Innvandringspolitikk og utlendingslov – samtidens klagemur* (s. 220 – 235). Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Vaksdal, B. (2015, 29. desember). Fakta om flyktningkrisen. *Bergensavisen*. Henta frå:
<https://www.ba.no/fakta-om-flyktningkrisen/x/5-8-241329>

Van der Brug, W., Van Spanje, J. (2009). Immigration, Europe and the ‘new’ cultural dimension. *European Journal of Political Research*, 48: 309–334, henta frå:
https://ejpr.onlinelibrary.wiley.com/doi/pdf/10.1111/j.1475-6765.2009.00841.x?casa_token=5kJ7F6R4jxAAAAA:Hrm42nlwda9UidNWFdTDyM3SZx-WFINseDI43_RyWcqX_nEzP9XH8ByLkCSd2xaKFHRA6jD-BV1kzDo

Vårdal, L. (2017, 10. august). Hva styrer partiene etter? Henta frå:
<https://ndla.no/nb/subjects/subject:3/topic:1:168542/topic:1:173292/resource:1:84623>

White, P. (2017). *Developing Research Questions*. (2 utgåve). Palgrave Macmillan.

9. Vedlegg

9.1. Ordbok

I dette vedlegget ligg ordboka som er utforma og nytta i den kvantitative analysen til oppgåva.

Kategori	Ord
Administrative prosesser	Saksbehandlingstid, grensekontroll, robust, behandling, papirløs, avslag, kontroll, meldeplikt, måleindikator, oppholdstillatelse, obligatorisk, samarbeid, botid, rask, krav, legitimere, midlertidig, overvåke
Familie	Barn, enslig, mindreårig, familie, kvinne, unger, omsorg, oppvekstvilkår
Innvandring	Innvandrere, flyktninger, asylsøkere, flukt, integrere, utenlands, utlending, migrant, migrere, migrasjon, ureturnerbar, returnere, krig, kvote, krise, lukkede
Internasjonalt	Europa, menneskehandel, menneskesmuglere, nærområde, tredjeland, internasjonal, attraktiv, tiltrekke
Islam	Islam, muslim, burka, hijab, turban, heldekkende
Juridisk	Norm, regler, lov, ulovlig, forbud, illegal, juks, uskyldig, rettferdig, uforsvarlig, forsvarlig, grunnløse, urettferdig, urimelig
Konsekvenser	Alvorlig, berikelse, fengsling, ekstremisme, utvikling, kriminalitet, kriminell, gjengkriminalitet, gjengkriminelle, høyreekstrem, høyrepopulist, fremmedfrykt, vold, konsekvens, radikalisering, rasisme, rasister, rasistisk, terror, skadelig, hat, konflikt, tilstand, straff, misbruk, utvisning, innstramning, utnytte, trussel, problem, resultat, restriktiv, polarisering, feilslått, motsetning, frykt, tillit, forakt, fordel, konspirasjonsteori, mistanke, mistenkeliggjøring, oppgang, splittelse, stans, streng, svartmale, særbehandling, særgruppe, særkrav, særrettigheter, tilpasse, utfordring, segregering, ubegrenset
Kunnskap	Kunnskap, utdanning, lære, mulighet, kompetanse, kvalifikasjon, opplæring, fakta, kvalitet, løsning
Mangfold	Livssyn, flerkulturelle, etnisitet, multietnisk, multikulturelle, minoritet, homofil, lesbisk, identitet, kultur, mangfold, plagg, ikke-europeisk, ikke-vestlig, vestlig, språk, generalisere, statsborger
Politiske rettigheter	Antidemokratisk, sikker, demokrati, demonstrasjoner, likestilling, ytring, frihet, udemokratisk, likebehandling, rettighet, rettsprinsipp, rettsikker, trygg

Religion	Tro, tradisjon, religion, religiøs, omskjæring, symbol
Solidaritet	Diskriminere, fattig, fellesskap, inkludering, human, fordom, inhuman, forfulgt, forfølgelse, forpliktelse, holdning, menneskeverd, menneskesyn, moralsk, solidarisk, likeverdig, nød, sult, raus, sårbar, traume, hjelp, forståelse, elendighet, beskyttelse, menneskeretter, livsfare, tvang, undertrykke, overfall, overgrep, levekår, ansvar, ondskapsfull, frivillig, gjestfrihet, mishandling, plikt, prinsipp
Verdi	Verdi
Økonomi	Arbeid, bistand, økonomi, velferd, ytelse, kostbar, koster, kostnad, penger, effektiv, finansiere, folketrygd, inntekt, lønn, kontantstøtte, jobb, skatt, dyrt, stønad, trygd, forskjell, begrense, sosialhjelp, bærekraft, aktivitet, ressurs